

## ÅDEL BLOM

### OVERSYN OVER KVEDARAR

Dette er noe AMW skrev inn for Ådel Blom i 1987-88. Manuskriptet inneholder følgende deler:

1: Alfabetisk oversikt over kvedarar.	s. 2
2: Kvedarar.ABC	s. 89
3: Litteratur	s. 101
4: Oversyn over samlarar	s. 112
5: Oversyn over kvedarar og deira repertoire	s. 114

OVERSYN OVER KVEDARAR -  
MED DIV. TILLEGGSSOPPLYSNINGER

OVERSYN OVER KVEDARAR.

I denne lista er det søkt å få fram visse tradisjonsliner og -samanheng. Lista byggjer på opplysningar i samband med tekst- og melodioppskrifter og på følgjande kjelder:

Alver, Brynjulf: Draumkvedet, Oslo - Bergen - Tromsø 1971.

Bakken, Olav: Kviteseid bygdesoge II. Gardsoga. Eige forlag. Kragerø 1962.

Barnes, Michael: Draumkvæde. An edition and study. Oslo - Bergen - Tromsø 1974.

Berge, Rikard: Bygdedikting fraa Telemarki XX, Porsgrunn 1926.

Berge, Rikard: Vinje og Rauland I - IV, Stavanger 1944/1973.

Berge, Rikard: Norsk sogukunst, Oslo 1924/1976.

Blom, Ådel Gjøstein: Norske mellomalderballadar I - Legendeviser, Oslo - Bergen - Tromsø 1982.

Flatin, Tov: Seljord I - II, Oslo 1942 og 1945.

Hodne, Bjarne: Hæge Årmote: En biografisk skisse med prinsipielle konsekvenser. Tradisjon og samfunn. Festskrift til Olav Bø, Norveg 21, Oslo - Bergen - Tromsø 1978, s.153-64.

Hodne, Bjarne: Eventyret og tradisjonsbærerne. Eventyrfortellere i en Telemarksbygd, Oslo - Bergen - Tromsø 1979.

Hodne, Ørnulf: Jørgen Moe og folkeeventyrene. En studie i nasjonalromantisk folkloristikk, Oslo - Bergen - Tromsø 1979.

Johnsen, Birgit Hertzberg: Norske kjempeviser. En kildekritisk gjennomgåelse av kontekstuelle opplysninger i et arkivmateriale. Sumlen 1982.

Jonsson, Bengt R.: Bendik Ånundsson Sveigdalen. En märklig balladsångare i Övre Telemark. Provtryck med anledning av professor Bengt R. Jonssons 50-årsdag 19. mars 1980. N.O. Mauritzsons boktryckeri AB, Stockholm framställt detta provtryck ur manuskriptet till hans kommande arbete Balladsångare i Övre Telemark vid 1800-talets mitt.

Liestøl, Knut: Sophus Bugge, Folkevisor, Kvedarar. Manuscript NFS.

Loupedalen, Torjus: Kviteseid bygdesoge I. Ettesoga. Eige forlag,

- Kragerø 1956.
- Lystrup, Geir: *Britas visur*, Oslo 1976.
- Norsk biografisk leksikon, Kristiania/Oslo 1923-33.
- Norsk Folkekultur, Risør/Skien 1915-35, red. Rikard Berge.
- Norsk Årbok, Bergen 1920-39. Utg. av Torleiv Hannaas.
- Richmond, Edson W.: *Like Mother, Like Daughter: I am a Camera*.  
 Tradisjon og samfunn. Festskrift til Olav Bø, Norveg 21,  
 Oslo - Bergen - Tromsø 1978 s.141-54.
- Rygh, Oluf R.: *Norske Gaardnavne*, bd.7: Bratsberg Amt, Kristiania  
 1914, bd.8: Nedenes Amt, Kristiania 1905.
- Røynstrand, Åse: Ludvig Mathias Lindeman. Samlarferd 1851, Norsk  
 Musikk samling, Universitetsbiblioteket i Oslo 1980.
- Røynstrand, Åse: Ludvig Mathias Lindeman. Samlarferd 1860 og  
 1861, Norsk Musikk samling, Universitetsbiblioteket i Oslo  
 1984.
- Sandvik, Ole Mørk: *Setesdalsmelodier*, Oslo 1952.
- Skar, Johannes: *Gamalt or Sætesdal I-III*, Oslo 1903-16/1963.
- Swang, Anne: *Tankar kring visa om Margjit og Targjei Risvollo*.  
 Tradisjon og samfunn. Festskrift til Olav Bø, Norveg 21,  
 Oslo - Bergen - Tromsø 1978 s.167-82.
- Tradisjonsinnsamling på 1800-talet, Oslo 1964. (NFL 92)
- Årsskrift for historielaget for Telemark og Grenland, 1919.

Opplysningane i lista er ikkje uttømmande, men kan gje grunnlag  
 for vidare forskning.

#### ALFABETISK OVERSIKT OVER KVEDARAR.

- Agdestein, Anders, Stord, Hordaland.
- Allmannskosi, Maren, Seljord, Telemark. Berge: Maren hev kje havt  
 skule berre 3 vikur i si tid. Lærde skrive av ei som var hjå  
 Doktar Krabbe. ( Hans Angel Krabbe (1803-1870) lekjar i Øvre  
 Telemark 1838-1849, Austre Telemark til 1855. R. Berge:  
 Tormod Borgegjorde og visune hans. Kra. 1907 s.74.). Maren  
 er dotter til Johan Klomset, han var timbremann, snikkar,  
 litt av ein sylvsmed. G.m. Ånund Eilivson. 87 år i 1919.

Var no stokk dauv, so all samrøde frå mi (R.B.) side var skriftleg. Hev kunna ymse folkevisur, men gløymt mykje no. Allmannskosi høyrdé til Nordgardane, gnr 41, Seljord. Johans Almankos dikta ei vise um eit slagsmål millom Hallvard Groven og Johans Klomset. Slagsmåle stod paa Nordgarden. NFS CCLXXXIV, 39 og 52 - CCCXXXI, 9. Flatin: Seljord II s. 312-13.

Andersen, Halvor, Sauherad, Telemark. Ø.Hodne: Han var trolig husmann, enkemann og fattiglem; f.1786 i Hjartdal, d.9/12-1876 på plassen Dalen under Niristu, "tjenende paa Kongsborg". Jørgen Moe og folkeeventyrene, s.77 og 153.  
Røynstrand: Halvor Andersen i Saude (informant for Lindeman i 1851). Ein Halvor er f. 1/4-1819, son til Husmann u. Norendal i Nes, Anders Persen og Marit Eriksdotter. Halvor gifter seg m. Birgit Andersdotter. I 1865 er Halvor Andersen Tungen 46 år, kona Birgit 36, og dei har Anders 7, Kari 13, Gunhild 9 og Svanaug 2 år. Halvor Andersen dør i 1873, 53 år gammal. Samlarferd 1851, s.68.

Askedalen, Aslaug, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Berge: Ho var fødd paa Revskil under Kraakenes; faren Torgeir. Brødrane hennar var Lars og Mikkel, drog til Amerika. Mikkel kom att og døydde her. Torgeir var au bror, like eins ei syster, Guro Lauvoddan. Aslaug vart gift med Torgeir Eivindsson Fossøyi, og dei stedde fyrr dei gifte seg; dei vigde um hausten, tente ut aare til vaaren og flutte so til Askedalen. Budde der all sin dag og stod seg godt. Maten stod paa bordet jamt i Askedalen, og kven som kom der, kyrkjefolk eller andre, so skulde dei hava mat. Aslaug døydde for ei 38 aar sidan(1913). Dei hadde berre ei gjente, het Liv (mor til forteljaren Eivind Sandviki, Vraadal), og som gift gjente budde ho paa Straumen under Nordbø. Liv døydde daa Eivind var 12 aar. Eivind er no (1913) 63 aar. Um Liv kunde visur, veit han kje, men ho hadde visebøkar. Aslaug Askedalen de va' so koseleg eit menneskjen, so bra eit menneskjen, de. Ho var av desse eldgamle vraadølane. Hadde berre ei dotter, Liv. Lars Sinnes fylgde Bugge nord til henne. Torgeir Askedalen, mannen, var bror til Eivind Spokkeli, trur ho (Else Sinnes, 82 år i 1916). De va' so utmerkt koselege aa snille folk. Aslaug budde og døydde paa Askedalen under

Sinnes gnr 12. NFS CCLX,62 - CCLXXXI,8 - CCCXLVIII,8.

Liestøl: "midt på Vråvasstrondi på nordsida". I 1857 har Bugge oppskrifter etter Aslaug Askedalen og Sigrid og Targjei Kosi, alle frå Vrådal. Variantane liknar einannan. Legendeviser s.60-61, 102-103. Bugge: lært Verset af En, der var fra Skafsa eller Mo. NFS IV,188.

Audversækre, Eiliv Olsen, Mo, Telemark. Berge: f.16/6-1825, d.

1902. Kjetil Kvåle: d.1906. NFS CXIII,21 - CCXVI,3 og 38.

Audversækre, Eivind Talleivsson, Høydalsmo, Lårdal, Telemark.

Kjetil Kvåle: Han er fødd paa Aasen, ein liten attlagd plass under Vestigard - Heggtveit i Laardal, 1/9-1835. Foreldri var fraa Smørkleppgrend i Høydalsmo, og der høyrer ætti heime so langt attende eg har greide paa. Far hans var Talleiv Olavsson og mori Gro Olavsdotter. Han reknar seg i slekt med Talleiv Maalar, g.1751 m. Anne Larsdotter Midtbø. Dei budde paa Espetveit. Det er same Talleivnamnet, segjer han. I 1857 vart han gift med Ingebjørg Olavsdotter Auversækre. Dei brukta ymse gardar i Eidsborg til 1885 daa han kaupte Auversækre (Nordstog) gnr 51 av verbror sin. Skulegonga for Eivind var skral. "Aa læra skrive va' 'kje rø'ans om. De va' daa eg kom te Mi'bø tende, eg lærde skrive". Men allting kunde han og allting kom han av med: hogge eit laft, lagge ei bytte. Han kund hola ei fyle og skjera fuglar og dyr til leikor for borni. Han kunde og aarlata og hjelpe til i fjøset naar det var vanskar med bærslis. Den gamle folkediktingi saug han inn med morsmjølki. Det var mange visekvedarar i Telemark for hundra aar sidan. Kvar grenad hadde baade ein og fleire. Vers og smaastubbar kunde alle, men berre dei som hadde givnaden og livde med i hendingane som dei gamle kvædi fortalte um, hadde eigna til seg det heile. Baade Talleiv og Gro, foreldri hans, kunde mange gamle kvæde. Serleg faren var ein uvanleg flink visekvedar. Eivind har kvede baade for Bugge og Ivar Mortensson, for Catharinus Elling, Rikard Berge og fl. Eivind hadde likso lett for aa lære vers og tonar som den fødde spelemannen har for aa lære slaattar. Eg veit ikkje nokon som livde meir med i det han song enn Eivind - det var no dette gjekk fyre seg. Han hadde eit sers fint mæle, og daa han var paa sitt beste var røysti so sterk at han høyrdest langan leid. Dei gamle visekvedar-

ane og eventyrforteljarane blei ofte noko for seg sjølve: drøymarar og halvrare bygdeoriginalar. Ikkje so med Eivind. Han var alltid og er, trass i sine hundre aar (1935), ein mann som liver røynleg: Du maa som Rikar Aar'us "rita rame runer" naar korkje styrke eller vit strekk til. Han syng gjerne enno eit kvad for deg. Norsk Folkekultur 1935 s.29-35. Berge: Eivind Audversækre var karvoren i yngre dagar, og naar han vart full, var han glad i aa kveda aa kytic. Han hev truleg "Dei two systar" fraa foreldri sine som baade two kunde uvanleg mange folkevisor. "Liti Kjersti" har han etter Tone Marteinsdotter. "Galit lækjer far sin" etter Torbjørg Gotland. NFS CCCXXIII,59 - CLXIV,19 - CCXLVI,23 og 44 - CCVIII,3. Jfr. Gro og Talleiv Dalastøyl, Olav Lofthus, Tone Marteinsdotter og Torbjørg Gotland.

Audversækre, Åni, Eidsborg, Lårdal, Telemark. Bugge: Åni Auvers-ekri i Smørkleppgrend (3 Fjerding fra Eidsborg Kirke) kan Visen om Heming Unge og Harald Kongen, men han har lært den af en Bog. NFS e,38.

Aukrust, Olav, Lom, Gudbrandsdalen, Oppland.

Austad, Olav Eivindsson, Bygland, Setesdal, Aust-Agder, f.1842, d.1929, frå ein plass under Nordgarden Austad, gnr 13 og 14. Han var son til Eivind Hallvorsson. Både på mors- og farssida var det sogemenn av dei beste. Skar: Gamalt or Sætesdal I s.15 og II s.187.

Austegard, Grundi Knutsson, Åseral, Vest-Agder.

Austegard, Gyro Knutsdatter, Åseral, Vest-Agder.

Austegarden, Kari, Lognevassdalen, Åseral, Vest-Agder.

Austnaa, Aslak Jørnsson, Kviteseid, Telemark.

Austnaa, Jørn, Kviteseid, Telemark. Far til Aslak Jørnsson

Austnaa. Berge: Jørn Austnaa høyarde Draumkv. av ein gamal lensmann i Seljord, Hallvard Lid, som var lensm. på den tid Sterke-Nils vart ihelslegin. Han var uløyseleg til å kunna, og song heile Dr. med Jørn var litin. (H. var morbror til J.). "Han va på Østnå mæ eg va' liten", sa J. "So kva 'n om kvellen, heile Dr. - å eg sovna å vakna att mange vendur, so langt va' de." "De va' vel onde røun' di kåm ti å kvea, tenkjer eg. I lag va' de nå sædvanleg di heldt på kvea." NFS LXVI,18-19.

Auversdotter, Tone, Fyresdal, Telemark.

Bakken, Ragnhild Knutsdotter, Gransherad, Telemark. Røynstrand:

Ragnhild var frå Tinn, dotter til Knut Sigurdsson og Barbro Jermundsdotter, døypt i Mæl kyrkje i 1804, kalla Urdalen ved konfirmasjonen i 1821 og då ho i 1828 gifte seg i Hovin kyrkje med Hans Kittilson Bjørnåsen. Han var i 1860 sundmann og budde på Sandbakken i Gransherad. Kyrkja ligg på sudsida og Sandbakken på nordsida av Tinnelva. Ragnhild Knutsdotter og Hans Kittilsson Sandbakken for med born til Amerika i 1861. Ragnhild døydde ca. 1876. Ella Ellefson Gilberts, Sand Creek, Wisconsin, har skrive "As we remember" 1957, om reis og hendingar i Norge og USA for familien. Samlarferd 1860 og 1861, s.76.

Bandaksli, Sigri, Skafså, Mo, Telemark. Berge: Sigrid Bandagslid maatte vera kjeringi til Eirik, og han d. for ei 50 aar sidan (1913) og ho fyri. Baae d. der. Dei brukar der.

Bandagslid var daa bytt i 2, Gastgjevarlidi og Eirikslidi. Dei hadde ein son og han kom til Vraadal. De er Eirik som hev fengi de orde: "Slaa i nabben aa lat dei stande, sa Eirik naar de vart for lite fór". NFS CCCIII,33 og 37.

Basgård, Grete, Kvinesdal, Vest-Agder. Mor til Ole Basgård.

Basgård, Ole, Kvinesdal, Vest-Agder. Son av Grete Basgård.

Baugerud, Olav, Åmotsdal, Seljord, Telemark. Flatin: Skulemeistar frå 1849-1861. Seljord I s.232. Jfr. Else Dale.

Beiteli, Kari, Kviteseid, Telemark. Berge: Kari Beiteli fortalte, at godsonen hennes, Eivind, gjekk forbi Brunkeberg kyrkje, det var den sumaren han gjekk for presten, han høyarde det song inni kyrkja, han kravla upp paa kyrkjegardsmuren for aa faa sjaa gjennom glase. Kyrkja var full av folk og dei song salma no 632 i "Tillæg til evangelisk-christelig Psalmebog": "Frygt, mit Barn, den sande Gud". Han stod paa muren til salma var sungi til endes, og daa vart folki burte allesaman. Kyrkja var tom som den ha vore. Utpaa vetren døydde Eivind. NFS DCI,5.

Bergane, Guro, Skafså, Mo, Telemark.

Berge, Andreas, Seljord, Telemark.

Berge, Richard Aslaksson (1815-1902), Rauland, Telemark. Far til Sigrid Berge og bestefar til Rikard Berge (samlaren, 1881-1969). Berge, gnr 2 og 38.

Berge, Sigrid Richardsdotter, Rauland, Telemark. Dotter av Richard A. Berge og mor til Rikard Berge.

Flatin: Seljord I, s.426-27.

Berge, Øli, Telemark.

Bergestig, Kjersti, Bø, Telemark. Berge: Dotter til Dorte Olsdotter Tømraasen og Nils Dalen fra Gjerstad. Olav Sveinungsson Dalen, godfar til Kjersti Bergestig, han saang haar' 'n gjekk og sto og kunde mange visur, d. paa sin fødestad Dalen for ei 40 aar sidan (1914). Mor til Kjersti kunde "Den vonde stjukmori". Høyrd "Terna hjaa havfrua" av broren Olav. NFS CCLXI,56-57, 64 og 67 - CCCIII,37-39. Jfr. Dorte Tømraasen og Olav Dalen.

Bergland, Asgjær, Skafså, Mo, Telemark. Bugge: eller Kosi. NFS VIII b,213. Jonsson: far av Asgjær var Kjetil Ledvorsson på Bergland nedre (gnr. 63). Anne Katrine Friis, kona til Bendik Felland, hadde teneste der. Særprent. Berge: Talleiv Bergland i Skavsa gjorde seg vengjir og vilde fjuka av lofte. Han bles upp eit par hitar til hava under hendane-- kasta seg ned derifrå og var unyt i lang tid. Asgjerd Bergland hev vori kjering av Talleiv. NFS CCCIII,37-39. Asgjær og systrene Torbjørg Haugen og Signe Napper, alle fra Skavsa, er dei einaste av balladekvedarane som har kjent visa "Eldprøva". Legendeviser s.106-107. Jfr. også Bendik Sveigdalen.

Bergland, Hæge, Kleivegrend, Fyresdal, Telemark. Jfr. Tarjei Bergland.

Bergland, Tarjei Torgjusson, Kleivegrend, Fyresdal, Telemark.

Berge: Tarjei gjette mange aar ihop mæ Hæge Berglann, far hass konne kjempevisur. NFS CCLIII,15.

Bergo, Ragnhild, Øvre Eksingedal, Evanger, Hordaland.

Bilstad, Torbjørg, Skafså, Mo, Telemark.

Birkjeland, Bjønn Åsmundsson, Valle, Setesdal, Aust-Agder.

Bjøndøl, Olav, Seljord, Telemark. Flatin: Svein Olavson fekk feste på plassen i 1823 for seg og kona. Hadde desse bonni: Bergit, Kjersti, Anne, Olav, Gunhild, Kjetil. Seljord II, s. 90.

Bjønnemyr, Hæge, Mo, Telemark. Dotter til Jorunn Bjønnemyr.

M. Moe: Hæge Bjønnemyr 53-54 år (1890-91) i Undedalsli (Undedal gnr 41) hos Talleiv Gravli (Gravli gnr 42), kunde

ikke synge, men fremsagde sine viser som hun havde lært som barn af moderen. Hæge Bjønnemyr efter Olav Søningg, som var gift med morsyster til Hæge. Hæge Bjønnemyr efter den ældgamle Tone Vistadbakkjen, mor af Kari Vistadbakkjen som nu i 1891 er ca. 85 år. Hæge Bjønnemyr efter Targjei Moen, far til Anne Moen. NFS 25,42-44 og 294 - 26,13 - 27,5. Jfr. Jorunn Bjønnemyr, Olav Syning, Tone Vistadbakken, Targjei Mogjen, Trond Moen (Rallemoen) og Anne Torgjusdotter Moen, mogleg dotter til Targjei Mogjen.

Bjønnemyr, Jorunn, Mo, Telemark. Mor til Hæge Bjønnemyr. Berge: "De va' ei klyftige kjering". Mannen, Vetle, var sylvsmed, gjorde knappar o.l. Middels god. 2 sørnir reiste i aai ihop med ein annan, dei vilde løyse ein vase ned for Undedal i Bjønnemyrhulen. Dei fann deim kje att fyrr paa Dalen. Jorunn døydde fyrr Vetle. Sophus Bugge heldt seg paa Aasland og var 3 dagar upp-i Mo til Jorund Bjørnemyr. "Fekk du tøm' 'a i dag" sa Aaslanden. "Nei, jeg maa op igjen i morgen". So kom han att andre kvelden. "Æ 'o tom'e no", sa Olav Aasland. "Nei, endnu har jeg ikke tømt hende. Det er den bedste jeg har truffet", sa 'n. Han var der 3 dagar fyrr han tømte henne. Han heldt seg jamnast paa Aasland naar han samla, for der var so uppstelt daa, og godt stell. So gjorde hine samlarane au. Sonen til presten sa naar mor hans og Sophus Bugge var dit (til Jorunn Bjønnemyr): "Bugge sat og skrev hele natten, og mor laa i ovnsbænken ogsov". NFS CCCLIX,210 - CCCIII,39 - DCXXVI,42. Liestøl: Jorunn Bjønnemyr var 2 år saman med Hæge Årmote. Bugge: d.1867. Lært av Anne Bruhær. NFS VI,1 og 28. Syster av Jorunn var gift med Olav Syning. NFS M.Moe 27,5. Jfr. Hæge Bjønnemyr, Hæge Syning, Olav Syning, Olav Bjørnemyr, Knut Hermodsson, Ingebjørg Troddedalen, Hæge Årmote, Birgit Flees og Tone Vistadbakken.

Bjønneskytte, Såve Ånundsen, Eidsborg, Lårdal, Telemark.

Bjønnesta, Hege, Fyresdal, Telemark. Moster til Olav Bjørnemyr.

Bjønnfell, Margjit, Bø, Telemark. B.Hodne: "Margit Tallefsdatter var født i 1835 i Nes sokn, Sauherad. Hun hadde to sønner med sin mann, Anders Olsen, født 1800 i Bø. Margit Tallefsdatter var 45 år da M. Moe skrev opp etter henne, gift med en selveier og født utenfor Bø herred". Eventyret og tradisjonsbærerne s.30.

Bjørndalen, Sissel, Kviteseid/Seljord, Telemark.

Bjørnemyr, Olav Olsson, Mo, Telemark. Berge: 66 år i 1913.

Systerson til Hæge Bjønnesta. NFS CCXLVI, 61. Jfr. Knut Hermodsson, Jorunn og Hæge Bjønnemyr, Birgit Flees og Hæge Bjønnesta.

Bjaaen, Hallvor Gunnarson, Vinje, Telemark - og Bykle, Setesdal, Aust-Agder, f.1774 - d.1867. Skar: Hallvor Gunnarson Bjåi er fødd i Bekkjus i Smørkleppgrend i Vinje. Åtti var innflutt. Hallvor gifte seg då han var 30 år gammal, på ei leid. Kona het Gyrid. Han heldt seg i Smørklepp endå i tjuge år og brukte i Olavstog. Men i 1822 leide han Bjåi av Knut Breivi, (Breivi gnr 1, Bjaaen 1,3.). Bjåi ligg so berrsynt med Breidvatn, midt i ville heiane millom Bykle og Grunge-dal. Livemåten hadde dei av buskapen. Hallvor var vel av manne, han hadde fjortan kyr på båsen. Han hadde fire born, Targeir, Olav, Gunnar og Ragnhild. Gift andre gongen med Gunnhild Midbø fraa Byrte i Mo. Han vart 93 år gammal. Hallvor kvad helst det som var munnlært. Gamalt or Sætesdal I s.123-39 (utdrag). Ø. Vesaas: Det noverande Bjaae er av noko ny dato, det hev komi fraa Breivi. Va ei tid plass onde Breivi. Det er so heilt naturleg at sambandet hev vori mest med Vinje her i fjøllgardane. Vinjeheiane er ende i kring. Og ein vanleg god skilaupar kan reise fraa Bjaai om morgonen og koma til Haukelid til dogurs. Om det var berre ned til Kyrkjebygdi i Bykle so va det mykje lenger. Til Valle var forskrekkeleg langt, og Byklestigjen mest uframkomeleg. Folki paa Bjaai er ætta fraa Fæddand i Mo og fraa Haukeli. Gamle Hadvor Bjaai var fraa Smerklep i Vinje. So hev det og for det meste vori med folki paa Breivi (jfr. Tjodvor Breivi). Dei hev havt mest skyldskap med Haukeli og Vinje; likeeins med Hovden. Svein Tveiten (Hovden) trega paa at han hadde fortalt Skar so mykje um Hadvaar Bjaai. Det var liksom han totte Hadvaar blei halvest til spetakel. Og Hadvaar va so bra ein mann. Det hev forondra meg naar eg hev lese Skars forteljingar om Hadvaar Bjaae, som er fortalte av ein Vinbyggje om ein Vinbyggje, at han sett om altsaman te sæbyggemaal. Svein Tveiten (Hovden) brukte alli ana Vinjemaal baade i rør og i visur. Det var også greidt aa skyna at visune var Telemarks visur. Svein fortalte sjølv

at han ha visune fraa Hadvaar Bjaae, og Hadvaar livde heilt i den gamle vise- og sogutid som der endaa var i Haukeli og Grungedal og Smerklep. Svein fortaalde at han konna minnas fraa 'n va ein liten gut naar Knut Eddand aa Hadvaar Bjaae va i hop og fortaalde gamalt og kvad. "Eg fekk vera med 'n Hadvaar Bjaae hor 'n for", sa Svein. Ronar-visa (Vilemann og Magnill), Dei two systarne, Sigri-rosa, Onge Svegder, Store Bror og Lille Bror, desse kva Hadvaar Bjaae, men han konna mange andre. Hallvor Bjaae ha so dubrande tong ei røst. "Eg va' liti større hell du", sa Hallvor til Svein. "Daa var de ein som tok meg uppaa fange sitt, vilde hava meg til kveda. Og eg kvad. "Du bli den fælaste kvedare her hev vori", sa 'n denne vinbyggjen". Daa hadde H. Bj. nyleg vori austyvi og seti i jolelag med 'n gamle Knut Suigard Eddand. NFS Berge DCXXII,31-39 - DCXXIII,42 - CCXCII,19. Berge: Vinje og Rauland I s.257, III s.607-609 og IV s.401. Skar: Gamalt or Sætesdal I s.123ff. og III s.335. Jfr. Svein Tveiten, Knut Edland, Odd Edland, Hallvard Gugarden, Margit Groven og Margjit Tveiten.

Bjaane, Saave, Bykle, Setesdal, Aust-Agder.

Blekastad, Hallvor Ivarsson, Skjåk, Oppland.

Borgjæ, Margret, Moland, Fyresdal, Telemark. Berge: Farsyster til Talleiv Rudi. Margrete var fraa Rui i Borggrend. NFS CCXLVIII,55. Jfr. Talleiv Rudi. (Rui gnr 5 og 7 - 25,11 - 66,1. Underbruk.)

Bratland, Brita, Vinje, Telemark. F.1910, d.1975. Lystrup: Brita Bratland var yngst i syskenflokken, og det blei gamle ome (bestemor) som stelte mest med vesle Brita. Når gome var den gamle storkvedaren Margjit Tveiten, kan ein skjøne at Brita blei flaska opp med folketonar. Størsteparten av vise-skatten sin lærte Brita før gome døydde, men mykje fekk ho seinare frå eldste syster si, Margit Gunvaldjord, Gunvaldjord gnr 92. Britas visur, innleiing. Berge: Brita Bratland var sonedotter til Margit Tveiten. Jfr. Margjit Tveiten.

Brattedalen, Margit, Mo, Telemark. Dotter av Sigri Brattedalen.

Brattedalen, Sigri, Fyresdal, Telemark. Berge: Mor til Margit Brattedalen. Var komi fraa Numedal aare fyrr 'o gjekk las. Ho var g.m. Olav Brattedalen. NFS CCXLVII,75.

Bratterud, Dårdi, Bø, Telemark. B.Hodne: Dårdi Einarsdatter, datter av Liv Nirisdatter (Bratterud), ble født i Bø i 1856, og bosatt på Bratterud. Hun var 24 år gammel og ugift da M. Moe skrev opp etter henne. I folketellingen av 1875 er hun oppført som dagarbeider. Eventyret og tradisjonsbærerne s. 33. M.Moe: Dårdi Bratterud (Livs datter) havde hørt mange viser, dels fra Eidsborg, hvor hun havde tjent, og dels fra Selljord (hun tjener nu hos Jørund Telnes). Fra Selljord havde hun hørt en vise af en Ragnhild om "Dei to systar", da Ross's opskrift af denne (etter Ragnhild (Hurrum/Mogan) Flathus) blev oplæst, kjendte hun visen igjen. Hun mindtes et vers, som hun trode skulde høre til visen om Olav i Strandebry, hvilken hun havde hørt sunget af gamle Gro Mjaugedal i Eidsborg. Dette vers hører imidlertid vistnok til den ovenfor nævnte om Di to systar. NFS 17-19,5-6. Jfr. Gro Mjaugedalen, Ragnhild Hurrum (Flathus/Mogan) og Ingebjørg Telnes.

Bratterud, Lars, Eidsborg, Lårdal, Telemark.

Bratterud, Liv, Bø, Telemark. B.Hodne: Føderådsenken Liv Nils-datter (andre steder skrevet Nirisdatter), født på Tveiten, døde 11/5-1903 på Slemmeli, gnr 13,1. Berge: Liv Bratterud var rik, fekk Tveiten. Einar Slaattedalen fekk ho, fæl ture-basse. Kaupte 800 pottur brennevin med ein gong og drakk upp. Han skaut etter svogerens sin og kom for det paa tukt-huse. So stal han etter han kom ut att, og so skaatte han paa huse ein gong til. So var han so blidtalande og velverd, og daa han kom og møtte arrestforvararen, sa'n "Eg æ liksom dei som ikkje skjems fe aa komma igjen dær eg har vore før", sa'n. "Syns du hær æ saa godt aa væra," sa arrestforv. aa slo te haanni hannoms. - So sende dei 'n til Amerika daa og der døydde han. Liv sat heime i plassen B. og hadde de smaatt. De va **spranten** gjente mæ o va ong. Men dæ gjeng mest gale mæ slike. Ho var av Eikjarudane, aatte Tveiten. NFS CCCLXXXIII,41. Berge: Liv Bratterud hadde ei gamal bok mæ visur o stev i som hette Bording. Dær hadde ho lært. NFS CCLXII,11. B.Hodne: Tradisjonens skildring av Liv Bratteruds tragiske ekteskap er verifisert i Bø-soga. Det er noe uklart når Liv ble født. Da hun døde, ble hun oppført i kirkeboka som født i 1824. Andre kilder setter fødselsåret

til 1826. Den 19.8.1849 giftet hun seg 23 år gammel med 26-åringen Einar Torgjusen, som var født på Utbrandten. I folketellingen av 1875 er Liv oppført med samme fødselsår (1826). Hun er født i Bø, husmannskone (mannen reiste til Amerika) og fattigunderstøttet. Hun er i denne folketellingen ført opp med tre døtre, som alle bodde sammen med moren, Dårdi, Anne og Liv. Da M. Moe skrev opp etter Liv Bratterud første gang, var hun 54 år. Eventyret og tradisjonsbærerne s.24 og 33-34.

Brauti, Margret Gunnarsdotter, Vrådal, Kviteseid, Telemark.

Bugge: født i Bandaksli. NFS a,3. Jonsson: dotter til Gunnar Targjeisson og Ingebjørg Nerisdotter, husmannsfolk med jord på plassen Lien (Bandaksli) under Lauvik nordre (gnr 69) i Skafsa. 23/9-1823 fødte "Pige Margrethe Gundersdtr. Lien" eit barn, "Margrethe, uægte Barn", "udlagt som Barnets Fader Manden Bendik Aanundsen Majorlien". (Bendik Aanundsen Sveigdalen) Særprent. Berge: 1. Gunnar, husmannssonen fekk gardmannsdotteri til garden han sat husmann under. De var ein gard midt i Laardals-bygdi. Sidan flutte dei til Gunnarslid og der døydde dei. Stor plass, sat med 3 naut og kvige og smaakrætur. Kjeringi het Ingebjørg. Gunnar var gift 3 vendur. Hadde 4 gjentur med fyrste giftane, og eit barn med andre, ein gut med tredje. 2. Margrete Brauti var av fyrste lege. Ho lærde mest visur av foreldri sine. Budde paa plassen Brauti i Vraadal. Ho var gift med Olav Hægeland. Torbjørg Heia (dottera) som fortel dette. De hev vori nokre til henne og skrivi upp au. Margret Brauti hadde de so smaat. Paa Dale bryggja dei 1 1/2 tunne til likferds, og ho fekk drave og koka graut av. Maatte au negja seg med barkebraud. Mannen Olav var ute i ufreden. NFS CCCXIV,34. Jfr. Torbjørg Heidi og Bendik Sveigdalen.

Brauti, Olav Geirmundsson (Hægland), Vrådal, Kviteseid, Telemark. Far til Torbjørg Heidi. G.m. Margret Brauti.

Bregjilskos, Torbjørg, Skafsa, Mo, Telemark. Berge: Torbjørg Bregjilskos budde paa Bregjilskos, plass under Bergland gnr 63 i Skavsa. De var smaat med deim. Mannen het Aanund, dotteri Birgit; ei onnor Birgit kom til Laardal, fekk lausbarn. NFS CCCXXV,21 og 64 (33).

Breivi, Tjodvor, Bykle, Setesdal, Aust-Agder. Berge: Tjodvor

Breivi var dotter til Torgeir Breivi. (Breivi gnr 1). Mori Margit var fraa Flothyl. Torgeir var fraa Byrte i Mo. Tjodvor g.m. Knut Utabjaa, d. der barnlaus, truleg i 70-aari. Ho hadde so fint eit maal og kunde mykje. Um borni aat Torgeir Breivi og Margit seier Torgeir Hovden dei var 3 systkin: Kjetil, Tarbjørg og Tjodvor. Tarbjørg mor aat Targeir var eldst, fødd i 1822. NFS CCXCII,17 - DLXXII,25-26. Breivi er eldgamal gard. Det ser ut te aa hava vori folk buande der mest jamt. DCXXII,31-32. Berge: Vinje og Rauland III s.607-09. Jfr. Svein Tveiten.

Brennemo, Halvor, Seljord, Telemark. Brennemo, plass u. Telnes. Flatin: Seljord II s.106.

Bringa, Jørn, Seljord, Telemark. Berge: Jørn Guttormsson Bringa budde paa Firingane (plass u. Telnes), var so fæl til syngje alle slags gamle visur. Ho (Ingebjørg Telnes) minnest haanom fraa ho var liti, at han kvad so mange gamle visur, soleis den: Kjære syster hjelp i land (Dei two systar). Jørn d. paa Firingane. NFS CCLX,151. Flatin: Seljord II s.107. Jfr. Ingebjørg Telnes.

Brotten, Gunnhild, Seljord, Telemark. Flatin: Gunnhild var dotter av Svein Jørenson Åsheim g.m. Guro, d.1848, 54 år gamal. Gunnhild g.m. Karl Johan Brangstrup. Han tek over Brotten, u. Åsheim, gnr 47, 49 og 50. Seljord II s.403. Jfr. Karl Brotten.

Brotten, Karl, Seljord, Telemark. Flatin: Son av prokurator Hans Henrich Brangstrup f.ikr. 1760 og Karen Pernille Jochumsdotter f.ikr. 1780, frå plassen Flathus under Midbøen. Karl g.m. Gunnhild Sveinsdotter Brotten og tek over Brotten i 1850. Men det gjekk heilt ut med Karl, og so selde han Brotten i 1870 og for til Amerika. Karl og Gunnhild hadde mange born. Seljord II s.329 og 403. Jfr. Ingebjørg, Tone og Gunnhild Kivle, Åste Haugen og Tarje Åsheim, Ingebjørg Telnes (Jørund Telnes).

Brubakken, Olav, Seljord, Telemark. Berge: Olav Brubakken komin ut-or Øyfjell, var litt av ein sylvsmed og snikkar. Heldt seg hjaa Jens Vefall i mange aar, gifte seg med ei fraa Svarvaren, var au i Nesherad. Han d. visst paa Svarvaren. Var fyrste venda gift med Aase Aasheim og budde daa paa Feten, hadde ein son som het Torstein, hev skori ut ei

skaapkrune med doppelmonogram og aarstal 1850. Brubakken plass u. Tvingelidgardane, gnr 59. NFS CCLX,167 - CCCXXX,30 (16). Flatin: Åse Åsheim var dotter av Jøren Person g.m. Ingebjørg Jensdotter Telnes. Åse g.m. Olav Torsteinsson Brubekken som vart g. 2. m. Helge Nilsdotter Svarvaren. Seljord II s.400.

Bruhær, Anne Knutsdotter, Skafså, Mo, Telemark. Røynstrand: På Skaalen i Mo var i 1801 Sissel Kjostovsdotter 42 år med barnet Anne Knutsdotter 7 år. Anne gifte seg 25 år gammal i 1819 med Tov Asbjørnsson Høymyr f.1788. Dei vart foreldre til jentene dei kalla "Skogebonni" og til "Asbjørn speleg" eller "Slaven". Anne og Tov var viselege folk, men Asbjørn var som eit vilt dyr (Rikard Berge, "Peter Mandt og andre lårdøler" s.77). Asbjørn tok sitt liv på Botsfengslet i Oslo. Anne Bruhær var av dei beste kvedarane Sophus Bugge hadde. Ho døydde i 1869, "77 Aar". Samlarferd 1860 og 1861, s.199. Bugge: i 1869 het hun Anne Bustehaugen i Skafså. NFS II,140. Jfr. Anne og Jon Skålen. Sonen, Asbjørn Slaven, sat i arrest hos lensmann Peter Mandt på Dalen i Eidsborg. Eivind Audversækre såg han som barn. Asbjørn skamslo Jon Skålen og Peter Mandt.

Brække, Anne Nigard, Seljord, Telemark. M.Moe: 53 år i 1891. NFS 30,23. Berge: Anne Nigard, kona til Nils, var forunderleg snild. Berge-borni fekk jamt mat um dei kom der ned. Kona til Nils tok seg alltid dram paa dram naar ho laag i barsylsseng. Det var vel for aa døyve smertune og faa mod. NFS DLXVII,8 - DLXVI,101. Flatin: Seljord II s.85-90.

Brække, Hilleborg, Seljord, Telemark.

Bråten, Margit, Seljord, Telemark.

Byggland, Anne, Høydalsmo, Lårdal, Telemark. Berge: Lært av bestemor si, Turid Kjønstaull, Brunkeberg. NFS CLXIV,26-27.

Byggland, Torgjus, Kviteseid, Telemark. Berge: Syskenborn til Hølgje Nirison Gaange og Guro Øverbø (Gaange), f.ca. 1826, d.1910. Torgjus Byggland gjekk paa Kosa-skulen og var lærar lengi i Morgedal. NFS XCIII,42 og 83 - CCV,47.

Bøle, Hallvor (1840-1919), Tinn, Telemark. Berge: Skulemeister og visekvedar. Tinnsga I s.279.

Bøle, Ingebjørg Østensdotter, Tinn, Telemark. Mor av Hallvor Bøle.

Christie, Gidsken Elisabeth, Hemne, Orkdal, Sør-Trøndelag. Mor til Johan Koren Christie.

Christie, Johan Koren, Kristiansund, Møre og Romsdal. F.1814, d. 1885. Son av Edvard Eiler Cristie og Gidsken Elisabeth Lunde. Lært "Heiemo og nykken" av mora. "Min Moder kjendte Visen fra Hemne og Ørkedalen". NFS M. Moe 66,5.

Crøger, Olea Styr, Heddal/Seljord, Telemark. Røynstrand: Olea Styhr Crøger er f.i 1801. Mor hennar var Helle Margrethe Neumann, andre kona til Johannes Crøger (1753-1830), prest i Heddal Telemark 1794-1825. Her voks Olea opp i ein embetsmannsheim, men frå sine første barneår vart ho kjend med segner, viser og stev som levde mellom bygdefolket. Olea Crøger var huslærar hjå sorenskrivar Florentz i Kviteseid og hjå presten M.B. Landstad. Ho leidde songkor og var lærar på Kosaskulen - lærarskulen som i 1847 flytte frå Brunkeberg til Kyrkjebø i Kviteseid. Systrene Olea (1801-1855), Bodil (1794-1873) og Karen (1804-1886) kjøpte Hegnин under Klomset gnr 39 og 40, utskild frå Klomset gard i Seljord. Dei fekk brote jord og jamna tun, dei dyrka eple og dreiv biavl. Grannar hjelpte og kjenningar såg innom. Olea, "Jomfru Crøger", let kvedarar få rikeleg mat når dei kom til henne, og ho gjekk lange vegar for å hjelpe den ho høyrde var sjuk og lei naud. Så viste bygdefolket henne tillit igjen, fortalte og kvad, dei kjende kor ho heldt av dei gamle folkeviser og bånsullar som erva dest ned - ofte i armodslege stover.

Aldri kom noko prenta bok frå Olea Crøger. Visemanskriptet vart levert til boktrykker Malling, men fekk ein uheldig lagnad og kom bort. M.B. Landstad seier i forordet til Norske Folkeviser 1853 at hans visearbeid var "opfordret og understøttet af en Dame" og at "Musikbilagene skyldes fornemmelig Præstedatteren Olea Crøger - samt Organist Lindemans velvillige Bistand". Det høver godt at L. M. Lindemans samling "1 - 159" tek til med oppskriftene frå Olea Crøger. Ho var vel den første som fekk folketonar frå Telemark på papiret, "Og hvilke melodier! De danner jo selve kjernen i den makeløse samling" (O.M. Sandvik i "L.M. Lindeman og folkemelodien"). Samlarferd 1851 s.49-50. H.G. Heggtveit og Rikard Berge: Olea Crøger, Risør 1918.

Norske folkeminnesamlarar II, l. Flatin: Seljord I s.414-16 og 418.

Dalastøyl, Gro Olavsdotter, Lårdal, Telemark. G.m. Talleiv Dalastøyl og mor til Eivind Audversækre og Olav Lofthus. Kjetil Kvåle: Ho var dotter til Olav Lauvkvaalen, f.1759 d. 1825. Olav Lauvkvaalen var sonen til den flinke børsesmeden Haavard Ormestøyl, som i 1743 vart gift med Gro Olavsdotter. Andre giftet hans var Gunhild Eivindsdotter Strond. Sonen hans, Olav, blei gift med Gunhild Eivindsdotter Ofte, f. 1757 og stedde Lauvkvaalen under Espetveit paa levetid. "Olav va' kjempekare horr 'n for. Han egra seg alli inn paa folk, men blei 'n ørte, ha'n vondt for aa styre seg". Talleiv og Gro hadde fire gutter. Stor Olav og vesle-Olav som kom til paa Brekka i Støyldalen, og Eivind og Lars som kom til paa Aasen. Foreldri flutte straks etter til Dalastøyl ved Tveiten i Høydalsmo, so flutte dei til Dalastøyl i Smørkleppgrendi. Baade Sophus Bugge og Hans Ross var paa Dalastøyl og skreiv upp etter Talleiv og Gro. Norsk Folkekultur 1935 s.29-35 (utdrag). Jfr. Eivind Audversækre, Olav Lofthus og Talleiv Dalastøyl.

Dalastøyl, Talleiv, Lårdal, Telemark. Kjetil Kvåle: Han hadde ord paa seg for aa vera ein handig kar. Uvyrden og hard med seg var han ofte. Norsk folkekultur 1935 s.29-35 (utdrag).

Berge: Talleiv Olsson Dalasyøyl, d.1869, 72 år. NFS CCCIV,30.

Dahle, Isak Gundersson, Nissedal, Telemark.

Dale, Eirik, Seljord, Telemark.

Dale, Else, Åmotsdal, Seljord, Telemark. Berge: d.1921 eller 1922, 76 år. NFS CCCXLIX,48 og 53. Jfr. Guro Fossjord og Olav Baugerud. Lært av Olav Baugerud. Lært "Den vonde stjukmori" til Guro Fossjord.

Dale, Kari St., Seljord, Telemark.

Dale, Knut, Tinn, Telemark. Berge: Godmori song 'n (Haugebonden). R.B.'s tone. Han kann au Landstads tone. Brev dat. 7/3-1913 fra Knut Dahle til Rikard Berge. NFS CCLXXX,8 - CCCV, usikker paginering. Berge: Knut Dale f.1834 d.1921. Han var av spelemannsætt. Han reikna Haavard Gibøen for sin rette skulemeistar i spel. Kapelmeistar Johan Halvorsen skreiv upp

17 av dei beste slaattane hans, og Grieg sette deim ut for piano. Knut Dale komponera au litegrand. Ikkje minst forvitneleg var de at Knut Dale hadde ei soga aa segja til kvar slaatt, og desse sogune fortalte han med meistars kunst. Knut Dale var gardbrukar. Han freista aa tena attaat med fela, og drog jamvel i slutten av 1890-aari til Amerika, heldt konsertar, men noko serleg stort yviskot gav visst ikkje ferdi. Tinn-soga I s.540-43 (utdrag).

Dalen, Gunnhild B., Seljord, Telemark.

Dalen, Hermod Larsson (Sæbersli), Mo, Telemark. Bugge: Hermo Larsson Dalen, tidligere Sæbersli (Sebbersli). Husf. Husm. med Jord. 55 år i 1863. NFS V,255.

Dalen, Hæge Olavsdotter, Øyfjell, Rauland, Telemark.

Dalen, Olav Sveinungsson, Telemark. Jfr. Kjersti Bergestig.

Dalen, Tarald, Lårdal, Telemark.

Djuvi, Targjei, Lårdal, Telemark.

Donstad, Anne Aslaksdtr., Brunkeberg, Kviteseid, Telemark.

Bakken: g.m. Olav Hustveit f.1840 d.1903. Kviteseid bygdesoge II s.286.

Dunderland, Ane Olivia, Dunderlandsdalen, Mo, Nordland.

Dyrland, Talleiv, Seljord, Telemark.

Dyrland, Vetle, Seljord, Telemark.

Dølo, Hæge, Mo, Telemark. Berge: f.1843, 75 år i 1918. NFS CCLXXXIII,72.

Daae, Bergitte, Jølster, Sogn og Fjordane.

Daae, Ida, Sogn og Fjordane.

Dårelaupe, Gunnhild Jørgensdotter/Jørundsdotter, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Liestøl: fødd i Lårdal.

Edland, Knut Olavsson, Grungedal, Vinje, Telemark. Edland gnr 89 og 90. Berge: Ein høyrer ikkje gjeti nokon skreiv upp etter storkvedarane i Grungedal, slike som Knut Olavsson Edland, f.1776, d.1852 og Hallvor Vetleson Gugarden, f.1737, d.1815, som truleg hadde mykje fraa Olav Edland, f.1737, d.1815. Deira tilfang er likevel nedervt og berga gjenom kvedarar som Hallvard Bjaaen, d.1867, han som Svein Tveiten lærde sitt beste av, og Margit Groven, f.1792, d.1878, dotter hans Knut. Etter henne skreiv Sophus Bugge upp visa um "Hermod idde" og "Haugebonden". Same fraasegnlina hadde Margit

Tveiten, dotter til Hallvor Gugarden. Ho hadde visearven fraa Knut Edland og far sin. Ho og Svein Tveiten er dei seinste storkvedarane i Vinje. Vinje og Rauland I s.257.

Ø. Vesaas: De va ein paa Smerklepp som ville hava 'a Margit, dotter hass gamle Knut Suigard Eddand. Og ho ville so gjønni hava'n, men de va so ulikeleg imot med 'n Knut. Han ville at ho sille taka 'n Svein Groven i Haukeli. Men so ein dage Knut va 'te heiар ette høy, kom Smerkleppguten og tok 'a Margit med seg heim te Smerklepp. Daa Knut kom heim av heii aa fekk høyre gjeti, blei 'n so rasande galen. Han støytte i seg noko brennvin, sprette fe hesten atte og legge heim igjenom i sama renn. Daa 'n køyrd utigjenom Grongedal kva'n so de svara i nutane. Heime paa Smerklepp ha' dei havt ei fælske i seg heile dagjen og no høyrd dei som ein om i nutane, aa so ha Knut kommen fram paa bakkane med Bekkjus og kva so de skronde ivi heile Smerklepp. Dei fekk 'a Margit ned i kjeddaren og læste atte dynnane. Men daa va de kje lengi for Knut va i toni og dura aa kva: "Dei banka paa dynni/med glavind aa spjut./ Aa æ du herinne so sko du herut", sa 'n og demæ sette 'n nevane i dynni aa støyrd'a inn. Men daa blei de staak i stoga. Han slo i skorsteinen so leire druste. Men i de sama havde kjeddarlemen seg aa Margit fer upp. "Eg sko fygje deg fai! Eg sko fygje deg fai! Snille vene, berre far fint. Eg sko fygje deg!" Ja Knut avgari atte i sama sjauen og dotteri med. Men han tore kje slepp 'a oto nevane sine daa fyri 'n ha' livera 'a te 'n Svein Groven. So køyrd 'n a likso godt beint te Groven aa livera 'a te 'n Svein, aa der blei 'o. Men dei hermde de ett'a Margit sea at ho trega 'kje paa de at ho kom te Groven. Denne Olav'n va' ein sværmare de, men Svein Groven va ein store kare. Og so minnes eg Knut Eddan naa'n fortaalde om gjesteboi sitt. "De va' so stilt i mitt gjestebo. Engjen tore krangle hell kny, fe me ha' Storegut'e der". Knut Suigard Eddand døydde 83 aar gamal. De va rugge kar'e Knut. Han vog 18 bismarpond. Han va tri alne ompass. "Eg kann kje skjønne horri Storegute va laga, me' fai konn vera so lette fe 'n, sa 'o Margit Groven (etter Svein Tveiten)." Eg hev alli hørt slikt maal paa noko menneskji. Han som konn liggje viopen paa krakkjen aa kveda, aa kveda nettupp like vent naa 'n va' gamal'e. Ja,

de va' ondeleg ti menneskji" (etter Margjit Tveiten). Knut Eddand aatte Sudigard, Nidgard, Storhellir og Trolledal. NFS DCXXII, 38 og 47 - DCXIII, 14 - DCXXIII, 46 - LXI, 84 - DCX, 65. Røynstrand: Samlarferd 1851 s. 99-100. Berge: Vinje og Rauland II s. 394-97, III s. 622-24. Jfr. Hallvor Bjaaen, Margit Groven, Odd Edland, Hallvord Gugarden, Margjit Tveiten, Svein Tveiten og Brita Bratland. (Margit Gunvaldjord).

Edland, Odd, Nigard, Grungedal, Vinje, Telemark. Son til Knut Edland og bror til Margit Groven. Berge: lært "Den vonde stjukmori" etter far sin. NFS CCXCII, 86. Jfr. Svein Tveiten og Knut Edland.

Eiki, Hæge, Fyresdal, Telemark. Dotter til Gunnhild Sundsli.

Eikland, Ingebjørg, Skafsa, Mo, Telemark.

Ekkre, Peder Jonson, Lom, Gudbrandsdal, Oppland.

Espeli, Aaste Rikardsdotter, Eidsborg, Lårdal, Telemark. Berge: f. 1798, d. 1881. Aaste Espeli fortalte at ho drøymde de at den avdøde far hennar kom og tok barne hennar og la de i kista og song eit salmevers. Ho vakna og fyrr ho ropa inn om morgenon var barne dødd. Ho kunde verse (etter Kjersti Lillegaard 1913). NFS CCCIV, 33 - CC, 75. Liestøl: Føderåds-kone, Enke, 67 år, fødd i Lårdal.

Felland, Anne Søistog, Skafså, Mo, Telemark. Felland gnr 35 og 36. M.Moe: Både Torbjør og Anne som er søskerbørn, har lært visen af den samme i sin barndom. Legendeviser var. XIX s.67. Anne Søistog Felland 73 år i 1890. NFS 25,99. Jfr. Torbjørg Ripilen og Margit Felland.

Felland, Bendik, jfr. Sveigdalen, Bendik.

Felland, Margit Austistog, Skafså, Mo, Telemark. Felland gnr 35 og 36. M.Moe: Margit Olavsdotter på støylen Lofthus, om Vinteren Austistog Feddand. NFS 25,83. Berge: Torbjørg Ripilen var farsyster til Margit, Birgit Paalsdotter Ripilen syster av Margit. Lært "Den vonde stjukmori" etter mor hennar Anne Olsdtr. Mannsverk. NFS CLXVII,80 - CLXIX,39 - CCXIX,16 og 23. Legendeviser var. XX s.67. Jfr. Torbjørg Ripilen, Birgit Paalsdtr. Ripilen, Anne Mannsverk og Anne Søistog Felland.

Findreng, Hæge, jfr. Kilan, Hæge.

Finkenhagen, Tomine, Tuddal, Hjartdal, Telemark. Røynstrand: Søren Hassing Finckenhagen er f.i Kvinesdal i 1788, var prest i Hjartdal 1828-1857. G.m. Fredrikke Elisabeth Schnell f.1797. Sonen Alexander er f.juni 1830, mellom fadrane er Pastorinde Landstad i Seljord og Jomfru Tomine Henrikke Gad. Både barnet og mora døyr. Presten blir gift med Tomine Henrikke Gad. Dei får eit barn 15/8-1831 og døypt februar 1832. Mellom fadrane til "Lise" er Petrine Landstad g. Tønnesen, Olea Crøgers ven løytnant Landstad og Frøken Mathilde de Stockfleth, moster til Tomine. "Ved højeste Resolution af Gaars Dato er Sognepræst Finkenhagen til Hjerdal formedelst mislig Embetsførsel suspenderet" (Morgenbladet 26/1-1857). Presten S. H. Finckenhagen døyr på garden sin, Arnestad, Nes på Romerike jan. 1861. Sonen Caspar (1834 -1920) av 2. ekteskap vart g. m. Bergit Olsdotter fra Sauland, og dei har mange etterkomrarar i Telemark. Tomine Henrikke Gad var f. i Drøbak, døypt 29/5-1803. Mor hennar er Fredrikke Louise (1769-1809), "meget musikalsk" dotter til diktaren Thomas Stockfleth, sorenskrivar på Eiker. Student Caspar Gad "bortførde" Louise. Han var lærar i Drøbak, sidan i København og døydde der i 1812 som assistent ved general-

kommissariatet. Tomine hadde framståande morsysken i Norge, men rittmester Hagemann og presten Schreuder er forlovarar når ho "30 Aar", 14/1-1831, i Nes på Romerike held brudlaup med enkemann Søren H. Finckenhagen. Dei reiser til Holm, prestegarden i Hjartdal. Der var klokkar Gisle Knutsson i ferd med å samla opplysningar om prestane i Hjartdal (s.88 i Halvor Nordbø: "Åttesogor frå Telemark"). Det er fru Tomines hand som har skrive segnene som vart til "Gamle Sagn om Hjartdølerne" der Landstad gir æra for samlinga til Finckenhagenfamilien. Det er vel berre fru Tomine og Elise som samlar segner før 1848. Caspar f.1834, Adolfine f.1841 og Charlotte f.1842 er for unge. Adolfine vart g.m. garvar Johan Finstad frå Nes Romerike og Charlotte g.m. agronom Johannes Olsen Saastad frå Rygge. Fru Tomine skulle ha kår på Arnestad, men garden vart i 1864 selt på auksjon, og i 1865 er sonen Caspar og dei to attlevande døtre med familiar busette i Hjartdal. Hjå Charlotte bur pensjonistinne Tomine Finckenhagen. Døtrene flytte frå Hjartdal, og 1/1-1880 dør presteenkja hjå Olsen Saastad på Grelland i Hillestad.

Tomine Henrikke var av fornem ætt, men levde sine barneår i armod i København. Ho miste mor si då ho var seks år, faren då ho var ni, og litt underleg var nok den mannen ho gifte seg med. Det synest som ho har funne glede i den segnskatten ho berga og i visene ho lærde og kvad. Samlarferd 1851 s.80-82 (utdrag).

Fiskhyl, Anne, Seljord, Telemark. Mor av Lars Veslestoul.

Fiskhyl, plass u. Gardvik gnr 17.

Flatastøy, Tone, Vinje, Telemark. Berge: Flatastøy var ein liten plass (under Tveito), og det ser ut til der ikkje budde folk ikr. 1800. Um ætti veit me lite. Vinje og Rauland III s.360.

Flateland, Kari, Vrådal, Kviteseid, Telemark.

Flees, Birgit Persdotter, Mo, Telemark. Røynstrand: Birgit er f. 1812, er dotter til Turi O. Vislie og Peter Olsen frå Tinn. Birgit vart i 1833 g.m. Halvor Gunnarson Dølen. Dei har Knut f. 1834 på Bekkemellom, Gunnar f.1837 på Bjønnemyr i Mo og Kjetil f.1845 på Bjønnemyr (død 1852). I 1865 bur på plassen Roligheden, Felland: Halvor Gundersen 51 år, Birgit Pettersdatter 56 år og Kari 12 år. "Den vise kvinnen" i LMLs

meloditillegg til Sophus Bugges "Gamle norske Folkeviser" 1858 må vera oppskrifta etter Berjit Persdotter. Samlarferd 1851 s.96. Jfr. Jorunn Bjønnemyr, Torbjørg Ripilen, Anne Felland, Margit Felland, Bendik Sveigdalen Felland, Olav Løyning (Profetli), Birgit Paalsdtr. Ripilen og Anne Mannsverk.

Floten, Sigrid, Mo, Telemark. Berge: Sigrid Floten, syster av Hæge Aarmote kunde endaa meir enn Hæge av visur. Sigrid Floten paa Byrte, d. paa Floten 1853. Ho var den beste av alle systkine. "Der va' kje botne der. Ho va' kje naame nære so Hæge." Ho kvad so au Sigrid. Ho var so pukkelryggja, ho gjekk som ein kar naar han slær med stuttorven. Hæge Aarmote var rak, men liti og klen i føtane. Ho hadde berre ein son og han drog til Amerika. NFS CLXVIII,48 - CC,61. Jfr. Hæge Aarmote.

Folleigdalen, Birgit Torgeirsdotter, Vrådal, Kviteseid, Telemark. G.m. Torgeir Folleigdalen. Berge: Birgit Torgeirdtr. Folegdalen, Vraadal, var so fæl til kveda - godmor til Birgit (Holtskil) henta dei til lag aa kveda, so god var ho, d. i Folegdalen, daa var Birgit 14-15 aar gl. (ikring 1839). NFS CIII,90-91. Jfr. Birgit Holtskil, Tarbjønn Kvæven, Gunnvor Folleigdalen, Torgeir Folleigdalen, Targjei og Sigrid Kosi og Tov Kvæven.

Folleigdalen, Gunnvor Targjeisdotter, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Bugge: Gunvor Folleigdalen søster av Targjei Kosi, saa og Tone Kosi. NFS IV,23 og 175. Berge: Torgeir Kosi, Tarbjørn Kvæven og Gunnvor Follegdalen var syskin, fødde i Folleigdalen. Folleigdalen ligg nedmed vatne. Dei var so rangrødde dei folki, de lika dei, men de var kje umenne. NFS CCLXXI,6. Jfr. Torgeir Folleigdalen, Birgit Folleigdalen, Targjei Kosi, Sigrid Kosi, Tarbjønn Kvæven, Tov Kvæven og Birgit Holtskil.

Folleigdalen, Torgeir, Vrådal, Kviteseid, Telemark. G.m. Birgit Folleigdalen. Berge: Far til Gunnvor Folleigdalen, Tarbjønn Kvæven og Targjei Kosi. NFS CCCXIV,26. Jfr. Gunnvor Folleigdalen.

Foss, Olav, Kongsberg.

Fossjord, Guro, Flatdal, Seljord el. Kviteseid, Telemark. Berge: g.m. galne Vern Fossjord, tente i Sundbygdi. Lært "Den

vonde stjukmora" av Else Dale. CCV,20 - CCXLV,153. Fossjord, jfr. Bakken: Kviteseid bygdesoge II s.417.

Frømyr, Ola, Heddal, Telemark.

Frøyrap, Gunnstein Grundeson, Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Røynstrand: Gunnstein Grundesson Frøyrap (f.i 1819 i Tovdal, død 1877 på Frøyrap) var son til Grunde Gunnsteinson Frøyrap (1786-1851) og Birgit Danielsdotter Åhus (1794-1852). Gunnstein gifte seg med Gunvor Eivindsdotter fra Ramse i Tovdal, og dei tok over garden Frøyrap gnr 55 i 1847. Gunnstein kjøpte øvre Søbø Langerak i 1861. Han var ordførar i Bygland 1851-1863. Broren Daniel var ordførar 1866-1869 og broren Olav 1879-1887. Lindeman skreiv på ein papirlapp: "John Olsen Langerak, Gunstein Grundison Søbø (Ordfører) Gunnar Thomasson". Stovehusa til Jon og Gunnstein på Søbø Langerak låg berre 50 m. frå einannan. Samlarferd 1860 og 1861 s.164. Jfr. Jon Longerak og Ole Åhus.

Fyllingen, Halvor Persson, Nordmarka, Akershus.

Fyllingen, Inger Marie Paulsdotter, Nordmarka, Akershus.

Fyllingen, Ole Hellerudshaugen, Nordmarka, Akershus. Fyllingen gnr 67.

Fürst, Aase Kaasi, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark. Berge: g.m. ein jurist utav byane, Først. Aase var fødd paa Roeid-Haugen, faren heitte Johans, mori Ingebjørg. Først budde lengi paa Kosi med Brunkeberg, der døydde visst han. Sida budde Aase i ei stogu nære kyrkja, d. for ein 30 aar sida (1907). Ho hadde 3 gutar som vart sjømennar, so ho var paa kassa. NFS CIII,106.

Gibøen, Steinar Knutsson, Møsstrond, Rauland, Telemark. Berge: f. 7/4-1815, d.1877. Steinar Gibøen var som ein skulemeistar. Han var visst ei tid paa realskulen i Kosi i Kviteseid. Han heldt paa Møsstrond umgangsskule. Etter honom kom Knut Kraamviki, og for honom kunde Steinar vera i staden sumtid. Han fór med preika i 50 - 60 aari. Steinar vart kalla "Slambussen", for han var so slambeleg og dovin og glad i liva godt. Han vilde gjerne gange fiske og pynte garn. Vart unyt av at han i ein dans paa Gibøen spente ned eit tresko-jarn som kom aat knee. Steinar dansa like gale, men det sette seg vondt i, og han vart halt. Han var gla i aa danse.

Der laag bøheringsgjentur til fjølls, og etter han var gamal kunde han endaa taka deim og danse med, "eg tek meg ein dans om d'æ so paa halvaen fot", sa Steinar. Han vanka ymestad, var i Skinnarland, paa Rauland; han var i aarevis heimpaa Strondi. I 70-aari fekk han arv etter Tjodvor Tjønne, daa gifte han seg med Jorunn, dotter til Olav Vermdeviki. Ho var taus daa Steinar tok ho, det var ei kjekk, fin gjente. Ho var daa mykje yngre enn han. Steinar d. i Vermdeviki. Dei var døypte i Aamotsdal alle dei. Gibøen-ætti var etter Tore Knapen, som var komin fraa Froland sokn (upp for Arendal). Han og ein het Magnus Skinnarland (han var fraa Bjerkreim sokn) var løpne av for militærtenesta og løp til fjøllbygden. Tore spela, men betre var sonen Haavard. Haavard Gibøn (den kjende spelemannen) var son til gamle Knut Gibøn og uppfødde paa Gibøn. Knut Luraas lerd'n upp til aa spila. Steinar Gibøn var bror til Haavard, men yngre, jamnaldrane med Rikard A. Berge. Og slik som han kunde kveda, sulle og fortelje stubbar. Han kunde mykje av dessi gamle folkevisur og var difor hjaa Landstad two gonger, og fleire dagar i trekk. Systera, Signe, fekk 'n Olav Haraldsson Smedal or Aamotsdal. Olav var ikkje so lite av ein diktar, og "Smeddal-visune" gjekk paa folkemunne i mannsaldrar. Det vart so smaatt for honom at dei gjekk bad seg, baade han og Signe. Steinar kvad mykje paa visa "Vi samlet er i en fortrolig klynge", "Jeg elsker dig min pige", "Rar er föniks til at finde" (Sjælens Luth), Gjest, Høylands. Desse songane heldt'n paa mæ naar 'n batt garn. Salmur song 'n: "O mennesken betrakte mig", Dass-salmur og bibelske visur. Song au stev. NFS CCLXXXIII, 91 - CCCLXXIX, 86 - IV, 53 og 91. Vinje og Rauland IV s.312-14. Jfr. Knut Teigen.

Gjordet, Gunnulv, Lårdal, Telemark. Berge: d.1928, 81 år. Lært "Liti Kjersti" av Tone Marteinsdotter. NFS CC, 48.

Gjuve, Gunnhild, Seljord/Lårdal, Telemark. Flatin: Plass under Rugtveit gnr 6. Plassen er visst rudd kring 1840, og ruddningsmannen er vel Hølgje Toreson Steinstolen g.m. Bergit Toresdotter Heggenese. Deira bonn: Tov, Asgerd, Gunhild. Seljord II s.52. Berge: Gjuve er ein litin gard millom Vraa og Vatsendstøylen. NFS CCLXXX, 22. Gjuve er også ein gard i

Seljord gnr 36. Seljord II s.264-74.  
 Gjya, Lars Olsson, Helleland, Rogaland.  
 Glosimot, Olav O., Seljord, Telemark. Glosimot gnr 45,3. Flatin:  
 Foreldri til Olav var Olav Eirikson, døydde 1817, 74 år, og  
 Anne Gunleiksdotter, døydde 1818, 72 år, både skrivne for Lid  
 ("Lien") då dei gifte seg i 1770. Olav O. Glosimot var g.m.  
 Sigrid Kjetilsdotter Austerdal i 1815. Han var skulelærar i  
 ungdomen og var eit godt hovud. I bygdi kalla dei 'n  
 "Vesleprost". Det var hjå desse Glosimotfolki Ivar Aasen  
 budde i fleire månader i 1845 (sjå under bokane Folkeminne  
 og Bygdemåle). Av Olav fekk au Landstad mange av folkevisune  
 i den store viseboki si. Sigrid Glosimot var ei klok og  
 haghendt kvinne. Det var kunstnargivnad i ætti hennar. Bror  
 hennar, Jøren Austerdal, var den kjende sylvsmeden, og  
 soneson hans, Jøren Kjetilson Kivle, var au sylvsmed. Olav  
 O. Glosimot før og sette kveisa på bonni i bygdi. Han og  
 Sigrid hadde desse bonni: 1. Anne, g.m. Kjetil Knutson  
 Gardvik. 2. Olav, bilæthoggaren, 3. Kjetil, g.m. Gro  
 Halvorsdotter Åse, før til Amerika 1852 med kona og vesle  
 dotter si Sigrid. 4. Gunleik, g.m. Kristens Kjetilsdotter  
 Åsen, før til Amerika med kona og bonni: Sigrid, Olav og  
 Ragnhild. 5. Johannes, likeso. 6. Eirik, budde i Oslo som  
 kontorbetjent, g.m. Karoline Nilsen; av bonni hans er fru  
 Sigrid Wilhelmssen og den kjende arkitekten Erik Glosimodt  
 som gjekk til ved den fæle jarnvegsulukka då Dovrebana vart  
 opna, notti til 19. sept. 1921. Seljord II s.353-55. Røyn-  
 strand: Olav O.Glosimot er f. på Lid i Seljord. Han kjøpte  
 1828 Glosimot av Svein Sveinsson Vikan, den første som drog  
 til Amerika frå Seljord. O.O.G. (1786-1858) var skulemeis-  
 ter, ein gåverik og opplyst mann. Kona, Sigrid, (død 1860),  
 var klok og hadde kunstnargivnad. Fyrste formannskapet i  
 Seljord hadde 6 medlemmer: fut, lensmann, prest..., berre  
 Olav Glosimot var bonde. Landstad seier "den ældre" for å  
 skilja han frå sonen Olaf Glosimodt, bilethoggaren. Samlar-  
 ferd 1851 s.59. Jfr. Dårdi Rindedalen.  
 Golid, Anne Olsdotter, Seljord, Telemark. Berge: Anne Olsdotter  
 Golid paa Seljordsheidi i Telemark. Ho var fødd paa Syns-  
 tveiten gnr 24 ikring 1773 og reikna seg av Mannslagar-ætti.  
 Olav Gardvik i Seljord kallast jamnan Olav Mannslagar. Olav

gifte seg til Gardvik gnr 17. Andres het son hans. Andres Olavsson vart gift til Kivle gnr 52 i Kivledalen. Han hadde ein son het Tov, og Tov fekk ei einberingsgjente paa Synsttveiten og flute dit. Gunnhild, dotter til Tov Synsttveiten, tente paa Telnes. Ho vart daa trulova med Olav Nerids-son Øvsttveiten. (Østtveiten gnr 27). Olav hadde pengar, so han løyste inn att Synsttveiten og kom til bunas der. Olav og Gunnhild Synsttveiten hadde noko mange born. De var Nerid og Tov og Kjersti og Anne. Kjersti kom til Øvsttveiten. Anne gjekk las for provsten Wille; ho var ikkje so flink til lesa, men so god til aa svara av grunnen. I 16 aar tente ho i Mosokn. Der var dei so kloke paa visur og sogur; ho lærde mykje der, Anne. So kom ho utatt paa Heidi. De drog likevel noko ut-i aari med Anne fyrr ho fekk gifte seg. Men ho hadde spart seg ihop nokre skillingar, og Jørn Uppebøen la daa til og tok henne. Brudlaupet stod paa Golid, ein skarve plass innmed Øvsttveiten, og der sette dei seg ned. Anne vilde vera mykje klokare enn Kjersti (Øvsttveiten), endaa Kjersti visste mykje, ho med. Med Jørn Uppbøen hadde Anne two born, gut og gjente. Guten het Olav; han døydde so burtimot voksen alder. Gjenta het Ingebjørg. Ho var paa Golid til far hennar døydde ikring 1831 (Ø. Hodne: 1844). Som de leid paa kom ho og mor hennar til Øvsttveiten. Sidan vart gamle Anne burtleigd paa bygdi. Nokre aar var ho paa Øvre Dale i Trollebotn. Ho døydde paa syndre Kvaalskard 11/4-1863, og reikna seg daa 10 aar paa de femte tjuge. Anne Golid var mange vendur til "Crøger-fentune" paa Hegnene og sa upp sogur og visur. Og ho kom att med heile sekkine med mat, for arbeide. Den neste som ho remsa for var vel Magnus Landstad, var i prestegarden i dagevis, ein gong i åtte samfulle dagar, og presten skreiv. Den tredje store samlaren som var til henne Anne var Jørgen Moe. Anne Golid høyrde ein jolaftan de ropa paa henne: "Maa me kaama aa halle jol mæ deg?" "Ja", svara ho. So la ho seg. Men de kom inn two karar og eit kvende. Dei hadde niste med seg, men ho skyna ikkje noko av de dei sa. Aldri ansa henne heller, men de kom ei tussekjering burtaat sengi og glodde stivst paa henne. Anne laga seg som hosov, og kjeringi sveiv ifraa att. Ein gong var Anne eit ærend utetter til Bygdarbrui; daa ho kom

midtfor Vekan, so tok de til med barnegraat. Fleire hadde au høyrt graat der, og teki flugti. De skulde vera eit drepi barn nedgravi dera, og de var ukristna. Anne var ikkje redd, ho. Berge: Norsk sogukunst s.1-10 (utdrag). Ø. Hodne: Jørgen Moe og folkeeventyrrene s.103-112. Røynstrand: Anne Golid f. i 1780 av foreldre Ole Nirison og Gunild Tovsdatter. Ho bur i 1801 på Sønsetved og har 5 sysken. I 1863 melder Kittel Gunderson Hvalsgaard at Fattiglem Anne Olsdatter Golid er død. Anne hadde lagt seg opp noko og hadde plassen Golid under Gardvik. Jørn Uppebøen hadde vore velstandsmann, men det gjekk ut med han, og då kona Ingebjørg døydde, gifte Jørn seg i 1820 med Anne Golid. Han "58 Aar", ho "38 Aar". Borna hans var imot giftarmålet. Anne Golid var ofte til Olea Crøger i Hegnin og kvad, og ho hadde like for leiken. Samlarferd 1851 s.56-57. Jfr. Ingeleiv Ramberg, Ingebjørg Lindeklev, Ånon Lindeklev, Svaanaug Kasine, Lavrans Øveland, Øli Vaugsgare.

Gotenborg, Leiuf Hallvarsson, Seljord, Telemark. Flatin: Gottenborg, plass u. Loftsgardane. Bli uttala som det er skrivi. Uppkalla etter byen Göteborg i Sverike. Uti 1830-åri bli Leidulv Halvorson Loftsgarden buande her, g.m. Gunhild Kjetilsdotter Rolvhus. Han var ein flink visekvedar som Landstad hev ymse etter i den store viseboki si, og som også Sophus Bugge var til då han for på samlarferdine sine i Telemark. Dei hadde berre ein son, Halvor Leidulvson, g. l. m. Sigrid Tarjeisdotter Skoland, 2. m. Mari Eivindsdotter Sandsdalen. Han hadde bykselen på plassen etter faren. Han før med spela au - boga med keiva. Med fyrste kona hadde han 1. Sigri. Med andre kona: 2. Leidulv, 3. Anne, 4. Gunhild. Heile huslyden for til Amerika. Seljord II s.259-60.

Gotland, Torbjørg Larsdotter, Mo, Telemark. Berge: "Kvite Torbjørg". Lært "Galit lækjer far sin" til Eivind Audversækre. NFS CCVIII,3.

Graff, Anders Olsen, Løyten, Hedmark.

Grasberg, Olav Olavsson, Kviteseid, Telemark. Grasberg, plass u. Nordgarden gnr 49. Berge: Olav Grasberg var komen fraa Drangstveit, f. ikr. 1782. Han budde paa Grasberg i Lundevaldsdalen. Grasberg er ein plass som ligg paa vestsida i baklidi millom Nørsterud og Lundevaldsdalen. Han hadde nokre

born: Olav, Olav, Aslaug g.m. Gunnar Strond f.1845, ein son bleiv 8 aar gl. o. fl. Olav Grasberg d. paa Haugjord i Brunkeberg ikr. 1872, var daa ei 90 aar gl. Olav var skulemeister og klok, god til skrive og vart brukta til de ikkje lite. Olav dikta fleire visur, og i ein fugg han hadde gjort seg, hadde han skrivi upp visur han hadde gjort sjølv, og gamle, og segnir. Denne fuggen var til i si tid, men no veit ingen kvar han er. De va' ein fæl røar, aa fór mykje ikring aa samla visur aa stev fe Landsta. So kaam 'n ti Landsta, daa va'n paa Moen daa, Landsta. "Ja, naa hev eg fengje i mykje visur aa stev", sa Olav, "men de va eitt som eg visste kje om presten ville hava, so skreiv eg kje de". "Ja hott va' daa de fe eitt?" Olav kva. "Hu, hu, nei, nei!" sa Landsta. "Det var godt du ikke skrev det", sa 'n. "Ja, men d'æ gamalt", sa Olav" (etter Torgjus Dale). Torgjus Dale slo paa Jonslid seinste aare Olav livde. Daa spratt ljaaen or reimi, og den sto like eins. "Ja detta æ fe noko", sa Olav. "Eg æ feig eg naa", sa 'n. Og same aare døydd han. NFS CC,41 - CLXXXIV,5 - CCXLV,72. Bakken: Kvites-eid bygdesoge II s.414.

Grinderud, Knut, Lunde, Telemark.

Groven, Kjærsti Kj., Seljord, Telemark. Berge: lært av mora. NFS LXXXII,80.

Groven, Margit, Haukeli, Vinje, Telemark. Groven gnr 94. Berge: f.1792, d.1878, dotter av Knut Edland, g.m. Svein Gunnarson Groven, mor til Knut Svendsen Skytja. Margit Groven, mor til Knut var fæl til kveda. Ho var so skrellmælt. Ho saang so gjyseleg høgt. Etter henne skreiv Sophus Bugge upp visa um "Hermod Idde" og "Haugebonden". NFS CCCXXXIII,159, Vinje og Rauland I s.257, III, s.610-13. Røystrand: Samlarferd 1851 s.99-100. Jfr. Knut Edland, Odd Edland, Halvor Bjaaen, Hallvard Gugarden, Margjit Tveiten og Svein Tveiten.

Groven, Marte Andresdotter, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark.

Gryte, Anne, Fyresdal, Telemark.

Gugarden, Hallvard Vetleson, Vinje, Telemark. Gugarden gnr 93.

Berge: f.1737, d.1815. Ø. Vesaas: Tjøstov Uppigard Eddand var langgoffe av Aanund Haugen og Margit Tveiten. Tjøstov tok heim timmer te stoga i Uppigard (Røykstoga). "De æ ovverkji ti Gofa: Vetli Tjostovsson Uppigard, far til Halvor

Gugarden". Halvor Gugarden, far til Margit Tveiten og Aanond Haugjen m.fl. Hallvord Gugarden aatte Gugarden, Lisle Gunnvaldjord, Haugen og Uppigard. NFS DCX,65 - DCXXIII,77-80. Berge: Vinje og Rauland I s.257, II s.264. Jfr. Knut Edland, Odd Edland, Hallvor Bjaaen, Margit Groven, Margjit Tveiten, Brita Bratland, (Margit Gunvaldjord) og Svein Tveiten.

Gunvaldjord, Margit, Vinje, Telemark. Gunvaldjord gnr 92. Jfr. Brita Bratland og Margjit Tveiten.

Gunvorskaasa, Kari Olsdotter, Bø, Telemark.

Gvåle, Torstein Reiarsson, Tuddal, Hjartdal, Telemark. Liestøl: mori var frå Sauland. Dei fleste visone hadde han lært av mori, "hun var syngjemeistari". Røynstrand: Torstein Reiarsson (1800-1890) var g. i 1822 m. Liv, i 1827 m. Aslaug Nilsd., i 1829 m. Margit Torgrimsdotter og i 1832 m. Margit Gjermundsdotter. Mor til Torstein var Margit Kittilsd. Lønnedalen. Faren var Reidar Torkelsson Hovde-Vaale. Han var skomakar, døydde innmed arbeidsbordet med han sat og song på "Skomakarvisa" i Viken i Bondal. Torstein Reiarsson song i kyrkja og var kvedar i lag. Eit herme etter Torstein når han sat i lystig lag: "Ut å huje kara, o ikkje løyne manns drikke!" (Olav J. Rui). Sophus Bugge og Moltke Moe skreiv opp etter Torstein Reiarsson. Marjit (1828-1868) var dotter til Torstein Reiarsson Våle. Ho gifte seg i 1848 med Hølje Olsson Sætre på Venås, og der budde dei i 1865 med fem born. Marjit døydde i 1868, 40 år gammal. Truleg song ho i 1860. Torstein Reiarsson hadde også ei dotter Marjit f.1842, ho er altså noko yngre enn dei andre som Lindeman skriv opp etter, men ho kan vere kvedar i 1860. Denne Marjit gifte seg med Halvor Halvorsson Bakken, Venås ("Gransherad" s.293). Ho døydde i 1923. Dei hadde åtte born, og kvedarar var dei fleste. Sjå Buen, Garnås, Myhren "Ei vise vil eg kveda" s.37 om Marjit Torsteinsdotter Finnekåsa som kan regler og viser og stev etter bestemor si, Marjit Torsteinsdotter Våle. Uttalen er Gvåle. Samlarferd 1860 og 1861 s. 65-66.

Gaange, Hølje Nirison, Seljord, Telemark. Flatin: Hølgje var fødd 28/2-1819. Foreldri hans var Nirid Knutson Endrejord (1776-1850) og kone Aslaug Kjetilsdotter, komi frå Midsund i Kviteseid. Fysst budde dei på plassen Hougestoul i Dals-

grendi i Trollebotnen, sidan flutte dei til plassen Gonge u. Dalane gnr 15. Hølgje var krypling og sat der 'n sat. Tolv år gamal sprengde han seg på ein hjase som han flaug etter ein heil dag, fortel dei. Men han hadde uvanleg gode evner. Han hugsa alt han las og alt han høyrd. Fødd og oppvoksin på Heidi, der, som ofte sagt, folkedikting og tradisjon levde frodigare enn andre stader i lande, var det sjavsagt at den gløgge guten vart mest som eit leksikon når det galt den gamle kulturarven. Kvar sundag samlast unge og gamle i Gonge-stogo og høyrd på honom og han på dei. Det var ikkje berre folkevisur, eventyr, segnir og ættesogur han var so godt kjend med, men han heldt blad og las ei mengd bøkar. Ein jamn gjest i stogo på Gonge var Jørund Telnes. Hølgje Gonge var sjav diktar og skreiv ei god hand. Det mest kjende av diki hans er Gangsåsvise. Ho ber tydelege merke på at han som hev sett ho ihop, hev vori godt kjend med dei gamle folkevisune. Han var attåt ein flink treskjærar og felemakar. Han døydde 25.febr.1889. Seljord I s.465-67. I eit hefte med påteikning "Afskrevet for Jomfru Crøger i September 1847" finst "Anvisning til en Deel Viser jeg ei kan udenat, saa at jeg her ei kan nedskrive dem". "Anvisningen" gjelder, mellom andre balladar, Haugebonden. Norske mellomalderballadar I Legendeviser s.118 var. IV, komm. Berge: NFS XXX,43. Jfr. Guro Øverbø (Gaange), systera, og Torgjus Byggland, syskenborn, Ingebjørg Telnes og Lars Veslestoul.

Gånvæljur, Anne Jonsdotter, Haukeli, Vinje, Telemark. Røynstrand: Bjørgulv Jonsson f. på Gunnvaldjord (gnr 92) 1762 var g.m. Åsne Haraldsdtr. Kile. Sonen Jon død 1843 og kone Torbjørg Torsdtr. har i 1821 Anne til dåpen. Anne er konfirmert i 1838, og i 1861 er Anne Jonsdtr. Gunvaldjord vigd til Halvor Tjøstofsen Voxli. Halvor er f. i 1835, son til Tjøstov Gregarsen og Margit Torjusdtr. Anne, 45 år, og Halvor, 30 år, bur i "Vigen" i 1865. Samlarferd 1851 s.100.

Haga, Brita, Stord, Hordaland. Hannaas: Født på Huglo. Lært visa "Dei two systar" etter besto si. EFI 445,37.

Haga, Lars, Stord, Hordaland. Hannaas: lært av faren. EFI 446,31. Hagabrekka, Halvor, Flatland, Seljord, Telemark. Bugge: lært af en Bøhæring. NFS e,27. Flatin: Haagabrekka, plass under Hougstogo gnr 66. I 1865 budde Halvor Eivindson her, g.m. Ragnhild Eivindsdotter. Han var då 79 år gamal og ho 69 år. Seljord II s.537.

Hagen, Ingebjørg, Heddal, Telemark. Bugge: Søster av Kari Olsdotter Kaasa i Heddal. Datter av Ingebjørg Hagen sang for S. Bugge. NFS V,191 - VIII b,172. Røynstrand: Presten Daniel Christensen fra Stavanger vart i 1647 valt til prest i Heddal. Etterkomrarar slo seg til i bygda. Christen Olsen Hagen av Danielslekta var f.1812, gifte seg i 1839 med Ingeborg Olsdatter f.1802 på Kåsa Ramberg. Dei har Ole til dåpen i 1840 og Anne i 1841. Ingeborg Hagen dør i 1876. Hagen var plass under prestegarden, og Lindemans kvedarar bur nær einannan og nær den gamle kyrkja. Samlarferd 1851 s.72 og 74.

Hallvorsdotter, Åse, Seljord, Telemark. Bugge: Aase Hallvorsdatter i Seljord, 1874. Hun sagde at være mellom 80 og 90 Aar. NFS VI,148.

Hanslid, Signe, Vinje, Telemark.

Haraldsson, Raamund, Seljord, Telemark. Skoleholder. UBO ms. 643,1-4.

Hardang, Jørgen, Åmotsdal, Seljord, Telemark. Harang gnr 139. Berge: f.1859, son av Knut Teigen. NFS CCLXXXIV,128.

Harthøl, Thor, Seljord, Telemark. Berge: Hardthol nedanfor Mostøyl, øvst i Dalane. NFS CCCI,6. Flatin: Seljord II s. 257-58 og 436. G.O. Greve: Visen er af en gammel Visefugg, levning efter en gammel Skolelærer Tor Harthøl i Selljord. NFS 2,1.

Haslevikji, Per, Seljord(?), Telemark. M. Moe: Lærte visen "Ulv van Jærn" til Lars Veslestoul. NFS 25,273.

Haugen, Anne Hermodsdotter, Mo, Telemark. Røynstrand: Anne Hermodsdotter Haugen f.1814 d.1874 var dotter til Hermod

Knutsson og Birgit Paulsdotter Felland. Ho gifte seg med Gjermund Herjusson. Dei budde på Haugen (gnr 4, 39 og 42) i Mo då sonen Olav vart fødd. I 1865 budde dei i Reindalen. Anne døydde i Bjønnemyr. Samlarferd 1860 og 1861 s.208.  
 Bugge: Meddelte af Anne Hermodsatter i Mo, som havde lært Visen af Hæge Årmotes Slægtninger. NFS I,144. Jfr. Hæge Årmote.

Haugen, Gro Gunnarsdotter, Fyresdal, Telemark. Bugge: født i Fjøllgarane. NFS V,223. Sophus Bugge skrev opp etter henne i 1863.

Haugen, Guro, Seljord, Telemark. M.Moe: Denne visa lærde Guro Hougen (onde Sondbø), mor av Liv Huse, av ein frå Subø i Aamotsdal. Han kva o i Svømnen, han laag i Løu aa Jentune laag paa Laaven aa kaam te liggje lye. NFS 51,7. Jfr. Liv Huse.

Haugen, Ingebjørg Johansdotter, Morgedal, Kviteseid, Telemark.

Haugen, Margit Jermundsdotter, Moland, Fyresdal, Telemark.

Røynstrand: Marjit (1830-1918) var dotter til Geirmund Olavsson Bergland (f.1795) og Kristi Aslaksdotter Vistad frå Mo. Dei kjøpte Haugen i Hegglandsgrend i Fyresdal.

Margit gifte seg med Endre Sigurdsson frå nedre Haugane. Han dreiv gjestgjeveri og skysstasjon. Dei hadde 10 born. Margit fekk medalje av Telemark Landbrukselskap for frukthagen sin, påskynningar og diplom for vaving.

Soneson til Margit Gjermundsdotter, Sigurd Haugan, Melum, skriv: "Min far, Geirmund Haugan hev fortalt um då Lindeman kom til Haugane i Førsdal (Fyresdal) og trefte mi bestemor Margit Gjermundsdotter i tunet, der ho sat og spann ull og kyrhår saman. Lindeman bad um ho vilde synje for han. Nei det vilde ho ikkje, ho kunde ikkje noko. Men du kan vel synje for meg so som du syng for borni dine. Og det fekk han henne til å gjere. Etter som far fortalte so når ho hadde sunge ei vise two gonger, so hadde Lindeman då skrive ned notane til songen.

Dei kuhåri som bestemor brukta då ho spann, hadde ho fenge frå ein garvar som brukta kalk for å få laus håret på skinnet. So når ho spann, stod kalkskyer rundt. Margit flytte seg so kalkskyene ikke skulde koma rundt framand-karen. Men Lindeman berre fylgte etter".

Sigurd Haugan (f.1906) har gjeve ut "Åttesoge for Haugan og Moghus i Førsdal (Fyresdal)". Endre og Margit fylgde sonen sin, Geirmund, til Slagen. Margit Gjermundsdotter er gravlagt på Melum kyrkjegard. Sophus Bugge og Hans Ross skreiv opp tekster etter Margit. Samlarferd 1860 og 1861 s. 213-14. Alver: Far henna kunne mange viser. Draumkvedet s.71.

Haugen, Nils Eivindsson, Mo, Telemark.

Haugen, Olav, Vrådal, Kviteseid, Telemark.

Haugen, Sigri Torjusdotter, Setesdal, Aust-Agder. Skar: f. ikr.1800 d. ikr. 1860. "Venerus" (Rikeball og Gudbjørg) lærde Jon Nesi av Sigri Torjusdotter Haugjen. NFS 21,139. Jfr. Jon Longerak.

Haugen, Torbjørg Gjermundsdotter, Skafså, Mo, Telemark. Berge: Torbjørg Haugen, Skavsa (de var Leistehaugen), g.m. Aslak Haugen. Hadde borni: Olav, Svein (veikhelsa), Hallvard (var halvtullin). Alle 3 drog til Amerika, først Olav, sidan hine. Svein var skomakar. Torbjørg var so lettiva og god til kveda. Ho kvad for Anne Neirbø med ho gjætte, d. paa Leistehaugen. Torbjørg Haugen d.i Haugen i Skavsaabygd. Åtti i Amerika. Ho d. i 1850 aari truleg. Torbjørg Leistehaugen i Skavsa var d. for yvi 50 aar sidan (1915). Aslak, mannen, livde etter, var kyrkjegravar. NFS CCCIII,6 og 14 - CC,49 - CCCXXV,42. Liestøl: Syster til Signe Napper. Jfr. Signe Napper og Asgjær Bergland.

Haugen, Torjus, Ådneram, Øvre Sirdal, Vest-Agder.

Haugen, Åste Sveinsdotter, Seljord, Telemark. Bugge: Søster av Ingebjørg Kivle. Targjei Aasheim var deres Farbroder. NFS VI,151. Flatin: g.m. Knut Knutsson Tveiten på plassen Haugen u. Sudigard Kivle gnr 52. Fire sønner drog til Amerika. Seljord II s.416. Jfr. Tone og Ingebjørg Kivle, Gunnhild Kivle, Gunnhild og Karl Brotten, Tarjei Åsheim og Kari og Ragnhild Hurrum.

Haugestøy, Gunnhild, Lårdal/Kviteseid, Telemark.

Haugetrod, Anne Olsdotter, Gransherad, Telemark. Berge: f.1843. Lært visa "Margjit Hjukse" etter faren, Ola Kittilson Stigen. NFS CCLXXX,27 og 31. Jfr. Ola Stigen.

Haugkasine, Audver, Kviteseid, Telemark. Jfr. Gunnhild Tveit.

Haugsmoen, Martin Haakensen, Grue, Solør, Hedmark.

Haukom, Margit Hallvorsdotter, Høydalsmo, Lårdal, Telemark.

Heddi, Knut Jonsson, Rysstad, Valle, Setesdal, Aust-Agder.

Sandvik: Knut Heddi f.1857 d.1938. Informant og samlar av slåttar, stevtonar og salmemelodiar. Setesdalsmelodier s. 28.

Heggtveit, Hallvard Gunnleikson, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark.

Heggtveit gnr 103. Røynstrand: Gunnleik Halvorsson Heggtveit (1818-1903) var godt kjend med "Crøger-fentune", kona hans, Dagne Talleivsdotter, var elev på Kosaskulen hjå Jomfru Crøger. Sonen, kyrkjehistorikaren Halvor Gunnleikson Heggtveit (1850-1924), fekk leita på loftet hjå Boline og Kaia Crøger. Han fann ei samling oppskrifter etter Olea og gav dei i 1877 til Universitetsbiblioteket. Samlarferd 1851 s.58. Lars Kaasa: Hallvard Gunleikson Heggtveit gjekk på seminaret i Kviteseid. "Flere av dens (ættens) medlemmer har udmærket sig ved Kunstferdighed og Visediktning". Årbok for Telemark 1957 s.59-84. Maren Ramskeid var av same ætta.

Hegnastykke, Nerid, Bø, Telemark. Berge: f.1846 på Storemyr i Bø. Son til Olav og Liv Storemyr. NFS CCLXII,30 og 38.

Hegnin, Aslaug Gunleiksdotter, Kviteseid, Telemark. Røynstrand: Aslaug Gunleiksdatter tjener i Hegnin i Sillejord Bronkeberg i Omland, Hvideseid. Soneson til Lars Finne og Aslaug av Huvestadætt var Gunleik Olavsson g.1820 m. Marte Sveinsdotter. Yngste barnet deira er Aslaug ("Lars Finne" nr. 164 i Torjus Loupedalen, "Kviteseid I"). Aslaug er f.1828 på plassen Omland i Brunkeberg. Ho bur på Sigurdstøl ved konfirmasjonen. I "Ættir fraa Selgjord" fortel Kjetil Flatin om mor si, Margit Tovsdotter f.1842: "Det fysste ho gjætte var for Keia og Olea i Hegnin (u. Klomset gnr 39 og 40). Det var endaa same aaret som den føle solformørkelsen var. (1851). Aslaug, kona til Olav Rue tende der daa... Margit laag med henne i ei yviseng." (Litt uklårt om det gjeld same året.) Olea Crøger døydde 21/11 1855. Kaptein Georg Neumann Crøger i brev til verbror Fr. Juell dagsett Hegnin 1/12 1855: "imidlertid har deres Nabo Ole Rui lovet dem at besørge Vaarvinden for dem". (R.B. i O.Cr. s.45). Olav Halvorson Rui som i 1846 fekk Nord-Rui av gamle-Margit døydde alt i 1854, så denne "Nabo Ole" må vera Olav Knutsson Sud-Rui som fekk skøyte i 1852 og gifte seg i 1855 med Aslaug Gunnleiksdotter

"nu paa Rui, f.i Hvideseid", kvedaren vår. Dei får to gutar. Alt 3/10-1860 dør Aslaug "30 Aar" av tæring. På Rui er i 1865 Olav Knutsson 42, Knut 9 og Gunnleik 7 år og bestemor Marte Sveinsdotter 69 år, f. i Kviteseid. Marte er i 1875 hjå syster til Aslaug, Kjersti Listul, men dør i Rui 1876, "82 Aar". Smågutane hjelpte "Crøgerfentune" og tente seg skillingar på det. (Fru Aanonsen.) Knut kjøpte Stigarvoll, vart g.m. Bergit O. Haugen og fekk døtrene Anne g.m. Anders Svare, Bergit g.m. Lars Lødøen og Aslaug g.m. dr. B. Aanonsen i Seljord. Og hjå Aslaug Aanonsen er trekjer-aldet etter Aslaug Gunnleiksdotter og slangesylja, visseleg ei fyrste-gåve frå Olav Rui. Samlarferd 1851 s. 89-90.

Heidi, Torbjørg, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Berge: Hev visune sine fraa far sin. Torbjørg Heidi er dotter til Olav Gjermundsson og Margrete Gunnarsdotter Brauti, fødd på Brauti i Vraadal 1837. Lært av foreldri. NFS CCLX, 71 og 74. Jfr. Margret og Olav Brauti.

Heimdal, Gunnbjørg, Treungen, Nissedal, Telemark. Heimdal gnr 37 og 38.

Heimdal, Tormod Olavson, Tveitegrend, Vinje, Telemark. Berge: Far til Hæge Postmyr. Drog til Amerika paa slutten, lærde for det meste visune sine av ei heitte Tore ned-i Kviteseid. NFS CXLVI, 11 (avskrift) - CI, 92.

Hellen, Samuel Hansen, Vestfold/ Oppland/ Christiania, f. 1813 d. ml. 1891 og 1896. Han var født utanfor ekteskap. "Moderen er et paa betleri fra Bragnæs ungt Qvindemenneske ved navn: Juliana Maria Samuelsdtr. om Aftenen d. 13. d. M. hos Jan Rasmussen N. Sande indkommen af Fødsels Smarter betagen, som til sin barnefader udlagde en ogsaa fra Bragnæs udkommanderet Matros ved Navn: Hans Petersen, ugift. Test: Anne Sørensd. N. Sande, Inger Marie Gundersd. ibid: Helvig Rasmusd. ibid, Ole Hansen ibid: og Anders Olsen af Anneboe, nu ibid." (Innførsel i kyrkjeboka, Nøtterøy 16de nov. 1813.) Samuel Hellen vaks opp på Nøtterøy. Han var farande smed. Seinare kom han til Christiania. Han var gift to gonger og hadde fem born med den første kona og tre med den andre. I 1859 vart sonen Magne døypt, og blant faddrane var Cand. theol H. Brun og Stud theol. O. Arvesen. (Kyrkjeboka for Christiania Bok 14, Kort 4, 1859). H. Brun og L.M. Lindeman

laga song ilag. Samuel Hellen er største kjelda til Petter-Dass-melodi-oppteikningane til L.M. Lindeman (Åse Røynstrand i brev av 25/9-1987). "Eg er ikkje i tvil om at Samuel Hellen kjem inn under kategorien kvedarar ---. Her er altså Samuel i særklasse. Berre ein "reisande" blikkenslagar besøker så mange stader i landet - og lærer seg melodiar over alt." (Åse Røynstrand i brev av 1/10-1987.)

Hermodsdotter, Anne, Mo, Telemark. Bugge: lært visen av slektninger til Hæge Aarmote. NFS I,144.

Hermodsson, Knut, Mo, Telemark. Berge: Son til Hermod Felland.

Knut Hermodsson som kunde so mykje kjempevisur, fraus i hel ein fjording fraa Blekastad. Daa var Olav Bjørnemyr 17 aar paa lag. Knut var oppfødd paa Felland gnr 35 og 36. Han vanka jamleg til far hans Olav, paa Bjørnemyr. Ø. Vesaas: Knut Hermo'sson fraa Froland blei au liggjande paa fjøddi. Han tok ut ifraa Breivi, for hera forbi Hovden og sette paa fjøddi. Han ha høyrt at bror hass va' sjuke. Han blei burte. Dei fann beinrangle 4 aar ettepaa i Reinskvæven imidjom Saatedalen og Klovesæbergje. De va' den sterkeste karen i Mo i si tid, Knut Hermo'ssonen (etter Svein Tveiten). NFS CCXLVI,53 - DCXXII,57. Jfr. Olav Bjørnemyr og Jorunn Bjønnemyr.

Hillestad, Gunnar, Åmli, Lisle Tovdal, Aust-Agder. Hillestad gnr 9. Hannaas: Gunnar Hillestad i Lisle Tovdal, 78 år gammal (1928), hugsa desse versi etter Anne Hola. Ho kunne heile visa og kvad henne so mykje. Norsk Aarbok 1928 s.115. Jfr. Anne Hola.

Hilton, Erik Hansen, Gjerdrum, Akershus.

Hinne, Aine Hansdotter, Grue, Solør, Hedmark.

Hola, Anne, Åmli, Aust-Agder. Jfr. Gunnar Hillestad.

Holtskil, Birgit, Kviteseid, Telemark. Berge: Dotter til Tarbjønn Kvæven, syster til Tov Kvæven. Birgit Torgeirsdr. Folegdalen, Vraadal, var so føl til kveda - godmor til Birgit, henta dei til lag aa kveda, so god var ho, d. i Folegdalen, daa var Birgit 14-15 aar gl. Birgit Holtskil 86 aar i 1910. Fattiggarden i Kviteseid. Lært "Dei two systar" av faren. NFS CCCXIV,4 - CXXIII,18 - LXXIV,2 - CIII,90-91. Jfr. Tarbjønn Kvæven, Gunnvor Folleigdalen og Birgit Folleigdal en.

Homma, Søren, Kvinesdal, Vest-Agder.

Homme, Signe, Treungen, Nissedal, Telemark. Homme gnr 35.

Hommen, Rønnaug, Kviteseid, Telemark. Hommen gnr 11. Berge: f.

16/9 1828. Fattiggarden i Kviteseid 1909. NFS CXXIII, 18 - LXXIV, 2.

Hommi, Anne Aanundsdotter, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Liestøl: Syster til Dagne Aanundsdotter Li. Homme gnr 11 på nordsia av vatnet. Berge: Anne Homme og systeri Dagne Li var fraa Homme i Vraadal. Anne sat att paa garden. Ho var gift med Hans Gullnes; han var av Gullnesane, og hadde vori paa slaveri. Dotter deira, Sigrid, kaupte seg jordveg i Nissedal, og ho flutte med dit og døydde der, paa Lyselidi. Anne Homme var god til saume kvitsaum og kisteplass. Ho tok paa seg saum og tok saumen heim. NFS CCLXXXI, 7 - CCCXIV, 25. Jfr. Dagne Li.

Homsli, Kristi, Austad, Setesdal, Aust-Agder. Austad gnr 62-68-197-199.

Homstad, Hellena Andreasdotter, Overhalla, Nord-Trøndelag.

Homsaas, Olav Bjørnsson (Kaste), Seljord, Telemark. Homsås, plass u. Klomset gnr 39 og 40. Kaste, plass u. Nordgardane gnr 41 og 112. Kaste, også plass u. Gjuve gnr 36. Berge: f. paa Bitustøy i Svartdal 1820. Olav Homsaas hev vori kunnig, god rokkemakar, som han for ikring og selde. Han hev bygt og innreidt stogo si etter han vart ein gamal mann. Olav Homsaas døydde i vet (1915). Han var like kvik til han døydde. Han var like fri til han døydde. Bjørn Aasen lært segner av Olav Homsaas. NFS LXXIX, 96 - LXXXII, 66 - CCCXXV, 36-37. Norsk Folkekultur 1934 s.33-34. Flatin: Olav Bjønnson Kasine or Dyrlandsdalen g.m. Kjersti Endresdotter Åslund, fær stedsmål på Homsås i 1850-åri for seg og bonni sine og rudde og bygde denne plassen og budde der til i 1890-åri då kona døydde. Då tok han utløsing og flutte derifrå og sette upp ei stogu for seg nedmed Kastebrei på Nordgardseiga, og der døydde han for nokre år sea ein eldgamal mann. Olav var ein dugande arbeidskar og handig til kva det var. Og so var han ein ihuga og radikal politikar, heldt "Verdens Gang" i 80-åri og var med i styre for den fysste arbeidarforeningi i bygdi. Seljord II s.292.

Horverak, Jon Gunnvasson, Bygland, Setesdal, Aust-Agder. Horverak

gnr 208.

Horverak, Jon Ormsson, Austad, Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Horverak gnr 208.

Hougebu, Thone Thovsdotter, Eidsborg, Lårdal, Telemark. Liestøl:  
Føderådkone, enke, 69 år. Bugge: Engelens Budskap (meddelt  
skriftlig af Jarand Reffelbrek efter Dictat af Thore Thofs-  
datter Hougebu i Eidsborg. 1864.

Hougjen, Nils Eivindsson, Mo, Telemark.

Hovde, Margit Hansdotter, Tuddal, Hjartdal, Telemark. Røynstrand:

Det kan hende at nokre av dei personane vi har funne fram  
til ikkje har sunge for Lindeman. Tvilen melder seg alt ved  
første kvedar, men vi trur det er Marjit, dotter til Hans  
Amundsson Selstugo Hovde (1784-1871) og Rønnaug Johannes-  
dotter Venås (1783-1868). Dei gifte seg i 1810 og fekk  
Marjit i 1820. Marjit Hansdotter gifte seg i 1849 med Svein  
Halvorsson Bøen (1805-1857), forlovar var bror hans, Ola  
Sud-Bøen, beste spelemannen i Tuddal før Svein Løndal.

Det gjekk ei vekking over bygda kring 1840, ofte kalla "den  
store forvillelsen". Den gav seg stundom tragiske og  
groteske utslag. Dei "vakte" møttest heime hjå Ola Halvors-  
son Bøen, men sjølv høyrdet han ikkje til flokken. Fela hans  
vart brend, men Ola fekk seg ny fele. Ved folketeljinga i  
1865 var Marjit Hansdotter enkje og tenestjente i Kasin  
nordre hjå Ola Høljesson, ho hadde med seg Gunnhild og  
Rønnaug Sveinsdøtre. I Kasin var ho også i 1875. Ho "ernærer  
sig ved Spinding og Strikking og for en Del Understøttelse  
af Fattigvæsenet". Samlarferd 1860 og 1861 s.47. Jfr.  
Margjite Svigsli og Lars Lofthus.

Hovdekleiv, Tor, Kviteseid, Telemark. Liestøl: nord i enden av  
Sundsbygdi. Berge: Tor Hovdekleiv var fødd paa Hovdekleiv  
gnr 50, var so paa Vesle Kaldaak ei tid, kom attende til  
Hovdekleiv daa bror hans døydde, men de gjekk ut med 'n aa  
kalla, so kaupte han Sopanstad, var der i nokre aar, d. der.  
NFS CCV, 38.

Hovden, jfr. Tveiten, Svein Knutsson.

Howard, Anne, Fyresdal, Telemark/USA. Dotter av Elen Rolleivstad.  
Jorunn Storelid var syster av Anne. Gunnhild Sundsli var frå  
Rolleivstad gnr 48. Ho var syster av far til Anne og Jorunn.  
Jfr. Elen Rolleivstad.

Hurrum, Kari Hallvorsdotter, Seljord, Telemark. Bugge: nord i Bygdi ovenfor Kasland. Fra Pladsen Hurrum ved Straand omkr. 1/2 Mil fra Kirkebygden. NFS b,54 og VI,150. Berge: Knut Olsson Hurrom, var god speleemann. Faren var Olav g.m. Kari Hurrum, syster av Ragnhild Hurrom som skulde kunna visur. Knut d. paa Hurrum. Hurrum plass under Strond gnr 7. NFS CCCXXVIII,12(6). Flatin: Seljord II s.60. M.Moe: Olav Hurom 22 år (1891), sønnesønn af gamle Kari Hurom. NFS 30,88. Jfr. Ragnhild Hurrum.

Hurrum, Ragnhild Hallvorsdotter (Mogan/Flathus), Seljord, Telemark, f.1916. Hurrum, plass u. Strond gnr 7. Flathus, plass u. Midbøen gnr 43 og 82. Mogane plass u. Utgardsgardane gnr 45. Bugge: Bakste-Ragnhild af Sillejord var kjendt under Navn af Ragnhild Hurrum. Jeg hørte Visen af hende 1874. Hun var da 58 Aar, boede paa Stigavoll u. Loftsgardane gnr 34, før paa Brotten u. Åsheim gnr 47, 49 og 50. Ragnhild havde lært Visen "Vilemann og Magnill" paa Straand. Optegnet af mig 1874, der ogsaa hørte Visen af Tone Kivle, som havde lært den af Ragnhild. Ingebjørg og Tone Kivle, lært Viser af Ragnhild. Lært "Terna hjaa Havfrua" af Birgit Olavskos. Ragnhild var fra Pladsen Hurrum ved Straand omkr. 1/2 Mil fra Kirkebygden. NFS VI,150 - VIIIC,422, 433, 439 og 444. Berge: Bakste Ragnild heldt konsertar og tok 10 øyre i inngang. Ho kvad og dansa. Di reiste radt lange vegur ti aa høyre henne kvea "Spinnarvisa". Ho vred um "Kong og Ring" paa ein ho vilde hava. Bakar-Ragnhild hadde komi or Viifall-gardane. Ho var god til kveda og baka. NFS CCCIX,29 - CCCXV,23. Jfr. Kari Hurrum, Tone Kivle, Ingebjørg Kivle, Åste Haugen (Kivle), Birgit Olavskos, Karl og Gunnhild Brotten.

Huse, Liv, Flatdal, Seljord, Telemark. Huse, plass u. Nes gnr 46. M.Moe: Dotter til Guro Haugen. NFS 51,7.

Huse, Nils, Seljord(?), Telemark.

Høna, Martin, Lårdal, Telemark. Høna, plass u. Heggtveit gnr 15 og 16. Far til Tone Marteinsdotter (Kolberg). Berge: Høna ligg ved Langevatn under Heggtveit. Martin var stor, graa som ei duve daa Eivind Audversækre minnest'n. Martin Høna var vond, naar gutane gol og bar seg, so kom han med øksi. Nilsund Heggtveit reiv ned skorsteinen for'n. Han vilde kje

hava 'n lenger til husmann. NFS CCC,14 - CCCIV,48. Årsskrift for Telemark og Grenland 1919 s.70. Jfr. Tone Marteinsdotter, Anne Lillegård, Eivind Audversækre, Gro og Talleiv Dalastøy Olav Lofthus og Anne Bruhær.

Høyem, O.J., Byneset, Sør-Trøndelag.

Haagehov, Gunhild, Vinje, Telemark.

Hågåviken, Søei Halvorsdotter, Tuddal, Hjartdal, Telemark.

Haatveit, Tone, Mo, Telemark. Berge: ca. 75 aar i 1910. NFS CLXVIII,39.

Haavestøl, Nils, Åseral, Vest-Agder. Hannaas: Kunde sitja heile næterne og kveda. EFI 412,19.

Ivivon, Ingebjørg, Eidsborg, Lårdal, Telemark. Bugge: "en kone i Dalen, Eidsborg".

Jonsdotter, Gro, Vrådal, Kviteseid, Telemark.

Jonsson, Kjetil, Vinje, Telemark.

Jordgrav, Geirmund, Bø/Kviteseid, Telemark.

Jore, M., Vinje, Telemark.

Jølstad, Olea Pedersdotter, Brandval, Hedmark. Lindeman: Enken Olea Pedersdotter Jølstad i Brandvold (moder til forhenv. kirkesanger Knud Haarseths kone). UBO ms.2456, 1864 nr.89.

Jørundsson, Gunnleik (Heggtveit), Brunkeberg, Kviteseid, Telemark. Heggtveit gnr 103. Barnes: far av Olav Gunleikson Ramskeid og bestefar av Maren Ramskeid. Han var født i 1725 og døde i 1804. Draumkvæde 1974 s.243. Jfr. Maren og Olaf Ramskeid.

Kaldbast, Hallvard G., Mo, Telemark. Samlar og informant for Rikard Berge. Lært av mora. Legendeviser var. XI s.54.

Kasin, Gulle Gulliksen, Sauland, Hjartdal, Telemark. Røynstrand: Gunlich Gunlichsen er f.1819, son til Gunlich Johannesen og Signe Hansdatter Kasene. I 1865 er han 45 år, i 1875 bur han på Kasin (Kasin gnr 90 og 110) i Sauland "Jordbruger, ug., forhen Sergant". Samlarferd 1851 s.79.

Kasine, Svaanaug, Seljord, Telemark. Berge: Dotter av Ingebjørg Lindeklev, Brekkegrendi ved Gravsvoll. NFS CCCXXVIII,64-

(33). Ingebjørg var dotter av Anne Golid og g.m. Ånon Lindekleiv. "Ei flink og strevsam kvinne i Ytre Seljord, Svånaug A.Kasin fyller 85 år den 7. april. Ho er fødd på garden Østtveiten på Seljordsheia og vart i 25 års alderen gift med Olav Brekke som også var komi frå Seljordsheidi. Dei brukte fleire stader inntil dei kjøpte garden søndre Brekke i Ytre Seljord. Olav døyde i 1903 og Svånaug flyttet nokre år seinare til Kasin i Øvre Bø og vart gift med Olaf T. Viken. Men dette ekteskapet vart kort, berre eit års tid. Det vart då ei tung tid for henne, ho miste ei vaksi dotter og mannen med berre 5 vikors millrom. Men det ljoze og gode humøret hennar hjelpte henne til å taka alt slik det kjem. So selde ho Kasin og kjøpte att småbruket Åheim i Ytre Seljord der ho no bur saman med sonen Jørgen. Ho hev havt 8 born, 5 gjentor og 3 gutter, ei av gjentone er død." Varden 5/4-1948. Jfr. Anne Golid, Ingebjørg og Ånon Lindekleiv.

Kastedalen, Hæge, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark. Berge: Hæge Kastedalen var av gardmannsfolk, dotter til Hans Bergestig i Øyfjell og syster til Aslak, Tov og Saave Hansson. Saave kom til Vestedalen i Dalane (Brunkeberg). Hæge Hansdotter var i sin ungdom paa Vestedal, og der vart ho trulova. Daa ho gifte seg med Brynjulf Sundresson Aabø i 1821, var ho tilkomi gjente, yvi 30 aar. Dei flyttet same aare til Laardals prestegjeld; komne att til Brunkeberg, so stedde dei Kastedalen, plass ovanfor Havslund, hørde helvti til Kleiv og helvti til Berge Uppigard. Der paa Kastedalen livde ho sin lengste alder. Jomfru Crøger og Landstad kom til Kleiv, og so maatte dei hente Hæge. "Daa kva ho oto Kjempebokji", fortalte Anne Lid i Morgedal. Med Kjempeboki meiner folk ikkje berre Vedel og Syvs visefugg, men alle gamle folkevisur, norske og framande. "Ho va' go ti kvea. Ho va' minnug aa væl lærde. Ho konn heile Drougekvæ ho, fraa begjøndels ti ende". I 1857 var Sophus Bugge til henne og skreiv daa opp m.a. Draumkvæde, Beiarblakken, Aasmund Frægdegjæva, Sigrid og Astri og mange andre. Han skreiv au nokre av segnene hennar og eit par eventyr. Hæge hadde nokre gampe sønir. Ho hadde au sutir av sønene. Dei gav seg mykje ut, gav hogg og fekk hogg. Hæge for paa legd i Morgedal de seinste. Ho livde lenger enn mannen; ho døydde paa Kross-

bakken und Haatveit i Morgedal 25/3 1870 og vart daa reikna 86 aar gamol. Gamle Barbro Leiri ha so mange hermer ette Hæge: "So ha 'o ein son som het Hans, aa han blei slig ein dansemester. Ho sa de naa 'o gjekk mæ 'n, "anten bli de ein spilemann hellaa ein dansemeistare", sa 'o. Ho trudde paa tussane. De kom inn til henne ei tussekjering med 2 bonn. Ho spurde kven de var, og hi svara dei var grandar, ho het Bognhild Grytedalen. Grytedalen er eit dalføre ville nuten upp. (Fortalt til H.N. Tvedten au). Norsk sogukunst s. 115-17 (utdrag). NFS CXXV, 90-91 - CCXLV, 81.

Kilan, Hæge (Findreng), Lårdal/Vrådal, Kviteseid, Telemark. Kilen (an) gnr 3 og 18. Findreng gnr 17. Berge: Hæge Findreng. Ett: 1. Olav Flaten g.m. Hæge. 2. Kjetil Aanunstad (under Rolid). 3. Hæge, Olav, Guro, Jørund. Olav døydde 3 aar gamal av blodsott. 3. Hæge Strømstad g.m. Per Strømstad. Ho døydde paa barnseng med første barne. Per vart sidan gift med Barbro (fraa Vraadal), ho tente paa Kviteseid daa han fekk 'o. 3. Guro Aase g.m. Annstein Haddland (plass nord for Aase). Han var son til Andres Ansteinsson Haddland. 4. Hæge Findreng (forteljaren). 4. Ragnhild. Gift til Tveit, ei bygd ut for Drangedal. Ikkje fleire systkin. 3. Jørund g.m. Gro Aslaksdotter Neigard Øyane, Kviteseid. 4. (Hæge Findreng) 2 gutar og 2 gjentur. Kjærsti og Aslak drog til Amerika. Kjetil døydde. Hæge er gift fjorde Venda i Laardal. 2. Kjetil var gift med Kristi Jørundsdotter Maagebekk i Laardal. Kristi vart andre venda gift med Egil Aase. 2. Kjetil d. ugift. Kristi Aase, godmor av Hæge Findreng. Hæge var 86 aar i 1912, f. i Kviteseid 1826. Kom til Vraadal for ei 50 aar sidan. Hæge Findreng miste synet av at ei kyr stanga i de eine auge. De andre miste ho ved aa brjote av ein turrvist. Reiste so til doktaren som vilde ho skulde opererast. "Eg æ so gamal naa at d'æ kje noko stelle mæ", sa ho. Gonil Tvigjyva va' so rædde jamt. Naar de for til myrkne, bad ho jamt Hæge liggje med seg i bure. Gonil var systkinbarne til godmor av Hæge (morane deira var systrar og uppfødde i Laardal). "So fortalde ho aa soleis so lerd' eg". Hæge Kilan fekk låna Kjempeviseboka. "Men so maat' eg kje fe mor, lesa slikt som va' dikta i hop. Aa somt æ' so fælskleg i 'o ou, sa mor." NFS CCCXIV, 45-49, 59 - CCXXXIV,-

81, 92-93 - CCXL, 80. Hannaas: Lært av godmora, Kristi Aase. Hæge hev livt i fatigdom fraa ho var ung, og so hev ho letta tilværet med visekveding. Dotteri, Kari, fortalte fraa ho var liti. Mori hadde jamt vev uppe. Men ho hadde so mykje aa gjera at ho fekk inkje tid til veva fyrr utearbeidet var gjort og borni i seng. Daa sette ho seg i veven og Kari laut lysa for henne med tyre fraa grua. Smaagjenta vart svevnug og vilde sovna ifraa lyse. Men daa heldt mori henne voki med visorne sine. Daa Hæge (ms. har: Kari) vart gamall gjætte ho mykji. Sumtid var dottersonen Olav Findreng med. Han segjer ho kunde taka til med kveding straks dei kom ut kring gjordet, og so helde det heile dagen. Det var visor og stev ho kvad. EFI 396,41 og 125. Jfr. Gunnhild Tvigyva og Kristi Aase.

Killingdokk, Margjit, Sauland, Hjartdal, Telemark.

Kivle, Gunnhild Torgeirsdotter, Seljord, Telemark. Flatin: g.m.

Knut Olavsson Kivle. Seljord II s.415-16. Gunnhild Kivle, informant og samlar for Rikard Berge. Jfr. Tone og Ingebjørg Kivle.

Kivle, Ingebjørg Olavsdotter, Seljord, Telemark. Flatin: Dotter av Ingebjørg Sveinsdotter og Olav Eivindsson (Nordigard) Kivle gnr 52. Gunnhild Torgeirsdotter Kivle skreiv upp etter henne i 1916. Flatin III s.411. Jfr. Gunnhild og Ingebjørg Kivle.

Kivle, Ingebjørg Sveinsdotter, Seljord, Telemark. Flatin: Ingebjørg var dotter av Svein Jørenson Åsheim, budde på plassen Broten u. Åsheim. Han og kona (ho døydde i 1848, 54 år gl.) hadde desse bonni saman: 1. Jøren. 2. Gunhild g.m. Karl Johan Brangstrup, son til prokurator Brangstrup. 3. Ingebjørg g.m. Olav Eivindson Nordigard (Kivle). 4. Åste g.m. Knut Knutson Haugen i Kivledalen. Olav Eivindson, mannen til Ingebjørg, hadde Nordigard Kivle gnr 52 til 1862. Han og Ingebjørg hadde mange bonn, m.a. dottera Tone. Farbror til Ingebjørg, Gunnhild og Åste var Tarje Åsheim. Seljord II s.403 og s.411. NFS S.Bugge VI,151-52. Jfr. Gunnhild og Karl Broten, Åste Haugen, Tone og Gunnhild Kivle, Kari og Ragnhild Hurrum og Tarje Åsheim.

Kivle, Margit Sudigard, Seljord, Telemark. Berge: Lært "Rikeball og Gudbjørg" av Troen Navarskar då ho va' ei liti jentonge.

Flatin: Dotter av Ingebjørg og Tov Sudigard Kivle. Ho var stasdokke for foreldri, fekk aldri lov til å koma i fjose for mor si - ho lorta ut skorne sine. Margit g.m. Halvor Jørenson Uppebøen. Seljord II s.415. Berge: Han var rik, handla hestar, men det gjekk nedyvi med honom. Han enda på fattigkassa tilsist, døydde i 1867, 81 år gamal. Margit og Halvor hadde fem born. NFS CCXXXII,59. Jfr. Troen Navarskar. Kivle, Tone Olavsdotter, Seljord, Telemark. Bugge: datter til Ingebjørg Kivle, Konen Tone Olsdatter Kivle af Siljord, 1874, hadde lært viser av Ragnhild Halvorsdatter Mogann. NFS VI,154 - VIIIC,432,44,444. Sjå Ragnhild Hurrum. Dotter til Ingebjørg Kivle og vermor til Gunnhild Kivle. Flatin: Tone g.m. Tor Taraldson Morkholt. I 1863 tok dei over eigedomen Nordigard Kivle gnr 52. Dei hadde mange born. Olav Torson fekk skøyte på garden av mor si. Seljord II s.411. Jfr. Ingebjørg og Gunnhild Torgeirsdotter Kivle, Kari og Ragnhild Hurrum, Åste Haugen, Gunnhild og Karl Brotten, Tarje Åsheim og Ingebjørg Olavsdotter Kivle.

Kjønstaull, Turid, Brunkeberg, Morgedal, Kviteseid, Telemark.

Berge: f. 1810 d. 1896, bestemor til Anne Byggland. NFS CCXV,8 - CLXIV,26-27.

Kjønntveit, Halvor, Telemark. Jfr. Nils Blaksli Tveiten.

Kleivi, Hæge, Byrte, Mo, Telemark.

Kleivi, Turi, Moland, Fyresdal, Telemark.

Klomset, Anne, Seljord, Telemark. Klomset gnr 39 og 40. Røynstrand: "Den er meddelt af Anne Klomset, Anne Golid og flere i Silgjord". Andre kona til "Bufar-Svein" Klomset kalla dei Kvit-Anne. MBL: "Nedenfor Klomset staar en Asp, hvorhen Kvit-Anne Klomset mangen Gang endnu paa hedensk Viis har baaret Mad og Drikke til Tusserne". Anne død 1848, 80 år gamal. Samlarferd 1851 s.62. Flatin: Svein Haraldson, Nedigard Klomset kalla dei "Bufar-Svein" fordi han aldri tok til med slåtten fyri krossmess når buferdine kom or fjølle. Andre kona til Bufar-Svein kalla dei Kvit-Anne. Anne var følande girug. Ho kvad folkevisur for Landstad, og han nemner ho som fysste kjelda til "Jomfruva Ingebjørg". Svein døydde 1826, 52 år gamal. Anne livde lenge etter 'n. Sonen Svein fekk luten i garden etter far sin. Han sat med eigedomen til 1843. Då for han med huslyden sin til Amerika.

Seljord II s.286-87.

Klomset, Svein Bjønnson, Seljord, Telemark. Klomset gnr 39 og 40.

Flatin: "Daardi Rindedalen har hørt af Svein Bjønnson Klomset (f.1800) en vise (Lindi) som var den samme som den Bugge har udgivet i DgF III p.839 b. Seljord I s.434. Jfr. Dårdi Rindedalen.

Klæpp, Mari Olsdotter, Bøverdalen, Lom, Gudbrandsdal, Oppland.

Kosi, Aslak, Øyfjell, Rauland, Telemark.

Kosi, Ragnhild, Skafsa, Mo, Telemark.

Kosi, Sigrid, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Berge: g.m. Torgeir Kosi, hadde ei dotter het Tone, som hadde Hallvard Noprane (Noprane plass under Berge i Skavsa). Sigri, kjerringi hans Torgeir, var au svært kunnig paa gamalt. Son deira var Jørund spelemann. Borni av T. og Sigrid drog til Amerika. "Dei reiste, baade Anne og Tone(?) og Torgeir og Hallvor, eg baka endaa Amerika-brau fe dei, eg. Dei ha' mæ seg nyste, dei hadde i store føle byrur". (Etter Gunnhild Kosi). NFS CCLXXXI, 21 - CCCXLVIII, 7.

Kosi, Targjei Torgeirsson, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Bugge: Targjei Targjeison Kosi i Vraadal. Bror av Gunnvor Folleig-dalen og bror av Tarbjønn Kvæven. NFS III,109 - IV,23, 175, og 212. Berge: Torgeir Kosi, Tarbjønn Kvæven og Gunnvor Folleigdalen var systkin, fødde i Folleigdalen. Foreldri var Torgeir og Birgit Folleigdalen. Torgeir Kosi (Kosi paa vestsida av vatne, ovanfor Lauve) var husmann under Roholt og var tidt der og arbeidde. Torgeir var so god til fortel-ja. Tarbjørn Kvæven sa de um 'n: "Dei kalla 'n Targjei tusenlugar". Torgeir budde paa Kosi under Nordbø, g.m. Sigrid, born: Anne, Tone, Torgeir, Hallvor, Jørund. Torgeir Foleigdalen, far hans, var so vrang. NFS CCLXXXI, 6, 9 og 21-22 - CCCXLVIII, 7. Jfr. Torgeir, Birgit og Gunnvor Folleig-dalen, Sigrid Kosi, Tarbjønn og Tov Kvæven, Birgit Holtskil og Aslaug Askedalen.

Kosi, Tone, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Dotter til Sigrid og Targjei Kosi(?).

Krokstøyl, Aslaug, Lårdal(?), Telemark.

Kraamvikji, Olav, Møsstrond, Rauland, Telemark. Berge: f.1844, lærar og klokkar, "beskikket" av Sigholt. Han heldt lenge etter Møsstrond fekk skulehus; dette vart bygt ikr. 1870.

Olav drog til Amerika. Vinje og Rauland IV s.208.

Kvist, Olav, Lårdal, Telemark.

Kvæven, Tarbjønn, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Berge: Torbjørn Kvæven f.1802 d.1884. Son til Torgeir og Birgit Folleigdalen, bror til Targjei Kosi og Gunnvor Folleigdalen, far til Tov Kvæven og Birgit Holtskil. Kvæven, plass under Øvre Sinnes gnr 12. "Eg sko nettupp hogg av dikkon føtane", sa Torbjørn Kvæven til Sinnes-gutane, dei skulde uppa støylen, og so var dei nøydde til fara um Kvæven. T. bar paa ein ljaa og for feikta etter deim. Men so saag dei de var kje speleg, og so seig rædska av deim. Torbjørn var minnug og god til fortelja, upplyst, god til lesa. Han kvad Tolvtalvisa o.m.fl. NFS CCCXIII,42 - CCLXXXI,6 og 21-22. Bakken: Kviteseid bygdesoge II s.49. Jfr. Torgeir, Birgit og Gunnvor Folleigdalen, Targjei Kosi, Sigri Kosi, Tov Kvæven og Birgit Holtskil.

Kvæven, Tov, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Berge: Tov Kvæven, den same som Tov Reinskos; han var uppfødd paa Kvæven, plass u. Sinnes gnr 12, (son av Torbjørn) og var der til han gifte seg. Bror av Birgit Holtskil. NFS CCLXXXI,6 - CIII,90.

Kåsa, Kari Olsdotter, Heddal, Telemark. Liestøl: Syster til Ingebjørg Hagen.

Landsværk, Liv Petersdotter, Tuddal, Hjartdal, Telemark.

Røynstrand: Liv er fødd på Bøen gnr 97 i 1819, død på Bøen i 1879. Ho er av same spelemannsslekta som Olav Halvorsson. I 1852 fekk ho på Landsverk gnr 96 sonen Anton Antonsen. Det går gjetord om han. Anton song, helst "filleviser", og han spela eit par slåttar. Kittil Løndal hadde "Antonslåtten" etter han. Liv vart kalla Petra, det tyder at ho var dotter til Petar. I 1867 gifte Liv seg med enkjemannen Ola Torgrimsson på Ramberg u. Tråer gnr 85. Han døydde i 1876. Samlarferd 1860 og 1861 s.52.

Landvik, Ingebjørg, Morgedal, Kviteseid, Telemark. Bugge: fra Morgedal (bor i Kviteseid mellom Senivaret og Præstegården). NFS r,3b.

Langelid, Anne, Seljord, Telemark. Langelid/Nordgården gnr 112. Langelid, Olav, Kviteseid, Telemark. Langeli gnr 37. Berge: Olav Aslaksson Langelid f.1842. Lært visa "Den vonde sjukmori" av Birgit Holtskil. NFS CII,45 - CIII,99 og 131.

Lanjei, Bjønn Aasmundsson, Bygland, Setesdal, Aust-Agder. Langeid gnr 2.

Langjei, Targjei, Bygland, Setesdal, Aust-Agder. Skar: Lisle-Targjei Langjei f.1813 d.1901, kvedar og sogemann. Sat i Heimigard. Den første mannen i Heimigard som Targeir visste namnet på, het Sveinke. Han kaupte gard på Nordlandet, Gilja i Dirdal. Då han leid av tok kona heimatt til Lanjei gnr 2. Tallak Sveinkesson, eldste sonen, fylgte. Tallak reiste uppatt far sin og kalla son sin Sveinke. Sveinke vigde med Durda Ose. Son til Sveinke og Durda het Tallak. Etter Tallak kom Olav Tallaksson - det var far hans Lisle-Targeir Lanjei. Med Targeir gjekk ættlina ut i Heimigard. Gamalt or Sætesdal II s.182-86 (utdrag) og III s.336.

Lavrandsdotter, Margit, Kviteseid, Telemark. Liestøl: Dalene.

Leira, Marit Larsdotter, Nord-Aurdal, Valdres, Oppland. Leira gnr 24 og 85. Lindeman: Melodien optegnede jeg i 1848 i Aurdal i Valdres 1 Mil nord for Frydenlund; den blev sunget for mig af Marit Larsdatter Leiro. Halvhundre norske Fjeldmelodier s.VI.

Leirebrekk, Hæge (Byrte), Mo, Telemark. Leirbrekke gnr 5. M.Moe: 66 år (i 1890), lært af sin gamle mor, af Anne Skålen, af

Ingebjør Sandviki. NFS 25,177 og 25,194.

Li, Anne, Flatdal, Seljord, Telemark.

Li, Dagne Aanundsdotter, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Liestøl:

Syster til Anne Aanundsdotter Hommi. Bugge: Konen Dagne Lid i Fyresdal, i Veum, Anneks til Moland, født i Vraadal. GnF s.80 og 123. Berge: Dagne Lid (den Bugge var til) budde paa Uppistog Lid (no attlagt). Baade ho og mannen var fraa Vraadal, og ho døydde paa Sanden i Vraadal, hjaa son sin. "Ho konn adde dei regglur aa alt du konn' uppi tenkje", d. for ei 40-50 aar sidan (1910-14). Ho hadde to sönir, Targjei og Aane. Mannen het Olav Torgeirsson, han døydde i Lid.

Sønine drog til Amerika. "Ho totte berre moro, ho. Vent kva 'o aa mykje konn 'o". Dagne Aadnesdotter Lid var gift med ein het Olav. Ho budde paa Lid i Veum. Dagne Lid var av velstandsfolk, fraa Homme. Vart gift med Olav Lønneggrav som var rik, men dovin og drikkar. Dei hadde Hægeland ei tid, laast eige Lid i Veum, de gjekk reint ut med deim. Dagne døydde her i lande, trur Anne. NFS CCLVII,67 - CCCI,4 - CCCXIV,28.

Jfr. Anne Hommi.

Li, Else, Øyfjell, Rauland, Telemark. Li, gnr 1.

Li, Tone, Bø, Telemark.

Li, Tore Sigurdsdotter, Bø, Telemark. Li, gnr 19. M.Moe: ca. 60 Aar (i 1878). NFS 70,26.

Lia, Aase Undeberg, Seljord, Telemark.

Lid, Hallvard, Seljord, Telemark. Li, Lien, gnr 32, 87 og 88.

Berge: Lensmann i Seljord. Morbror til Jørn Austenaa. NFS LXVI,18-19.

Lid, Øli, Øyfjell, Rauland, Telemark.

Lidspllassen, Katrine, Mo, Telemark. Berge: hadde visa "Etter Bendik Felland truleg". NFS CCLVII,65.

Lie, Gunnhild, Kviteseid, Telemark.

Lie, Taddeiv, Skåmedal, Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Liestøl, H., Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Liestøl, Ingebjørg, Åseral, Vest-Agder (f.1900). Dotter av Olav Liestøl.

Liestøl, Olav Knutsson, Åseral, Vest-Agder (1855-1944). G.m.

Sigrid Røynelid, foreldra til folkeminnegranskaren Knut

Liestøl. Dei hadde garden Espelid gnr 10 i Åseral. Ingebjørg Liestøl er dotter til Olav Liestøl.

Liestøl, St., Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Lillegård, Anne Ånundsdotter, Eidsborg, Lårdal, Telemark. Landstad: Af Anne Lillegaard paa Esborgberget, ovenfor Ladstenen. Skal kunne 30 gl. Viser. NFS 1 b, 21-25. Røynstrand: Anne er av Mantætta, dotter til Else Vraalsdotter og Aanund Larsen Dalen. Ei bestemor til Anne er Johanna Elisabeth Mikkelsdotter Mandt f.1726. Anne Lillegård, f.1792, i 1820 g.m. Aasmund Halvorsen Kleven. Han d.10/3-1836, Anne d.20/10-1863 på plassen Lillegård ved øvste enden av Bandaksvatnet, 67 år gl. Spelemannen Torgeir Tvigyva var son til Anne Aanundsdotter. Samlarferd 1851 s.60. Berge: Anne Aanundsdotter Lillegård var mor til Tone Tvigyva i Lårdal, som I. Mortensson var til og skreiv upp visur. Anne Lilleård ho kunde mykje. Ho kvad for Jørgen Moe. "Han va paa Dalen, di sat uppe heile nettane". Moe var hjaa P. Mandt paa Nidgard Dalen gnr 22-24, og dit-ned vart Anne henta. Borni var: Tone, Ragnhild, Hæge. Anne var oppfødd i Eidsborg. Ho tente endaa i Groven i mange aar fyrr ho vart gift. Aasmund Diplane (utav Strandine) het mannen. Tone, dotter hennes, konne likeso mykje. Ho konne so uviskeleg mange visur ette mo' si. Anne Lillegård var god til syngje. Ho vart henta nedpaa Dalen til eit brudlaup P. Mandt heldt for eit av borni sine. Daa var Bugge der og skulde skrive upp. NFS CCXXIII, 12 og 13 - CCCIV, 29 - CCXLV, 256 og 257 - CCCXXXIX, - 54. J.Moe: Hun havde lært alle sine Viser ved i sin Barndom og Ungdom at høre sin Bedstemoder synge dem, og skjønt hun kjendte "Kjæmpeboka" eller "Viseboka" d.e. Peder Syvs Samling, forsaavidt hun havde seet den og bladet i den, var dette Kjendskap dog saa overfladisk, at hun aldri vidste at angive om en til hendes Tradition svarende Vise der fandtes eller ikke. NFL 92 s.50. Barnes: Draumkvæde s.243-45. Jfr. Tone Tvigyva og dottera Anne Moen. Olav Grindedalen: Peter Mandt: Årbok for Telemark 1961 s.73.

Lillegaard, Kjersti, Eidsborg, Lårdal, Telemark. Lillegård, husmannsplass.

Lillemork, Elias Andersen, Berg, Østfold.

Lindekleiv, Ingebjørg, Seljord, Telemark. Lindekleiv, plass u. Gardvik gnr 17. Ø.Hodne: f.1824 g.m. Ånon Lindekleiv 1863, d.1904, 80 år. Berge: Dotter til Anne Golid og Jørn Uppe-

bøen. Ingebjørg var paa Golid til far hennar døydde (1844). Som de leid paa kom ho og mor hennar til Øvsttveiten gnr 27. Ingebjørg tente paa Øvsttveiten, og medan ho var der, fekk ho barn paa laust med Sundre Skogen. Han het Olav Sundresson eller Olav Tjørnstaul. Han kom til verdi 1846. Sundre Skogen svor ifraa seg farskapen, og sidan vart Ingebjørg gift med Halt-Aanund Berge og aatte barn med honom. Dei busette seg paa Lindekleiv. Dei vart foreldri til Svaanaug Kasine. Flatin: Ånund Jensson g.m. Ingebjørg Jørensdotter Golid, budde på Lindekleiv ei tid. Dei hadde dotteri Svånaug, g.2.g.m. Olav Torbjønnson Kasine. Seljord II s.148. Ø.Hodne: Jørgen Moe og folkeeventyrrene s.110. Berge: Norsk sogukunst s.1-10. NFS CCCXXVIII,12 og 64.

Lindekleiv, Ånon, Seljord, Telemark. Ø.Hodne: Anun Jensen, fødested Sønstetvedten gnr 24, sønn av Jens Amundsen. Berge: Halt-Aanund Berge g.m. Ingebjørg Lindekleiv og far til Svaanaug Kasine. Jørgen Moe og folkeeventyrrene s.110. Berge: Norsk sogukunst s.1-10. NFS CCCXXVIII,12 og 64. Jfr. Anne Golid, Ingebjørg Lindekleiv og Svaanaug Kasine.

Lintveit, Birgit Torsdotter (Krossli), Morgedal, Kviteseid, Telemark. Berge: Birgit Lintveit hev sonen Knut paa Eikland, tenestegut. NFS CCCXXV,64 (33). Liestøl: Krossli ligg ved Bandak på vegen til Skafsfå. Ross: Birgit Raamundstveit. Syn og Segn 1903 s.166. Plassen Lintveit, jfr. Bakken: Kviteseid bygdesoge II s.417.

Lintveit, Jorunn, Mo, Telemark.

Ljosdal, Ola A., Tonstad, Sirdal, Vest-Agder. Ljosdal gnr 48.

Ljosland, Marit, Åseral, Vest-Agder. Ljosland gnr 7.

Ljostog, Torbjørn, Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Lofthus, Lars Haraldson Kåse, Tuddal, Hjartdal, Telemark. Bugge: Lars Haraldson Lofthus tidligere Kaasa. Lars Lofthus eller Kåsi, Tuddal 1863. NFS V,216 - VIIIa,162. Røynstrand: Lars (1794-1866) var son til Harald Larsson Lofthus u. Tjønn gnr 89, som vart 97 år. Lars var g.m. Ingebjørg Sigurdsdotter, og dei var foreldre til Gunnhild. Lars Olsson Svigsli og Lars Haraldsson var nære grannar den tid Lars H. budde i Kåse. Dei var nokre skarpingar, og songen levde nok hjå dei. (Olav J. Rui). Båe Larsane drukna, Lars O. (mannen til Marjit Svigsli) på Reisjåvatnet i 1858, Lars Haraldsson i

Bruholen andredag jul 1867. Gunhild (1827-1877) var dotter til Lars Haraldsson. Ho budde i 1865 på Lofthus, heime hjå foreldra. Samlarferd 1860 og 1861 s.51 og 58. Jfr. Margjit Svigsli og Margit Hovde. Legendeviser var. XI og XII s.95. Lofthus, Olav Talleivsson, Eidsborg, Lårdal, Telemark. Bugge:

1867. Søn af Talleiv Dalastøy i Smørkleppgrend, broder til Eivind Hougjen (Audversækre). Olav var født i Laardal, NFS VI,132. I Enkeltheder er Ole Talleivsøn aldeles ikke at lide paa, han forandrer vilkaarlig hvert Øieblikk. Ole Talleivsøn født i Bykle. NFS c,206-207. Kanskje ikkje den same som Olav Lofthus. Liestøl: Son til Talleiv og Gro Dalastøy. Bror til Eivind Audversækre. Berge: Olav var fødd i Lårdal, d.1901. NFS CCXVI,3. Jfr. Gro og Talleiv Dalastøy, Eivind Audversækre, Tone Marteinsdotter, Martin Høna og Anne Lillegård. Lona, Nils, Bø, Telemark. Lona gnr 14. B.Hodne: Nils Nilsen Lona, selveier, født i Bø i 1822 (58 år da M.Moe skrev opp etter ham), er mannen til Anne Lona og far til Ingeborg og Åse. I Bø er det skrevet opp tradisjon om Nils Lona: Ein bjønn forfylgde Nils Lona. Til sist stilde Nils seg med ryggen mot ein fjellvegg og drog tøljekniven or slira og såg hardt på bjønnen og bad han pakke seg unda. Og bjønnen faura vekk. Eventyret og tradisjonsbærerne s.51-52.

Longerak, Jon Olavsson, Bygland, Setesdal, Aust-Agder. Røynstrand: Frå "Bygland" II s.367: Brørne Olav Gunnulvsson og Lisl-Olav Gunnulvsson Espelid gjekk i ungdomen over heia frå Åseral. Ei lita kiste bar dei med seg, den finst no på Frøy-rak. Olav gifte seg med Kristi Jørundsdotter Lauvdal og vart den kjende lensmannen O.G.Løbdahl. Lisl-Olav gifte seg med Tore Jørundsdotter. Dei kjøpte Sørbø Langerak gnr 54 i 1837 og vart foreldre til Jon (1834-1910), Lindemans kvedar. Jon gjekk halvfjorde veke i lære hjå klokkaren Tarjei Hodne, så skulte han i femten år. Han vart den store forteljaren til Johannes Skar (1837-1914), stykket deira "Med eg var skulemeistar" er kjend lesnad. Denne unge læraren, "Jo Søbø", var det Lindeman møtte på Langerak i 1861. I 1870 gifte Jon seg med Jorond Jonsdotter Skomedal (1851-92), vi kunne kalle henne Jorond den tredje. Farmor hennar er Jorond (1799-1829), dotter til smeden Jon Bjønnes. Jon Langerak kjøpte Neset, Årdal, i 1872, vart bonde og urmakar. Jon Neset i

Kristiansand (f.1906) minnest godfar sin, han var snild og god med småborna, men det var keidsamt å sitje inne og lye på når den gamle las or huspostillen. Vesle Jon prøvde å få han til å slutte ved å seie høgt "amen, amen", men godfar berre smilte venleg og las preika ut. Johannes Skar skriv om sogemannen Jon Olavson Neset: "En yngre Mand, livlig og bevægelig, af Bygdens beste Folk" (brev til Moltke Moe 1889). Læraren Jo Søbø, Lindemans kvedar John Olsen Langerak og Skars sogemann Jon Neset er same Jon. Samlarferd 1860 og 1861 s.168. Jfr. Gunnstein Frøyrap og Ole Åhus.

Lønnedalen, Margit Kittilsdotter, Tuddal, Hjartdal, Telemark.

Lønnedalen gnr 86. Jfr. Torstein Gvåle.

Lønnegrav, Else, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Lønnegrav gnr 16.

Loupedalen: Gunnar Tarjeisson Lønnegrav og Signe Jonsdotter.

9 born f. Lønnegrav. 1. Tarjei f.1806 d. N.Dakota 1891 g.m.

Else Tovsdotter f.1813 d. USA. Kviteseid bygdesoge I s.371.

Berge: Torgeir Lønnegrav var rik, aatte mange gardar, so kvar av sønine fekk sin. Han aatte Lønnegrav (fekk Gunnar, den eldste), Hægeland (for Svein), Vraalid (for Somund), Napper (Aadne Follesæ vart), aa endaa hadde han 1000 dalar.

Mange av desse drog til Amerika. De vart stor ætt.

Løyning, Olav Gunnarsson (Profetli), Mo, Telemark. Jfr. Torbjørg Ripilen.

Mannsverk, Anne Olsdotter, Mo, Telemark. Mandsverk gnr 33. Berge:

Mor til Margit Austistog Felland og Birgit Paalsdotter

Ripilen. NFS CCXIX,16 - CLXVII,80.

Marteinsdotter, Tone (Kolberg), Lårdal, Telemark. Bugge: Tone

Marteinsdotter, kaldet Høna, i Laardal 1863. NFS VIIIa,177.

Berge: f.1805. Ugift fatiglem Tone Marteinsd. fraa Eidsborg,

d. paa Skiens sjukhus 10/5-1877. Ho kva hor ho for. Ho leid

kje andre kvad. NFS CCCIV,31-32 - CCCI,14. Bugge: Hun havde

lært Visen "Dei two systar" af Anne Lillegård. NFS VIIIB,-

198. "lært av sin far, Martin Høna". Årsskrift for Telemark

og Grenland 1919 s.70. Jfr. Martin Høna, Anne Lillegård, Gro

og Talleiv Dalastøyl, Eivind Audversækre og Olav Lofthus.

Midbøn, Aslaug, Kviteseid, Telemark. Midbøen gnr 32. Liestøl: i

Spokkeli, frå Sundsbygdi, ho hev vore i Vrådal og Skafså.

Berge: g.m. Ketil Midbøn, bestemor til samlaren Kjetil

Kvåle. NFS CCXVI, 39 og 45.

Midbøn, Torbjørg Tovsdotter, Kviteseid, Telemark. Liestøl: i Ordal, Brunkeberg. Berge: Torbjørg Midbøen var dotter til Kaffe-Torbjørg. "Aa meg kalla dei Tæste-Torbjørg", sa 'o. Ho var f. i Sundbygdi. Mannen het Torvill. Torvill hadde de smaat, var kyrkjetenar, seinare stemnevitne. Torbjørg skar mykje for Gunnleik Lid. Ho var so fæl til kvea. "Ho var 'kje vond faa ti kvea. Ei romlepotte so fæl, aa ein kjefte so svære ti forsvara seg. Fælt godt maal. Eg va' 29 aar, eg fekk lykke ti gjifte meg. Daa ha eg tent meg ihop ei kjiste full mæ klær aa fint. Men de va' kje lengje før Torbjørg maatte gange mæ posen ho". Ho var hausi, godlidande og arbeidsnyttig. Ho døydde paa Midbøen. NFS CCV, 21.

Midbøn, Torvil Tollefsson, Skogsmork, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark. Jfr. Torbjørg Midbøn.

Middelthun, Julius Olaus, Kongsberg, Buskerud. Norsk biografisk leksikon: f.1820, d.1886, billedhugger, f. på Kongsberg, d. i Kristiania. Ugift.

Miggaren, Dårdi, Skafsfå, Mo, Telemark. Midgarden gnr 68. Berge: Dordi Hermansdotter Midgarden, dotter av Herman Trisæ, var fæl paa visur. Hans Ross skreiv upp mykje etter henne. Ho var g.m. Knut Midgarden. De er godforeldri til Knut Bandagslid. Ross budde paa Blikom i 14 dagar, og var til Dordi kvar dag og kom kje att fyrr 12 um notti. "Eg trur om ho ha' seti fraa de eine jamdøgri ti de are, so ha ho endaa kvei mei". Dordi Midgarden var andre venda g.m. Torgjus Landsverk fraa Dalane. NFS CCCXXV, 21 - CCCLIX, 222.

Mjaugedal, Anne, Lårdal, Telemark. Mjaugedal gnr 42. Berge:

Mjaugedal, visur, ved hjelp av Landstad. NFS CCCV, usikker paginering. Jfr. Anne Skålen.

Mjaugedal, Gro, Eidsborg, Lårdal, Telemark. Berge: Gro O.

Mjaugedal f.1820 d.1877. NFS CCCIV, 32. Ø. Vesaas: Øystein

Mjaugedal, son til Halvor og Sissel Mjaugedal. Paa Mjaugedal (gnr 42) hjaa Øystein og Gro va sylvkjeier etter Hr. Olle Nielsen. Men ette Øystein var død, selde Gro dei til sylvsmed Hammer i Bergen. (Etter Rannei Mogjen). NFS DCXXIII, 3. Jfr. Anne Skålen.

Mjaugedal, Ingebjørg, Eidsborg, Lårdal, Telemark. Mjaugedal gnr 42.

Moen, Anne Torgjusdotter, Mo, Telemark. M. Moe: fra Byrte, 47 år (1889). Hun er meget usikker. NFS 25,5. Mogleg dotter til Targjei Mogjen og syster til Trond Moen.

Moen, Anne, Lårdal, Telemark. Berge: Dotter til Tone Tvigyva, dotterdotter til Anne Lillegård. Lært "Den vonde stjukmori" av mor si. NFS CCXXIII,12 og 13. Jfr. Anne Lillegård og Tone Tvigyva.

Moen, Kjetil, Sauland, Hjartdal, Telemark. Berge: Kjetil Moen i Sauland, truleg Bugges sogumann, var truleg f. paa Bakken i Gransherad. Var fel til køyre, so dei kalla 'n Kjetil køyrar. NFS XCIV,65-66.

Moen, Trond (Rallemoen), Mo, Telemark. Son av Targjei Mogjen. Jfr. Ingebjørg Troddedalen og Targjei Mogjen.

Moen, Aase, Øyann/Veum, Fyresdal, Telemark. Veum gnr 85 og 86. M. Moe: Aase Moen 56 år (1890), fortiden i Øyann, syster til Tarjei Øyann. NFS 25,173-74.

Mogan, Olav, Seljord, Telemark. Mogane u. Utgardsgardane gnr 45.

Mogann, Gunnhild, Seljord, Telemark. Mogane u. Utgardsgardane gnr 45.

Mogann, Ragnhild Hallvorsdotter, Jfr. Hurrum, Ragnhild.

Mogjen, Targjei Thronsson, Mo, Telemark. Liestøl: Bror til Ingebjørg Troddedalen. Fødd i Mo. Husmand med jord. 53 år i 1865, g.m. Aasne Nilsdotter Moen, 67 år i 1865. Berge: Son, Trond Rallemoen (Moen). Targjei Trondsson var slik ein kvedar. Naar han gjekk togg og bad, og han rumla og kva for folk, so hadde han ein ettersleng: So spyr'e du Dalebu Jonsson, om han kjenner 'n Targjei Trondsson. NFS CCXIX,7 - CCXCII,67. Han song for S.Bugge. NFS II,179, 183 - VIIb,- 364. Jfr. Ingebjørg Troddedalen, Trond Moen og Anne Torgjusdotter Moen.

Morkji, Hallvor, Fyresdal, Telemark. Bugge: Grundi Vaddel, Søn af Hallvor Morkji. NFS VIII b,278. Berge: Hallvard Morki fekk ei dotter til den rikaste mannen i Lunde, fraa Skoe. Han sa for henne at han aatte Veum. Gunnhild, so het ho, fylgte honom, dei rømde um notti. Daa han kom heim, so laut han krabba upp til Morki. NFS CCCXLVIII,38-39.

Mule, Tone, Skafså, Mo, Telemark. Mule gnr 65.

Myhren, Dagne Groven. Tradisjon frå Seljord, Grungedal, Vinje og Rauland, Telemark.

Napper, Signe, Skafså, Mo, Telemark. Bugge: Søster av Torbjørg Haugen. NFS IV,231. Berge: Signe Napper hev truleg vori mor til Napparane, ho heit so, og dei brukta paa Napper gnr 6 i Kviteseid ei tid. Signe Napper, Vraadal, var mor til skulemeister Geirmund Napper. De var nyttuge og viselege folk. Dei sat husmennar paa søndre Napper (Napper-plassen), og der d. Signe. Jfr. Torbjørg Haugen.

Navarskar, Troen, Seljord, Telemark. Navarsgard er gnr 59 i Mösstrond, Rauland. Jfr. Margit Kivle.

Negar, Gunnhild, Grungedal, Vinje, Telemark. Negarden gnr 68. Nerbø, Sigrid, Mo, Telemark.

Nesheim, Guro, Øvre Eksingedal, Evanger, Hordaland.

Nesi, Jon Olavsson. Jfr. Longerak, Jon.

Nordrum, Birte, Østre Gausdal, Oppland. Berge: Lært "Dei two systar" av Hallvard Ivarsson Blekastad, komi frå Sjåk. NFS CCXLVIII,47.

Normann, fru, Lillesand, Aust-Agder.

Nuten, Tone Tormodsdotter Lintveit, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark. Berge: f.1823, Dalane. Hans Ross var til henne o.fl. Ho hadde godt mæle. Ein fredagskveld i joli sat ho kvad i eit lag fraa um ettermiddagen heilt til midnott, og ikkje kvad de same. "Jørfe gode, eg veit far konn sita han, å halde på i de uendelege". NFS CI,88 og 91 - CCCXXV,60.

Aall: Tone Nuten 69 år (1892), hadde lært alt av "Fædrene". NFS 1,70. Lintvedt, plass u. Raamundalen gnr 63 (1855), svarer i aarlig avgift 24 maal Slaat. Paa omrent 2 maal Ager avles 2 Tønder Byg og 7 1/2 Tønde Potetter. Ligesaas fødes 1 ku og 6 Sauer. Bakken: Kviteseid bygdesoge II,s.417. H.J.Aall: Tone "talte om ei gamal Bok, Danske Kjæmpevisar". NFS I,46, 72.

Oddebukti, Hans, ikkje lokalisert.

Oftelid, Tarkjell, Høydalsmo, Lårdal, Telemark. Ofteli gnr 71.

Olavskos, Birgit, Seljord, Telemark. Flatin: Plass under Raudberg gnr 31. Geirmun Endreson rudde upp denne plassen i 1830-åri. Sidan budde Lavrvants Kjetilson her. Etter Lavrvants kom Salve Lavrantsson Halden (Halden s.217-19), g.m. Bergit Olavsdtr. Born: Lavrvants, Kari, Anne. Dei for til Amerika.

Seljord II s.235. Jfr. Ragnhild Hurrum.

Omsberg, Mikkjel Olson, Mo, Telemark. B. Hodne: Ole Olsen Moslis sønn, Michel, døpt 23/7-1780. Sønn til Ole Olsen Omsberg, Grungedal, Vinje og bror av Ole Omsberg (Profetli), Hæge Årmote og Sigrid Floten. Norveg 21 s.157-58. Berge: Bror til Hæge, Mikjal, kunde kveda heile notti og ikkje taka uppatt de same. NFS CCXXIII,69-70. Jfr. Ole Olsen Omsberg, Ole O. Omsberg (Profetli), Hæge og Liv Årmote og Sigrid Floten. Omsberg, Ole Olsen, Grungedal, Vinje/Mo, Telemark. B.Hodne: Ole Kallok = Ole Olsen Mosli = Ole Olsen Omsberg. Ole var født i Grungedal, Vinje. Ole Rismyrs sønn Ole ble døpt 29/9-1743, (Rismyr gnr 79) g.m. Margit Aslesdatter 19/4-1775. Margit Aslesdatter var fra Vinje hovedsokn, døpt 21/11-1751. Ole Olsen og Margit Aslesdatter var begge gårdmannsbarn fra Vinje, som etter å ha levd som husmannsfolk en tid her, tok med seg sine to gutter, Ole og Mikkjel, og flyttet til Mo, hvor Ole Olsen ble husmann med jord. På Omsberg bodde Ole med sin hustru i årene framover. Ole døde på plassen 12/6-1829. Margit Aslesdatter døde 17/11-1828. Barn, etter folketellingen 1801: Ole Olsen, Michel Olsen, Ole Olsen, Hæge Olsdatter, Sigrid Olsdatter og Torjus Olsen. Norveg 21 s.157-58. Berge: Syskine var, Olav, Olav, Mikjal, Torgjus, Hæge Aarmote, Torbjørg (mor av Liv Aarmote), Sigrid. NFS CCXXIII,69-70. Torbjørg kan vera fødd etter folketellinga i 1801. Jfr. Ole og Mikkjel Omsberg, Hæge og Liv Årmote og Sigrid Floten.

Omsberg, Ole Olsen (Profetli), Mo, Telemark. Kan vere Ole, son av Ole Olsen Omsberg og Margit Aslesdotter, som var fødd 1776. Etter folketellinga i 1801 var han då 25 år, ugift. B. Hodne: døpt 23/7-1775 i Vinje. Norveg 21 s. 158. Eller det kan vere ein yngre bror Ole som var fødd 1785. Etter folketellinga i 1801 var han 16 år. Begge var brør til Mikkjel Omsberg, Hæge Årmote og Sigrid Floten.

Oppedal, Anna Ivarsdotter (Blind-Anne), Ullensvang, Hardanger, Hordaland. Ø.Hodne: Opdal gnr 74, den største gården i Ullensvang, "ligg i ein breid kvelv med leine bakkar mellom Lofthus i nord og Århus og Ullensvang prestegard i sør. På Øvstatun her i Oppedal/Opdal ble Anne Ivarsdotter født 1/10-1769. Faren, Iver Larsøn (1728-1775) hadde 19/4-1757

fått bygselbrev på Øvstatun mot å yte foreldrene kår. I 1759 giftet han seg med Marita Matthisdatter Frøynes (1733-1820), og de fikk i alt fem barn - en sønn og fire døtre: Kristi (1760-1802) g.m. Lars Olsen Helleland, Sigrid (1763-1805) g.m. Mattis Olsen Helland, Lars (1766-1841), Anna (1769-1847) og Marita (31. des. 1773-1849) g.m. Tormod Erikson Opedal. 32 år gml. finner vi henne fortsatt hjemmeværende på Oppedal, - ved folketelling i 1801 er hun manntallsført som ugift tjenestepike hos broren Lars Iverssøn d.y. og hans familie. Fra da av og til hun døde i Ullensvang 21/7-1847, 78 år gml. som ugift "pige Anna Ivarsdotter Oppedal", er det lite det offisielle kildematerialet kan opplyse om henne. Jørgen Moe og folkeeventyrene s.144-45. Jørgen Moe: Stedets navnkundige Sangerske, gamle Blind-Anne og min morgenkaffe blev mig præsentert paa én og samme tid -- over de af Kopperne fordærvede, af Alderen rynkede og afblegede Træk laa en Klarhed, en mild Ro --. Samlede Skrifter II, 1877 s.179-80. Ø.Hodne: Den samme uklarhet (kva tid ho fekk koppene) gjør seg gjeldende om årsaken til hennes blindhet. Jørgen Moe og Olaf Olafsen henviser til koppene. Opedal til en tragisk hendelse som skal ha funnet sted på prestegården i Ullensvang. Den skyldtes at prost Hertzbergs unge og medisinsk ukyndige kone hadde gitt Anne feil øyemedisin. Om hennes levevei har Moe denne opplysningen å gi: "Hun havde, jeg ved ikke i hvor mange Aar, tjent hos Provst Hertzberg paa Ullensvang som Barnepige". Fra hennes siste leveår forteller Opedal: "Ikring 1844 finn me henne hjå den fyrste distriktslekjaren i Hardanger, Gerhard Christopher Brock -- kva han nytta den gamle, blinde kvinnen til, veit eg ikkje. Kan henda vov ho åt honom. Blind-Anna skal ha vore sers hag i ringvevnad, og ho vov ikkje lite etter at ho hadde mist syni". Blind-Anna var av en kjent slekt i Hardanger. "Ture Smids Slegt er især merkelig. Man finder ofte kunstnerisk Begavelse i Slegten --, enkelte i Slegten har været begavede i retning af Fremsynthed." Folketradisjonen samler seg konkret om hennes evne til å forstå fuglens skrik, tyde drømmer og forutsi kommende ting, særlig ulykker og dødsfall. Ellers er det minnet om en bemerkelsesverdig god hukommelse bygdetradisjonen har tatt best vare på. Jørgen Moe og folkeeventyr

ene s.143-50 (utdrag).

Oppedal, Marit Ivarsdotter, Ullensvang, Hardanger, Hordaland.

Oppedal gnr 74. Ø.Hodne: Marita f. 31/12-1773 d.1849, g.m.

Tormod Erikson Opedal. Jørgen Moe og folkeeventyrene s.145.

Jfr. Anna Oppedal.

Osen, Søren, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Osen gnr 7.

Osen, Torbjørg, Skafsa, Mo, Telemark.

Petersdotter, Gro, Skafsa, Mo, Telemark.

Polman, Nils, Kviteseid, Telemark.

Postmyr, Hæge, Nissedal, Telemark. Berge: Dotter til Tormod

Heimdal, f.1829, d.1911. NFS CXLVI, upag. avskrifter -

LXXV,90 - CCXXI,82 - CCXXXIV,103. Jfr.Tormod Heimdal.

Ramberg, Ingeleiv, Lårdal, Telemark. Røynstrand: MBL: "Ingeleiv foredro med en vakker Melodi dette Kvæde". Olea Crøger skriv i 1853 til M.B.Landstad at ho har hatt Anne Goli og Ingeleiv Ramberg her, og det "koster Mad og Kaffe til de sultne Stakler". "Døyr ho Ingeleiv, så reiser eg til Lårdal og fær meg att ei", hermer dei etter mannen hennar, Johannes Talleivson. Seljord II s.215. Men Ingeleiv var enkje då ho døydde 30/11-1863, "80 år". Far til Ingeleiv var Knut Nilsmundson frå Drangedal som i 1783 kom til Lårdal og kjøpte både Bjåland gnr 19 og øystre Heggtveit gnr 15 og 16. Ingeleiv er 16 år i 1801. Broren, Nilsmund Heggtveit (1781-1867), var ven med lensmann Peter Mandt, var bygdediktar og visekvedar. (Rikard Berge "Peter Mandt og andre laardøler".) Copulerede i 1806 i Hvidesøe Kirke er "Ungkarl og Soldat Johans Tallevsen Gjelstad og Pigen Ingelev Knudsatter Skogmark. Hun er fra Laurdal og har medbragt Herr Provst Kaurins Attest". I 1807 er Ingeleiv og Johans Talleivson Berges son Talleiv til dåpen. I 1809 er i Brunkeberg kyrkje Ingeleiv og Johans Talleivson Hesteskodigets son Knud til dåpen. 1818 har dei Jarand til dåpen, og er husmannsfolk på Spønemyr. I 1821 har dei Saamund og er på Pladsen Ramberg under Hegtveit. Samlarferd 1851 s.61. Flatin: Seljord II s.215. Jfr. Martin Høna. Berge: Jarand Ramberg, son av Ingeleiv, var skomakar --. Jarand var ein stillfarande arbeidsmann. Olav Staulen, son til Kjersti Staulen og god-

son til Ingeleiv Ramberg, var god spelemann. NFS CCLXXXI, 33 - CCCXXX, 52(27). Jfr. Anne Golid og Olea Crøger.

Ramskeid, Maren, Kviteseid, Telemark. Landstad: Maren Ramskeid (1840-åra), omtrent 30 Aar gammel, har lært Kvædet af sin Fader, Olaf Gudleikson Ramskeid, der igjen havde lært det af sin Fader, og ofte sang det i sin ensomme Alderdom. Norske Folkeviser 1853 s.66. Maren Ramskeid reiste til Amerika.

Jfr. Barnes: Draumkvæde 1974 s.243.

Ramskeid, Olaf Gudleikson, Kviteseid, Telemark. (1757-1834). Sjå ovanfor. Maren Ramskeid og faren var født Heggtveit. (Hegg-tveit gnr 103 i Brunkeberg.) Jfr. Gunnleik Jørundsson.

Raudbekkhaugen, Aanund, Mo, Telemark. Berge: 64 år i 1911. NFS CCXXV, 27.

Rauland, Åsmund, Rauland, Telemark. Røynstrand: Tone Ryen var kjærast med Åsmund Rauland, f. 1818, som ofte for framom til Kongsberg-marknaden. "I Heitdal flikra han med ho Tone Rygi. Men han maatte ikkje faa ho. Naar Osmonn Rouland kva, so let de 'a saa fint at eg va kje kar ti halle meg fe graate". Samlarferd 1851 s.73. Berge: Vinje og Rauland IV s.381-82. Jfr. Tone Ryen.

Raumdal, Gunnhild, Lårdal, Telemark. Berge: Lært "Terna hjå havfrua" etter mora, "liti Kjersti" etter systera. NFS LXIV, 78 og 86.

Reindal, Trond, Mo, Telemark. Reindal gnr 28 i Mo.

Reinskos, Olav, Vrådal, Kviteseid, Telemark.

Rindedalen, Dårdi, Seljord, Telemark. M. Moe: 57 år i 1891, oppe fra Selljor. Gift til pladsen Rindedalen i Brækkegrend (gnr 11 og 12) ved den ydre enden af Selljordsvand, hadde tradisjonen etter mora som "kunde hele visen, og desuden en hel mengde andre, hun var svær til at synge". NFS 30,1 og 32. Flatin: Lært av "gamle Olav Glosimot, som liden jente".

"Daardi har hørt af Svein Bjønnson Klomset en vise (Lindi) som var den samme som Bugge har udgivet i DgF p.839b. Seljord I s.434. Jfr. Olav Glosimot og Svein Bjørnsson Klomset.

Ripilen, Birgit Paalsdotter, Mo, Telemark. Ripilen gnr 33. Berge: f.1845. Birgit Paalsdotter, syster til Margit Austistog Felland, kan vel so mykje. NFS CLXIX, 18 og 39 - CLXVII, 80. Jfr. Anne Mannsverk (mora) og Torbjørg Ripilen (faster).

Ripilen, Torbjørg, Mo, Telemark. Berge: Torbjørg Gunnarsdotter

Ripilen,, født paa Ripilen (gnr 33) og dotter til gullsmeden Gunnar Ripilen. Torbjørg var ikkje gift, f.ca.1820, d.i Feddandsgrend. "De va' Riplane aa Profetliane som va' fæl-aste kvearane". Torbjørg dikta. Ho hadde kvedi for Jørgen Moe au. Ho var farsyster til Margit (Austistog Felland). De var so med ætti. 1. Olav Løyning, same Olavsnamne som Profetlidane, Olav Gunnarson som her er stev um. 2. Gunnar Ripilen skulde vera den klokaste mann vida ikring. Men drakk elles. 3. Paal, far til Margit Paalsdtr. 3. Olav Austistog, far til Margit. 3. Sigrid Gjuve hadde mange born. Sonen Gunnar var underoffiser. 3. Torbjørg Ripilen, d. ugift paa Haagækre. Ho var 6-7 aar i prestegarden, var so ein tur i Austistog, vart daa sjuk og burtleigd til Birgit Paalsdotter som daa var paa Haagækre. 2. Margit Mannsverk svær løgjesaumar, g.m. Dreng Saltveit. 5. Sigrid Mannsverk, iktebroti, endaa berte til løgjesaume, d. i Gjuve, ugift. Dei var au skraddrarar baade dotter og mor. Olav Gunnarson som er nemnd, er kvedaren Olav Profetlidi som var fæl til kveda. Dette er godfar(?) av Margit (Austistog Felland). Dei kalla honom Olav Løyning. Gamle Olav Profetli, anten 'n laag hell 'n sat so kva 'n. Ha godt maal. Var ute i 1814. Olav Profetli hell Olav Løyning si ver' so kalleg ein diktare han. Han ha so vent maal. Der æ stev um de. NFS CCLXXXIII,67, 74 og 75 - CCXXV,9 - CLXIX,16-17 - CCXIX,17. M. Moe: "Lavrans" har Torbjør hørt af Olav Syning. Torbjør 72 år (1890), etter bestefar sin. Torbjør hørt af bror til Joronn Bjønnemyr: Hermo Lisstog ell. Nistog. NFS 25,22-23, 62, 115 og 118. Jfr. Margit Austistog Felland, Birgit Paalsdotter Ripilen, Anne Søistog Felland, Anne Olsdotter Mannsverk, Olav Løyning (Profetli), Olav Syning og Gunnhild Øyuvsåsen.

Roe, Aslaug, Bø, Telemark.

Rofshus, Bjørguf, Mo, Telemark. Rofshus, plass u. Loftsgardane i Seljord, gnr 34. Liestøl: Bjørguf Amundsen Rofshus (1865) 44 år. Fødd i Mo.

Rolleivstad, Elen, Fyresdal, Telemark. Rolleivstad gnr 48. Berge: Mor til Jorunn Storelid. Gunnhild Sundsli var f. paa Rolleivstad og syster til far av Joronn (og mannen av Elen). Jørgen Howard, County Judge, Hillsboro, N. Dakota, son til Anne, dotter av Elen Rolleivstad. NFS CCXLIX,34, 37 og 43 -

CCCI,69. Liestøl: fødd i Skafså. Bugge: Elen Rolleivstad fra Skafsa. NFS IV,156, 246 - V,130. Elen Rolleivstad, Jorunn Storelid, Gunnhild Sundsli og Anne Howard, syster av Jorunn, er dei einaste av kvedarane som har kjent "St. Jakob".

Legendeviser s.36-38.

Rolvsson, Aanund, Åmli, Setesdal, Aust-Agder.

Rommetveit, Anne, Tysnes, Hordaland. Rommetveit gnr 20 og 21.

Hannaas: Lært "Den vonde sjukmori" or bok for 50-60 aar sidan. EFI 456,1.

Rommetveit, Marte, Stord, Hordaland. Rommetveit gnr 20 og 21.

Rommetveit, Ola, Stord, Hordaland. Rommetveit gnr 20 og 21.

Rudi, Talleiv, Borggrend, Fyresdal, Telemark. Rui, gnr 5 og 7.

Berge: f. 21/5-1841. Lært av faren. NFS CCXLVIII,53 - CCXLVIII,90. Jfr. Margret Borgjæ.

Rudlen, Staale, Kvinesdal, Vest-Agder.

Rudsodden, Gunnhild, Kviteseid, Telemark. Berge: Gunnhild

Rudsodden hadde visa etter mora, Marte Suvdal. NFS LXXV,58.

Jfr. Marte Suvdal.

Rui, Liv, Fyresdal, Telemark. Rui, gnr 5 og 7.

Rui, Svein, Kleivegrend, Fyresdal, Telemark. Rui, gnr 5 og 7.

Berge: -- kvarane Joronn V. og Svein Rui. Mor deiris var meistarkvar. Lært "Ungan Svegder" av gamle Gunnhild Tvigya. NFS CCLIII,25 og 33. Jfr. Gunnhild Tvigya, Joronn V(eamyrane) og Dagne Veamyrane.

Russland, Gunnhild, Lårdal, Telemark.

Ruud, Edvard. Tradisjon frå Øksnes, Vesterålen, Nordland og Grytøya, Troms.

Ryen, Tone Torsdotter, Heddal, Telemark. Røynstrand: Tone f. 1823, er dotter til den Tor Andresson Rygi, f.1773 d.1861, som song for presten Crøger. Tor Rygi hadde skulestove på garden (gnr 31-33), og han heldt ei tid hus for formannskapet i Heddal. Tone var kjærast med Åsmund Rauland f. 1818, som ofte for framom Kongsbergmarknaden. Tor Rygi ville ikkje la Åsmund få Tone til ekte, og då Tor gav seg fordi Tone venta barn, ville ikkje Åsmund. Tone laga ei vise om ulukka si "at eg ikkje min ven kunne få". (Vinje og Rauland IV s.382). Tone fekk 8/6-1848 barnet Gunhild. Far er "Ungkarl Osmund Rouland". Tone Rygi gifter seg "40 Aar" med enkjemann John Christophersen Svalbjørg frå Nes. Dei får

barnet Mari. Tone døyr i Nes i 1880 "af Stensot". Samlarferd 1851 s.73-74. Jfr. Åsmund Rauland.

Røbakk, Gunnhild, Kviteseid, Telemark. Berge: d. for 50 aar sidan (i 1909). Ho ha kome ifraa Skarpa, dotter til Steinar Skarpa. Ho fekk 'n store Hans Brauti, han tente paa Brauti, den Hans'n. So kom dei ti Røbakk. Dotter deira fekk ein uti Drangedal, han var rik, han, di kalla 'o Anne Naas. Ho, Gunnhild, konn mykje, de konn vera der lange lonune aa skriv upp ett 'o, ho tende pæning, ho. NFS CXXV,56-57. Liestøl: Røbakk ligg like ved prestegarden, plass under Syftestad gnr 32. Bakken: Kviteseid bygdesoge II s.149-50.

Sagahaugen, Gunnhild Stålesdotter, Lårdal, Telemark. Røynstrand: Gunnhild var eitt av dei ni borna til Tone Olsdotter f. 1796 d. 1881, og Staale Trondsson Sandbekk f. 1793 d. 1841, gifte i 1818. Staale var bror til kjempekaren Knut Trondsson. "Rimsmedar, kvedarar og dansemeistrar, det var Trondssønene". (R.Berge). Ståle dikta og song om seg sjølv "d'æ gut som alli græt". Men det var smått med føda, så då han var med dotter si og grov jordeple på Tveito og hadde maten, tykte han dei måtte nytta høvet: "Et brou, sei eg", men gjentungen berre nuska i jordepli der au. Tone bur med dotter si, Gunnhild, i Sagahaugen i 1865. Moltke Moe skreiv upp etter desse kvinnene, og Rikard Berge fekk mykje fortalt av Gunnhild. Ho døydde på Håtveit i 1922. Samlarferd 1851 s. 66. Berge: 79 år i 1911, syster til Sigrid Veamyrane. NFS CCXXI, 92 - CCXLIX, 62. Jfr. Anne Stålesdotter, Sigrid Veamyrane, Tone Vistadbakken, Ståle Sandbekk og Knut Trondsson.

Sagahaugen, Tone Olsdotter, Lårdal, Telemark. Mor til Gunnhild Sagahaugen, Anne Staalesdotter og Sigrid Veamyrane.

Sandbakk, Ståle Trondsson, Lårdal, Telemark. Berge: d.1841, 48 år. Husmann. NFS CCCIV, 23. Far av Anne Stålesdotter, Gunnhild Sagahaugen og Sigrid Veamyrane. Bror av Olav og Knut Trondsson.

Sandland, Turid, Mo, Telemark. Sandland, plass u. Gåskjønn gnr. 65.

Sandvik, Gunnleik, Kviteseid, Telemark. Liestøl: noken hundrad meter frå Kviteseid gl. prestegard.

Sandvik, Ingebjørg Torgjesdotter, Mo, Telemark. Røynstrand: Ingebjørg f. 1810 d. 1876 var dotter til Tarje Augundsson og Hæge Gunnarsdotter Sandvike. Ingebjørg vart konfirmert i 1829, gift i 1839 med Olav Knutsson Flaaten. Dei fekk sonen Knut i Loftsgarden. Husmannskone Ingebjørg Tarjesdotter døydde i Sandvike. Samlarferd 1860 og 1861 s.211.

Saubakk, Halvor, Lårdal, Telemark.

Sauland, Tone, Sauland, Telemark. Berge: hadde komi ifraa Fosse gnr 79 og 80 i Sauland. Var god saumar. Ho var av gode folk, men det gjekk ut med far hennar. NFS LXI, 81. Jfr. Margit Tveiten.

Seljehommen, J.O., Mo, Telemark.

Sigridsnes, Anne Angrimsdotter, Åmli, Aust-Agder.

Sigurdsli, Ånund, Froland, Mo, Telemark. M. Moe: ca. 50 år  
(1891). NFS 27,84b.

Sillihågå, Ragnhild, Lesja, Gudbrandsdal, Oppland.

Sissjord, Anne, Bø, Telemark. B.Hodne: På de ulike Sissjord-gårdene (gnr 43) finner vi tre forskjellige Anne Sissjord som beboere i 1875. 1: Selveierkone Anne Halvorsdatter, født i Bø i 1849. 2. Ugift tjenestepike Anne Evensdatter, født i Bø i 1855. 3. Selveierdatter Anne Helleksdatter, født i Bø i 1874. M. Moe: Anne Sissjord o. 34 år (1880). Det er ingen av de tre som passer til denne aldersbestemmelse. Vi ser av andre slike aldersbedømmelser fra Moe at de ikke all-tid holder stikk. Anne Halvorsdatter Sissjord var 29 år (31 år?) gammel da Moe var i Bø i 1880. Vi må regne som sikkert at det var denne kvinnen som var hans informant. Det er kanskje denne informanten Olav Nordbø forteller om i "Før i tida. Gamalt frå Bøherad": Gamle Anne Sissjord fortalte at ho var i fjella i ungdomsåra; ho var på stulen. Det var så ille av skrubb at stulsgjentune laut opp om nætene rett som det var og ut og slå og tromme på kopper og kjerald for å jaga skrubben og halde han frå husveggane og frå fenaden. Da Anne var ung, såg ho skrubbeskreia heime i Sisjord; ho for over jorda der i måneljoset. Nede i enden av Sisjord-jordet, nede i skogen der, er nokre djupe hol i jorda som Anne kalla ulvestuppur. Der fanga dei ulv i gamle dagar, sa ho.

Eventyret og tradisjonsbærerne s. 59.

Sjåberg, Ole H., Bø, Telemark. M.Moe: I 1878 ca. 60 år. NFS 70,  
ark 17a.

Sjåheim, Gro, Åsgrend, Mo, Telemark. Sjåheim gnr 15. M. Moe: 69  
år i 1889. Ambjørg Vistadhaugjen havde lært af Gro. NFS  
25,1.

Sjaaheim, Kari Haraldsdotter, Mo, Telemark. Sjåheim gnr 15.  
Skarde, Aslak, Dalane, Kviteseid, Telemark. Skarde gnr 78 i  
Kviteseid.

Skarde, Knut, Flatdal, Seljord, Telemark.

Skattebomoen, Gulbrand Gulbrandsen, Østre Slidre, Valdres,  
Oppland.

Skogen, Kari, Bø/Seljord, Telemark. Skogen gnr 37 og 50. B.Hodne:

Selveyerkone Kari Skogen, som var født i Seljord i 1843, var 56 år da M. Moe i 1880 hørte henne fortelle. Eventyret og tradisjonsbærerne s.60.

Skoglund, Olav, Telemark. Berge: Lært "Terna hjå havfrua" av faren, Gunnar Saaveson. NFS CCLVII, 83.

Skolaas, Hæge, Øyfjell, Rauland, Telemark.

Skomedal, Torbjørn Olsson, Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Skou, Torstein, Jæren, Rogaland. Hannaas: Hadde visa "Magnus og havfruva" etter mor si, Olava Elsine Tollefsdotter. EFI 451, 37.

Skrei, Signe Lauvvik, Gåskjønn, Skafsa, Mo, Telemark. Gåskjønn gnr 65. G.m. Tarjei Skrei.

Skrei, Tarjei, Gåskjønn, Skafsa, Mo, Telemark. Gåskjønn gnr 65. G.m. Signe Skrei.

Skrædderud, Hans Olsen, Sigdal, Buskerud.

Skykkja, Knut Sveinsson, Haukeli, Vinje, Telemark. Røynstrand: Son til Margit og Svein Groven. (Groven gnr 94 i Haukeli, Vinje.) Samlarferd 1851 s.99.

Skålen, Anne Targjeisdotter, Mo, Telemark. Skålen gnr 19, underbruk 1723. Mor til Ingebjørg Vislandskosi og syster til Jon Skålen. Bugge: Meddelt af Anne Targjeisdtr. Skålen som sagde hun havde lært Visen af en Kone fra Tinn. Men hendes Broder fortalte, at Moderen havde kunnet denne Vise. --- lært av Gro Mjaugedal "eller hendes Fader". Hun paastod at have lært Visen (Galit lækjer far sin) af en trykt Bog, men hendes foregivne Kilder ere i det Hele mistænkelige, hun var ikke fri for at lyve. NFS S. Bugge II, 181 og III, 10 og 14. Berge: Ho hadde to born etter ho vart krypling. Anne var aldri gift, d.ikr. 1870. Ho kvad naar dei bad henne og ho var i godlag. Men de skildest kven som bad henne. Ho hadde tonen, men usselt mæle, grovt. Um sumrom kunde ho vera utpaa bygdane og hava gjentungen med seg. Anne Skålen var vrang. Daa ho gjekk paa legg var Jørgen Moe til henne, og baud henne kva ho vilde hava, vilde ho segja upp. Men ho vilde kje. Anne Torgeirs. Skaalen var god til kveda og hadde vent maal. Bugge kom til henne, og ho kvakk so. "Jess namn hott kann denna karen vilja meg?" Han fekk henne upp til Haugebakk, og der sat dei fyrst ein dag og ut etter notti, og so bad han deim betenkje seg til den andre. "Daa las 'n upp de

'n ha skrivi aa retta de, aa mor maate songje igjenom Droukveen so 'n fekk dreisen paa de". Anne fekk 7 mark for de, "aa no sko pæningane gange ti syl fe deg Ingjebjør", sa 'o, og so fekk 'o sylvsmeden til gjera ei kruskesylgje som stod bokstavar paa, og som 'o hev enno. Ho var daa ein gjentunge (etter Ingebjørg Vislandskosi). Anne Skaalen lært av Gro Mjaugedal. NFS CCLXXXIII, 68-69 - CC, 62 - CCCIII, 24-26 - CCCXLIV, 162. Swang: Norveg 21 s. 167-82. Jfr. Ingebjørg Vislandskosi, Jon Skålen, Anne Bruhær, Hæge Leirebrekk, Gro Mjaugedal og Halvor Bjaaen (Legendeviser var. XI komm. s. 127).

Skålen, Jon Targjeisson, Mo, Telemark. Skålen gnr 19. Bror til Anne Skålen og morbror til Ingebjørg Vislandskosi. Liestøl: 65 år i 1865. Fødd i Mo. Berge: Jon Skaalen var skulemeistar. Han stod 5 aar i skulen so han fridde seg for syldatvæsne, daa vilde han kje lenger. De kunde raake han heldt turvis naar de var mangel. Han var god til aa lære ifraa seg. Jon Skaalen sa til borni: "Sko eg kvea den endelause visa fe dikkon?" sa 'n. "Aa gjer de, gjer de", sa borni, han laag i sengi, detta var ein sundag. So for 'n til kveda --. "Soso kann eg halle paa ti morgas", sa Jon. NFS CCCIII, 21. Jfr. Anne Skålen, Ingebjørg Vislandskosi og Anne Bruhær.

Slemmeli, Liv, Bø, Telemark. Slemmeli gnr 13. M.Moe: Lært "Olav Liljekrans" av Liv Bratterud. NFS 15, 84.

Slettetveit, A.H., Mo, Telemark.

Smeddal, Harald, Åmotsdal, Seljord, Telemark. Smeddal gnr 137, klokkar og lærar i Åmotsdal. Berge: f. 1778 d. 1852. Informant for Landstad. "Eg mins gamle Harall Smeddal, klokkaren der née, naar 'n va' drukkjen, sat 'n kva' stegglegg paa dessa Droumkvaæn". Smeddal-ætti, Bygdedikting fraa Telemarki XXI, Porsgrunn 1930. Jfr. Knut Teigen.

Smette, Lars, Stord, Hordaland. Hannaas: 73-74 aar gamall.

Uppfødd i Sætravik i Stord. Bur no (1910) i Smette i Sævåg. EFI 449, 47. Den same som Lars i Haga?

Snusbakken, Sigrid, Seljord, Telemark.

Sognes, Ola, Stord, Hordaland. Hannaas: Lært "Svend Vonved" av broren Frans som var umgangsskulelærar. EFI 445, 15.

Soli, Hæge, Fyresdal, Telemark. Liestøl: fødd i Veum.

Sollid, Gunnhild, Vinje, Telemark. Berge: Lært "Margjit Hjukse"

av mora, Margjit Tveiten. NFS CCCXXXIII, 17. Jfr. Margjit Tveiten.

Sundbø, Halvor, Flatdal, Seljord, Telemark. Sundbø gnr 63.

Sopanstad, Tor Sveinsson, Høydalsmo, Lårdal, Telemark. Sopanstad gnr 73. Bugge: Meddeleren mindtes kun med meget besvær visen som ovenfor. NFS VIIe, 492.

Spokkeli, Olav, Moland, Fyresdal, Telemark. Spokkeli gnr 82.

Spokkeli, Aasne, Fyresdal, Telemark. Spokkeli gnr 82. Bugge: Aasne Spokkeli og hendes Søn Gunleik (1864). NFS VI, 90.

Staulen, Anne Targjesdotter, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark.

Staulen, Kjetil Andresson, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark.

Stavnes, Ingjer, Bykle, Setesdal, Aust-Agder. Stavenes gnr 16.

Stigemonen, Gabriel, Kvinesdal, Vest-Agder.

Stigen, Ola Kittilsson, Tuddal, Hjartdal, Telemark. Røynstrand:

Ola Kittilsson Stigen (1809-1887) var son til Kittil Olsen Bondal - Stigen f. 1761. Kittil Olsen og broren Tore Bergtjønn var kjempekarar, men Olav Kittilsson var ein støvoksen stabbe. Han dreiv som tømmermann. Var g.m. Aslaug Gregersdotter Bjørnhaug Hitterdal (Heddal). Då "forvillelsen" pågjekk, var Ola heimpå nuten og såg folk for til samlingsmøte i Sud-Bøen. Han lura på om han skulle gjeve seg med, men så let han det fare og gjekk innatt og sette seg til å lese i den gamle huspostillen istaden. (O.J.Rui). Det er kjent at Ola Stigen song viser. Han er største kjelda for Ludv. Lindeman i Tuddal. Samlarferd 1860 og 1861 s.54.

Berge: Far til Anne Haugetrod. NFS CCLXXX, 31. Jfr. Anne Haugetrod.

Storelid, Jorunn, Fyresdal, Telemark. Storaasli/Storeslie fins i Mo som gnr 57. Berge: Dotter av Elen Rollevstad. Gunnhild Sundsli var syster til far av Jorunn. Jfr. Elen Rollevstad og Gunnhild Sundsli.

Storemyr, Olav, Bø, Telemark. Storemyr fins i Vinje som gnr 67.

Storgård, Signe Eivindsdotter, Lårdal, Telemark. Berge: Husmkj.

Signe Eivindsdr. Storgaard, d. 25/7-1860, 72 år, g.m. husm. Ole Olsen Storgaard, d. 1867, 82 år. Signe Storgaard var g.m. ein dei kalla Olav Meyer. Signe var skyld mor av Eivind Audversækre (Gro Dalastøyl). Storgaard var kje anna stein og urd. Signe vart gomol, d. vel ikring 1860 eller fyrr? (etter Eivind Audversækre). NFS CCCIV, 29 og 30 - CCCI, 11. Røyn-

strand: 4.jan. 1818 blir vigde i Lårdal Ole Olsen på plassen Berge under Flextveit gnr 1, 25 år og Signe Evensdatter 28 år. Dei får i 1818 på Berge sonen Even, og dotter Hæge på Myrebø i 1820. I 1835 bur dei på plassen Strandim. Even sumde ein gong over vatnet til Bandaksli. Huslyden kom til Storgaard og hadde roing. Olav Bakken, "Lårdalsoga" s.240: Torjus Lundevall hadde husmannen sin til å ro seg ein gong det bles følt på Bandak. "Hald nerar land, eg æ ein dyr mann, eg hev 24 rukande pipur" sa rikingen. "Å drag til helvete, eg hev lisso dyr sjel eg som du" meinte hin. Då skifte Lundevallen rorskar, han let dei i Storgaard få føringa. Både Hæge og Even reiste til Amerika. Signe Storgaard i Lårdal syng for Sophus Bugge i 1857. Ho dør i 1861, 72 år gammal. Samlarferd 1851 s.96-97. Jfr. Gro Dalastøy og Eivind Audversækre.

Strand, Høye, Seljord, Telemark. Flatin: Seljord II s.55-56.

Straume, Jørund, Vinje(?), Telemark.

Strond, Anne, Seljord, Telemark. Berge: Ho som var paa Uppigard Strond. Ho hadde tent paa Strond (gnr 7) jamt, d. ca. 1923. NFS CCCXCI,30.

Strond, Asgeir Gunleivsdotter, Seljord, Telemark. Strand gnr 7.

Strond, Augund, Seljord, Telemark. Strand gnr 7.

Strond, Gro, Seljord, Telemark. Strand gnr 7. Flatin: Seljord II s.52ff.

Strond, Tor, Seljord, Telemark. Strand gnr 7. Flatin: Seljord II s.55.

Støylehommen, Jon Ormsson, Austad, Bygland, Setesdal, Aust-Agder.

Stålesdotter, Anne, Lårdal, Telemark. Røynstrand: Anne Staalesdotter er f. i Lårdal 2/5-1825 og er eit av dei ni borna til Tone Olsdotter (1796-1881) og Staale Trondsson Sandbekk (1793-1841). Presten Wettergren flytte frå Lårdal til Solum (prestegarden, gnr 3) i 1843. Anne Stålesdtr. kjem dit i 1849. Ho gifter seg den hausten med Anders Olsen Tingstad. Dei har i 1865 borna Christine, Theodor, Halvor og Ole. Anne Stålesdtr. og Anders bur i 1875 på plassen Skilbredstrand og har der sonen Halvor f.1858. Anne Stålesdotter dør 14/3-1885 på Skilbred av tæring. I 1900 bur Anders åleine på plassen Kullebunden u. Skilbred i Solum. Samlarferd 1851 s.66. Jfr. Gunnhild og Tone Sagahaugen, Sigrid Veamyrene,

Tone Vistadbakken, Ståle Sandbekk, Olav og Knut Trondsson.  
Sunde, Svein, Rauland, Telemark.

Sundsli, Gunnhild Kjetilsdotter, Fyresdal, Telemark. Bugge: 83  
Aar gml.(1864), nu død (1866). Gunnhild Sundsli, tidligere  
Breivik. Moderen var fra Nissedal, men hun sagde, at hun  
ikke havde lært mange Viser af hende. NFS VI,92. Berge:  
Gunnhild Sundsli var f. paa Rollevstad og syster til far av  
Joronn (Storelid) og mannen av Elen (Rolleivstad). Kari  
Skrei, Gro Sundsli og Bendik Rollevstad var au systkin. Ho  
vart gift til Breivik, g.m. Knut Breivik. Breivik var hennar  
vanlege namn. Men ho var vel au paa Sundsli ei tid. Dotter  
hennar var Hæge Eiki som Torbjørg Lie skreiv upp visur for  
(til I.Mortensson). Aashild, dotteri til Gunnhild var g.m.  
ein Søren Sundsli. Ho var so ven Gunnhild --. Ho var endaa  
upp-igjenom og vitja seg hjaa Bendik Feddand. Gunnhild  
Kjetilsdotter Sundsli var fraa Rollevstad. Ho hadde ein  
son, Kjetil. Gunnhild fekk Knut Breidvik, ein kjempekar.  
Gunnhild var vinskipeleg. Ho var den beste paa visur. Daa  
Tormod Knutsen var paa Væting, henta dei henne og Jørund  
Søndreland, for de var dei mætaste. Med ho gjætte i Breid-  
vikslidi, daa kom bjørnen. Ho heldt i bjølleklaven med  
bjørnen teisa paa kyri, og ho piska bjørnen med ei liti  
svipu. De var moda kjering. Han maatte røme, bjørnen. Kyri  
berga seg. Hæge Eikja va dotter av Gonill Sonsli. Ho va'  
kalla Breivik. Ho blei gifte ti Breivik, men so ha ho ein  
onytte ti mann, baate han og sonen. Saa maatte ho ifraa  
Breivik, flutte til Sundsli aa livde mæ son sin. Ho va  
syster av bestemor av John (Lie). NFS CCXLVIII,9 - CCXLIX,37  
- CCLVII,72 - CCCIII,7-8 - CCCXLVIII,33 - CCLXXXI,25 -  
CCCVI,128. Gunnhild Sundsli var informant for Landstad og  
Sophus Bugge. Jfr. Elen Rollevstad, Jorunn Storelid, Bendik  
Feland, Hæge Eikji og samlaren John Lie (1846-1916).  
Suvdal, Marte, Telemark. Suvdal er gnr 5 i Lunde og gnr 52 i  
Drangedal.

Svanajord, Bergit, Kviteseid, Telemark. Berge: f. paa Prest-  
aarhus. Bur i Seljord, midt upp for meierie, ca 70 aar  
(1915). Tente lengi paa Svanajord gnr 94. NFS CCCXXXIX,14 -  
CCCXXV,64 (33). Loupedalen: Kviteseid bygdesoge I s.577.  
Bakken: Kviteseid bygdesoge II s.375.

Sveigdalen, Bendik Felland (Aanonsen), Skafsa, Mo, Telemark.

Røynstrand: f. 26/1-1780 d. 27/2-1865, var son til Ånund Hansson og Askjer Knutsdotter. I 1801 var han tenestegut på Dølen. Han gifte seg i 1802 med Catharina, dotter til underoffiser Søren Friis. Bendik budde i Sveigdalen gnr 65, men kalla seg helst Felland. Bendik var glad i syngje, men hadde mindre hug til dagleg arbeid, og då Jørgen Moe såkte han, høvde det framifrå: Bendik sat i lensmannsarresten, skulle sone at han hadde forsømt å halde vegstykke sitt i stand. Samlarferd 1860 og 1861 s.192-93. Berge: Bendik Sveigdalen kalla seg jamt "Fællanden". Han d. i Sveigdalen, Skavsa 1864, 98 aar gl. (sjå Røynstrand). Han var ein spræking, fæl til danse. Jon, son hans, kunde au visur. De er far til Knut Lone --. - Jon Knutsson Sveigdalen var endaa betre til kveda enn gamle Bendik. Han kunde yvi hundrad, og kunde kveda ut langende notti. Han var fraa Fyrisdal, son til ein het Halte-Knut, var skyld Gunhild Sundsli au. Ho var endaa uppigjenom og vitja seg hjaa Bendik Fæddand -. NFS CCCIII,7. Bendik var f. paa Aakhus, som var plass under Søtveiten i Skavsa. Kom so til Fæddan (Felland gnr 35 og 36) og vokste opp der. Han var kommandersersjant. Var au i ufreden. Han fekk straf ein gong han vart befala til aa tampa ein syldat 15 slag. No var han ein stor kjempekar og god i seg, slo kje hardt. "Slaa de du orker," sa kapteinen. Daa kasta Bendik tampen. Han var i Sverike i slag. Kjeringi hans het Anna Katrine Friis, f. paa Gunnarshedde utanfor Lasteinen. Dei Friisane kom fraa Trondheim. Ho var paa Lasteinen og tente. Jonsson: Bendik Aanundsen og Chatrine Friis fekk 8 born. Dei budde då på plassen Rudning under Skafsa gård (gnr. 55). Bendik hadde born utanom ekteskap med Margret Brauti, "udlagt som Barnets Fader Bendik Anundsen Majorlien", "Bendik Anundsen. Gift Mand". Jon Knutsson Sveigdalen som er nemnd, kan vera versjon av Bendik. Særprent. J.Moe: Han havde et udmærket Foredrag, især af de Viser, der have en dyb tragisk eller en humoristisk Charakteer, og han kunde derhos udenad den største Part af "Kjæmpeboka", i hvilken han var saa vel orienteret, at han strax vidste at angive, om den sungne Vise eller en lignende der fandtes. NFL 92 s.51. Berge: Jørgen Moe var fyrt til 'n, sidan Landstad, so

Bugge. Han for med smaahandel, Bendik, paa sine gamle dagar, for med fyndaasir fyrst dei kom. Bendik Sveigdalen var ein staut mann like til sin alderdom. Han var i grunnen ven --. Plassen der han døydde er no attelagd og skogrunnen. NFS CCCIII, 3-5 og 8. Bendik var informant for J.Moe, Land-stad, Lindeman og Bugge. J.Moe: NFL 92 s.51. Bengt R.Jonsson: Særprent. Jfr. Gunnhild Sundsli, Margret Brauti, Olav Brauti og Asgjær Bergland.

Sveigdalen, Jon Knutsson, Fyresdal, Telemark. Berge: NFS CCCIII, 3-5 og 8 og Bengt R. Jonsson: Særprent.

Sveinungsson, Nils, Vinje, Telemark. Skolemeister/klokkar i Vinje. Samlar og informant for Olea Crøger og M.B.Landstad. Sjå Landstad: Norske Folkeviser 1853 s.66, Legendeviser 1982 s.115.

Svigsli, Margjit, Tuddal, Hjartdal, Telemark. Røynstrand: Marjit Svigsli (1777-1864) er dotter til Johannes Engebretsson og Rønnaug Venås, og ho er moster til Marjit Hansdotter Hovde. Marjit Johannesdotter Venås gifter seg i 1803 med Ole Torbjørnsson Hovde. Han døyr i 1812, og Marjit Johannesdotter gifter seg med smeden Lars O. Moen u. Hovde. Dei får borna Ole, Kittel og Marjit. Ole Larsson (1816-78) vert klokkar i Tuddal. Han er ugift, bur i 1865 på Moen saman med syster si Marjit og sonen hennar, Johannes Folkvardsson. Smeden Lars døyr i 1858, han "faldt i Vandet". Klokkaren Ole Larsson melder i 1864 at mor hans, Marjit Svigsli, er død. Ho er nok Lindemans kjelde for kjempevisetekster, ho er vel også den "uuttømelige" når svigerdottera endeleg gjev henne lov til å kvede (Olaus Arvesen, Erindringer s.108). Sophus Bugge skreiv i 1863 opp "Maria", NMB I 46, etter Margjit Svigsli, og han skreiv opp "Tora liti", NMB I 50, etter Margjit Svigsli og Lars Haraldson Kåsi Lofthus, Lindemans kvedar. Samlarferd 1860 og 1861 s.49. Bugge: Margjit Svigsli og Lars Lofthus i Tuddal. NFS V,219. Jfr. Lars Lofthus og Margit Hovde.

Svinom, Anne, Åmotsdal, Seljord, Telemark. Svinom gnr 125.

Syning, Hæge, Mo, Telemark. M.Moe: 53 år (1890), datter af Olav Søning, gjæter i år på Vistad. Hun hadde hørt visa "Galit lækjer far sin", som faren hadde sunget for Sophus Bugge og flere andre samlere, men selv hadde hun ikke lært den. NFS

25,42. Berge: Dotter av Olav Ansteinsson Syning, d. i vaar (1913). NFS CLXIX,83 - CC,62-63.

Syning, Olav Ansteinsson, Mo, Telemark. Røynstrand: Olav (1804-1880) var son til Anstein Torjusson Nivelking frå Fyresdal. Olav gifte seg 1835 med Aasne Knutsdotter Vistadhaugen f. 1802. I 1865 budde Olav Ansteinsson med dotter si, Hæge 29 år, på Søning u. Vistadhaugen. Samlarferd 1860 og 1861 s. 202. M.Moe: g.m. syster av Jorunn Bjønnemyr (Aasne Knutsdotter Vistadhaugen). Hæge Bjønnemyr lærte av Olav Syning NFS 27,5. Bugge: Han lærte viser til Ingebjørg Sandvik. NFS I,176. Berge: Olav Ansteinsson kvad for ein Tidemand (professor, men veit kje om de var Adolf) paa Aasland. Han skreiv upp mange visur etter 'n. "Nu faar du synge første vers for mig av hver vise sa Tidemand (Lindeman?). "Sko eg songje hardt?" sa 'n, han hadde so hardt og gnelt maal. "Ja saa haart du bare orker", segjer hin. Og Olav sette til so de svara i veggene. Daa maatte sonen til Tidemand til læ. Daa slo Annsteinsson i borde. "Du tar kje læ aat meg du gut'e", sa 'n, "eg hev kvei fyrr i dag eg". "Ja, du har sunget før idag", sa Tidemand. I eit brudlaup kvad Olav. Olav Annsteinsson Syning sat paa Syning og brukta aar for aar, d. der for ei 40 aar sidan (1913). Var paa fatigkassa daa. Hadde berre Hæge til barn. Han hadde sterkt maal, og de hadde han hug til. Han hadde vori tambur i mange lag. Han hadde lært seg til trumbe i brudlaup. Han vart henta alt til Fyresdal. Trumbe brukta dei i brudlaup i deria ungdom. De var kje noko til lag utan der var trumbing. Asbjørnsen var til honom paa Syning, og han maatte upp til 'n paa Aasland. Han vilde hava gamle visur au. "Han va' her paa Søning ti gammelen, aa sat aa fortalte skrønur mei' den mei' konna, aa denna Asbjørnsen gossa seg aa lærde so eg tenkte 'n klovna". (etter Anne Syning, 1913). NFS CCCIII,41 - CC,62-64. Olav Syning var informant for Sophus Bugge og L.M.Lindeman. Jfr. Hæge Syning, Jorunn og Hæge Bjønnemyr, Torbjørg Ripilen og Ingebjørg Sandvik.

Søengen, Kristine Nielsdotter, Øymark, Østfold.

Saaveson, Gunnar, Telemark. Berge: Far til Olav Skoglund. NFS CCLVII,83.

Talleivsdotter, Ingebjørg, Mo, Telemark.

Talleivsson, Ola, Bykle, Setesdal, Aust-Agder.

Taraldlia, Åni, Moland, Fyresdal, Telemark. Taraldlien gnr 45.

Teigen, Knut Olavsson, Seljord, Telemark. Røynstrand: Knut Teigen f. 1812 var lærar i Åmotsdal og Flatdal, son til Olav Ådneson Svinom og Hæge O. Smedal (syster til klokkar Harald Smedal). Landstad sat i kyrkjestova i Åmotsdal om laurdagskveldane og skreiv opp. Samlarferd 1851 s.52 og 94. Berge: Knut Teigen var klokkaren her i bygdi etter Harald Smedal. Knut var fødd i Bøle. Han hadde umgangsskule i bygdi yvi her. Hadde 8-10 born og sat paa ein plass, og kjerringi eit øyland av dei verste. Klok, snild og viseleg. Knut Teigen i Åmotsdal var g.m. Asberg Sveinungsdotter Kvannbekk. Knut O. Bøle skreiv Knut seg for; han var paa Bøle daa han gjekk paa seminare, so heldt han de namne. Utlærd fraa Kviteseid-skulen, Thorsens tid. Gamle Hans Landstad (far av M.B. Landstad) hadde med Kviteseid (Kosa)-skulen som yvrystyrar daa. Knut, d. ca. 1864. Lærar paa Manheimstrond i 5 aar, so var han 9 aar i Flatdal og 15 aar klokkar i Aamotsdal. Han d. i Kristiania. Haugebonden kvad han i joli. Knut Rinde var der og so vilde han og ein annan faa honom til kveda. Han var god kvedar. So tok han Jørn (Jørgen Hardang) i fange og kvad Haugebonden. NFS CCLXXXIII,35-37 - CCCLXXIX,111 - CCLXXXIV,113. Flatin: I 1839 var Knut hjå prosten i Tinn og skulde taka eksamen: men prosten kunde ikkje gjeva han noko eksamensvitnemål. Han kunde ingen ting i Noregsoga, fælt lite i geografien --. Han hev det ettermæle at han var ein flink lærar og sers god til syngje. Seljord I s.279. Jfr. Jørgen Hardang, Steinar Gibøen og Harald Smeddal.

Telnes, Ingebjørg, Seljord, Telemark. Telnes gnr 14. Berge: Mor til diktaren Jørund Telnes, nære 90 aar (1914). Ho var eit litterært dana bondekvende. Norsk folkekultur 1929 s.54-57. Telnes var bytt millom Aaste (Nes) og Ingebjørg (Telnes). Jørn Telnes, far til Ingebjørg, slo seg ihel. Daa var Ingebjørg 8 1/2 aar. Daa maatte borni burt. Ingebjørg kom til Salvei Uppebøen, farsysteri, og sidan til farbroren Svein Laavadd i Bø. Gifte seg 19 aar gomol og busette seg paa Telnes. NFS CCLX,149. Flatin: Nils Sigurdson Forberge d. 1874, 59 år gamal, g.m. Ingebjørg Telnes. Ho døydde i 1916,

91 år. Dei hadde 2 bonn: Jørund og Anne. Jørund Telnes var fødd 20/1-1845 og døydde 3/2-1892. Mori hadde mest å segja for åndsvoksteren hans frå bånsbein. Ho var ei sers gåverik kvinne med eit framifrå minne heilt upp i sin høge alderdom. Ho var glad i folkediktingi, folkesongen og dei gamle tradisjonar, og ho hadde lesi mykje. Jørund vart send til Flåbygd der skyldingen og sambygdingen hans Halvor Torgeirson Åsheim heldt ein slag vidaregangande folkeskule. Seljord I s.478-79 og II s.104. Jfr. Tarje Aasheim og Jørn Bringa.

Tingvatne, Ingeborg, Kristiansand, Vest-Agder.

Tjønnestøy, M., Mo, Telemark.

Tjønnås, Gunnhild, Bø, Telemark. B.Hodne: fullt navn Gunnhild Hansdatter; hun var født i Bø i 1811, og var i 1875 gift med husmann m/jord Hans Evensen. Kattugla skreik så nest fyre Gonil Tjønnås døe. Eg veit mor sa dæ: "Nå trur eg gamle Gonil Tjønnås æ feig". Straks etter døe ho. Eventyret og tradisjonsbærerne s.47. M. Moe: Lært av mora. NFS 17,20.

Tjøregrov, Johanne, Stord, Hordaland.

Tollefsdotter, Olava Elsine, Bykle, Setesdal, Aust-Agder. Mor til Torstein Skou.

Tonstad, Anne, Rægevig, Tonstad, Sirdal, Vest-Agder. Tonstad gnr 52.

Tonstad, Torkell Asbjørnson, Tonstad, Sirdal, Vest-Agder. Tonstad gnr 52.

Torgunnerud, Kristoffer Hansen, Feiring, Akershus. Torgunrud gnr 25.

Tortveit, Olav, Buffalo River, Minnesota, USA. Tradisjon frå Fyresdal.

Tovsland, Hæge Vetlesdotter, Grungedal, Vinje, Telemark. Tovsland gnr 75.

Tresland, Eivind, Seljord, Telemark. Tresland u. Kivle gnr 52,3.

Berge: Eivind Tresland d. i Seljord. (Slåtterim, regglur, fillevisur.) NFS CCCV, usikker pag.

Troddedalen, Ingebjørg Thronsdotter (Hasledalen), Mo, Telemark.

Syster til Targjei Thronsson Mogjen. Bugge: Ingebjørg Troddedalen havde lært flere Viser af en Pige som igjen havde lært dem af Jorunn Bjønnemyr. NFS o,27. Beiarblakkjen IV, 1863, meddelt af Ingebjør Troddedal, som havde hørt sin Fader kvæde denne Vise, som hun sagde var meget lang. NFS

II,178. Berge: Ingebjørg Tronsdotter var gift med Olav Jonsson Brynestøyl, Mo. Han kunde mykje gamalt. Dei budde paa Brynestøyl, Hasseldalen under Midjaas, men ho (Kjersti Aase) veit kje av at Ingebjørg budde paa Troddedalen. Dei brukte paa Sørristog Fæddand, og der døydde Ingebjørg i 1870-aari, de var endaa mor av Kjersti som la aat augo hennar og la ho i ein eigin serk, den ho hadde esla seg. Olav drog til Amerika. "Dei livde mæ nøisomhet, men alli krouna". Bror hennar Ingebjørg het Olav Trondsson, han var den klokaste i Mo til aa setja upp brev for folk. Olav og Ingebjørg var av same ætti som Late-Lodvor, dei var visst komne fraa Byrte. Dei var flinke folk. Ingebjørg Tronsdtr. Troddedalen, den fæle kvedaren. Tone Olsdotter, dotter til Olav Brynestøyl og Ingebjørg Tronsdotter, som kunde kaldleg mykje. Tone, dotteri liver paa Dalen (1917). NFS DLXI,174 - CLXVII,3 - CCLXXXIII,77. Jfr. Targjei Mogjen, Trond Moen, Jorunn Bjønnemyr.

Trondsson, Knut, Lårdal, Telemark. Berge: Knut Trondsson, f.1782 d.1876. Far hans het Trond Bjørndalen; Bjørndalen er ein plass som ligg ovanfor Homme (gnr 18). Trond laag i lvgarden i Kaupenhamn; han var ein sterk rusul og han hadde au kjempekarar til sönir. De var no Knut, og so var de Olav og Staale. Rimsmedar og kvedarar og dansemeistarar og kjempekarar, de var Trondssønine--. Olav Trondsson slost med Nilsmund Heggtveit (lensmann og bygdediktar på gården Heggtveit gnr 15 og 16, bror av Ingeleiv Ramberg). Knut Trondsson "laag ute" baade i 1808 og 1814. Knut var g.m. dotter til Aslak Aarus. Dei hadde ein son het Olav; han drog til Amerika endaa med gamlen livde (1867). Der gjorde han de godt. (Telesoga h.3 s.22, h.14 s.14). Historielaget for Telemark og Grenland. Årsskrift 1922 s.33-40. Knut Trondsson, Bygdedikting fraa Telemarki XVII, Skien 1922 (utdrag). Jfr. Ståle Sandbekk, Anne Stålesdotter, Tone og Gunnhild Sagahaugen, Sigrid Veamyrane, Tone Vistadbakken og Ingeleiv Ramberg.

Trongkleiv, Kristian, Seljord, Telemark. Liestøl: upp i mot Øvland (gnr 22 og 54) burtanfor Vollarbrui. Bugge: lært av Nils Huse. NFS b,140. Trangklev gnr 2.

Traa, Krestense Eivindsdotter, Åmotsdal, Seljord, Telemark.

Informant for Olea Crøger. Maal og Minne 1926 s.57.

Trå, Margit Olsdotter, Sauland, Hjartdal, Telemark. Røynstrand: Marjit Olsdotter (1795-1868) er fødd på Bekkhus i Sauland, (Bækhus i Hjartdal gnr 16) dotter til Ola Olsson og Margit Kittelsdotter. Ho gifter seg i 1815 "22 Aar" med enkjemannen Grimar Olsson Skårdal. Dei bur på Boshaug u. Skårdal (gnr 63 og 64), men er husfolk på plassen Traae u. Øyen (gnr 62) då Grimar Olsson dør i 1839. Samlarferd 1860 og 1861 s.73.

Tufte, Ola, Gransherad, Telemark. Tufte gnr 25. Berge: f.1830.

NFS CCCXXXIII, 23.

Turrgranflaten, Nils, ikkje lokalisert.

Tvedten, Halvor Nilsen, Bø, Telemark. B.Hodne: M.Moe sto i nær kontakt med Halvor Tveiten. Dette fremgår av den korrespondansen det er vist til på s.23. Halvor Nilsen var født på Tveiten gnr 15 i 1834, men han bodde der ikke. I folketellingen av 1875 er "Tvedten, nedre", ubebodd. Som eier er oppført "Halvor Nilsen Tvedten". Han drev litt av gården og dyrket korn og poteter. Han er registrert bosatt på Gunnvorskås i 1875, sammen med sin kone Rønnaug, som han hadde ektet i 1863. Halvor Tveiten er oppført som selveier og sparebankkasserer. Ekteparet flyttet senere til Troenskås, som var Rønnaug Kittilsdatters gård. Her døde både mann og kone, Halvor i 1901 og Rønnaug i 1902. Det finnes bygdetradisjon om Halvor Nilsen: "Halvor Nilson Tveiten på heia, Ganvorskåsen dei kalla, var borte i skogen og gjætte. Då gådde han 'kje før det kom ein bjønn i buskapen og slo i hel ei kvige. Halvor krabba opp i eit tre. Han hadde øks med og hogg flisar og kvistar og kasta på bjønnen som ble så tirra og terren at han tok ut". Eventyret og tradisjonsbærerne s.69-71.

Tveit, Eli, Sørhuglo, Stord, Hordaland.

Tveit, Gunnhild Jonsdotter, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark.

Tveit i Dalane gnr 51. Berge: 67 år i 1907. Lært "Den vonde stjukmori" av Audver Haugkasine. NFS CI,49 og 56.

Tveit, Talleiv Ånundson, Åmli, Setesdal, Aust-Agder. Tveit gnr 10 og 51.

Tveita, Børte Haraldsdotter, Drangedal, Telemark.

Tveiten, Margjit, Grungedal, Vinje, Telemark. Berge: Margit Hallvardsdotter Tveiten fraa Grungedal var fødd 1835, dotter

til Hallvard Gugarden, mor til Gunnhild Sollid og bestemor til Brita Bratland og Margit Gunvaldjord (Gunvaldjord gnr 92). Margit Tveiten gifte seg snaudt 20 aar gomol. Baate faren og mori var eiberingar, og hadde baate Uppigard Eddand (gnr 88 og 89) og Gugarden (gnr 93). Ho kom til Uppigard 12 aar gomol, daa foreldri flutte der ut, for Eivind, eldste bror hennar, tok imot Gugarden, og der var ho til ho gifte seg. So fekk Vetle Uppigard. Daa Margit gifte seg, flutte dei til Suigard og brukta der, men kom so til Tveiten. Margit og mannen budde i eldhuse. Vetle minnest røykstogo, at dei tok røykhellune upp daa dei la inn golv. Ho lærde visur av Sigrid Viki, syster eller dotter av gamle Aasmund. Ho hadde mest etter Knut Eddand, etter far sin og Tone Sauland. Margjit døydde 22/2-1927 i sitt 88de aar. Eg hev aldri raaka nokon kvedar med so sprudlande ein rikdom, slikt eit lot og lynde i kvedingi og slik ein veive til aa vera paa lune til alle tidir og for kven som vilde lyde paa. Yvi 200 visur eller stubbar av visur og gamle stev skreiv eg upp etter henne. Dinæst nokkre segnir og sogur, men lite av eventyr. Merkelegast var kannhenda at læretidi hennar paa visur og songar so aa segja varde heile alderen. Paa lag 100 tonar kvad ho inn. Catharinus Elling hadde vori der og skri- vi upp somme av tonane hennar. Lært "Beiarblakkjen" av Knut Edland og "Margjit Hjukse" av Tone Sauland. NFS DCI, 73 - DLXXX, 12 - LXI, 81 og 89. (Nekrolog i Norig 27/2-1927). Vinje og Rauland I s.257. Jfr. Knut Edland, Halvor Gugarden, Hallvor Bjaaen, Svein Tveiten, Margit Groven, Knut Skyttja, Odd Edland, Brita Bratland, Gunnhild Sollid, Tone Sauland og Margit Gunvaldjord.

Tveiten, Nils Blaksli, Bø, Telemark. Tveiten gnr 15 og 36. M.Moe: omtr. 50 år i 1882. Hørt som smågut "Haugebonden" af gl. Halvol Kjønntveit. NFS 17, 16.

Tveiten, Svein Knutsson (Hovden), Bykle, Setesdal, Aust-Agder og Grungedal, Vinje, Telemark, f.1841 d.1924, 83 år. Ø.Vesaas: Han er fødd i Hovda gnr 2, men foreldri var grungedølar. Og sjølv hev han livt 55 aar i Sætesdal og 25 i Telemarki. I det bilet Svein voks upp, var det tronge tider i fjellbygdene. Foreldri hans kom ifraa garden. Og daa faren døydde i sine beste aar, var det Svein som laut syta for mori. Det

vart eit strævamt liv i slit og arbeid, med slaat og jordbrjoting og timberhogst og kva som kunde falla. Stundom tok han og paa Nordlandet, og ein vetter rodde han fiske ikring Karmt. Daa han var 30 aar gamall, gjifte han seg med Tone Gardsteig Tveiten or Grungedal. Han kaupte daa gard i Tveiten gnr 86 og busette seg der. Fraa den tid av skreiv han seg for Svein Tveiten. I 1896 fekk han kaupe att farsgarden sin (Hovden). Han let daa ifraa seg Tveiten til eldste sonen, og flutte med dei andre borni til Hovda, han hev født upp ein stor barneflokk. Songmaalet hans er baade sterkt og mjukt og varmt, og han feller musikken meisterleg etter innhald og maalform. Svein hev lært i barne- og ungdomsaari sine. Daa dreiv dei mykje med visekveding i Bykle. Dei som kunde mest og kvad best, var Hallvor Bjaai og Tjodvor Breivi. Og baae desse var Svein mykje saman med. Far hans var og ein god kvedar. Svein Tveiten er rein telemarking, ætta fraa Kvammen i Omesdal og fraa Tovsland i Grungedal. Svein trega paa at han hadde fortalt Skar so mykje om Haddvor Bjaai. Det var liksom han totte Hadvaar blei halvest til spetakkel. Og Hadvaar va so bra ein mann. Det hev forondra meg naar eg hev lese Skars forteljingar om Hadvaar Bjaai, som er fortalaide av ein Vinbyggje om ein Vinbyggje, at han sett om altsaman te sæbyggjemaal. Svein brukta alli ana Vinjemaal baade i rør og i visur. Det var ogso greidt aa skyna at visune var Telemarksvisur. Svein fortalaide sjølv at han ha visune fraa Hadvaar Bjaae, og Haddvor livde heilt i den gamle vise- og sogutid som der endaa var i Haukeli og Grungedal og Smerklep og noko mykje i Vinje au. Svein fortalaide at han konna minnas fraa 'n va ein liten gut naar Knut Eddand aa Hadvaar va i hop og fortalaide gamalt og kvad: "Eg høyrd med gamle Knut Eddand og Hadvaar Bjaai sat rødde. Eg ha' den lukke eg fekk vera med dei. Dei livde lissom heilt i den gamle tid endaa. Aa eg au mæ eg va' i uppvokstern, eg kona so mykje, men so kom den nye tid aa der kom inn so mykje nytt, og det gamle kom tilsides. Og eg gløymde burt so mykje. Jamvel gamle Hadvaar Bjaae laut lære songjinn i Fridtjos saga. Fe naar 'o kom denne Fridtjos saga, so blei de den daa som va sværaste aa Hadvaar laut lære den au. Norsk Aarbok 1921 s.141 (utdrag) og NFS DCXXIII, 33-39 og 43. Berge: Kona var

kleinhelsa og døydde paa baaneseng, han miste two sönir ved ulukkur. Svein budde, fyrr han vart gift, lenge i Sæssvold, laag mykje veida. Var au i Bjaae. Fyrst daa han vart gift flutte han til Telemark. Han budde fleire aar paa Gardsteig, kom so til Nordistog Tveiten, som han kaupte av Kjetil, bror av Tone. I 1921 bur han avsides, paa fjøllgarden Hovden millom Vinje og Bykle. Mange hev skrive upp etter honom; eg nemner Johannes Skar, Torleiv Hannaas, Alexander Seippel, Catharinus Elling, Øystein Vesaas, O.M.Sandvik, Knut Hoslemo o.a. Norsk folkekultur 1921 s.72 (utdrag) og NFS DCI,73. Rikard Berge og Eivind Kvålen har og skrive opp etter Svein Tveiten."Eg (Svein) kva denne visa for Odde Eddann ein gong i joli. Han laag paa sengje. So vakkra han upp: "No hev eg alli høyrt den visa so godt kvedi si fai livde". Lært "Agnete og havmannen" og "Den vonde stjukmori" etter Tjodvor Breive, "Rikeball og Gudbjørg" etter Hallvor Bjaaen. Tveiten var informant for Hannaas, Berge, Sandvik og Eivind Kvålen. NFS DLXXII,7 - CCXCII,33 og EFI T.Hannaas 407,46. Skar: Gamalt or Sætesdal III s.335. Berge: Vinje og Rauland I s.255-57. Sandvik: Setesdalsmelodier s.9ff. Jfr. Knut Edland, Hallvor Bjaaen, Tjodvor Breivi, Margit Groven, Odd Edland, Hallvard Gugarden, Margjit Tveiten, Margit Gunvaldjord og Brita Bratland.

Tvigyva, Gunnhild, Lårdal, Telemark. Berge: Gonil Tvigjyva var systkinbarne til godmor av Hæge (Kilan)(morane deira var systrar og uppfødde i Laardal.) Ho leid vondt, dei aat ho upp, skyldingane. Ho hadde 4 kyr, so vilde dei laane av henne kyrne, og so fekk ho dei kje att. NFS CCXXXIV,92-93. Jfr. Hæge Kilan og Kristi Aase (Maagebekk).

Tvigyva, Tone Aasmundsdotter, Lårdal, Telemark. Berge: Konen Tone Aasmundsd. Tvigyva f.1825 d.1881, dotter til Anne Lillegård og mor til Anne Moen. Ho døe paa Tvigjyva. Mannen het Olav Skottveit. NFS CCCIV,32 - CCXXIII,12 - CCXLV,257. Røynstrand: Spelemannen Torgeir Tvigyva var son til Anne Aanundsdotter (Olav Bakken, "Lårdalsoga" s.211). Samlarferd 1851 s.60. Jfr. Anne Lillegård og Anne Moen.

Tysland, Leiv, Seljord/Kviteseid, Telemark.

Tømråsen, Daarte Olsdotter, Gjerstad, Telemark. Berge: g.m. Nils Dalen, Bø. Mor til Kjersti Bergestig. NFS CCLXI,64. Jfr.

Kjersti Bergestig.

Uddgaren, Sverre, Seljord, Telemark. Utgården gnr 45.

Uggaren, Ingebjørg, Kviteseid, Telemark. Liestøl: Uggaren gnr 48  
ligg nord i Kviteseid midt upp for Lundevall.

Utabjå, Sigrid, Mo, Telemark. Utabjå gnr 7 og 8.

Valavatna, Kristi, Stord, Hordaland.

Vangen, Rønnaug, Lom, Gudbrandsdal, Oppland. Vangen gnr 54.

Vaugsgare, Øli Evensdotter, Flatdal, Seljord, Telemark. Røynstrand: Eivind Halvorson Nordstog og Gro Øysteinsdotter Skeie i Flatdal, gifte 1779, hadde seks born, mellom dei Øli, gift 1810 med Halvor Napastad, bror til Eivind som drap Sterke-Nils. Øli og Halvor budde på plassen Skogen under Garvik, og ho vart kalla Øli Skogen. Dei for med fesseri, både Øli og mannen kunne trolle. Dei var fatige og hadde stor huslyd, 9 born. Ein, Sondre, var far til eventyrforteljaren Olav Tjønnstaul, far til spelemannen Jørgen Tjønnstaul. Mormor til Olav var visekvedaren Anne Golid. På sine gamle dagar budde Øli hjå bror sin i Voueskare. Ho kvad då folkeviser for Landstad. Samlarferd 1851 s.91-92. Flatin: Voueskare plass under Haugstogogardane gnr 66. Seljord II s.537. Jfr. Anne Golid og Ingebjørg og Ånon Lindeklev.

Veamyrane, Dagne, Vrådal, Kviteseid, Telemark. Berge: Dagne Veamyrane, komen frå Fyrisdal. Syster av kvearane Joronn V(eamyrane) og Svein Rue. Mor deiris var meistarkvear. NFS CCLIII,14. Jfr. Svein Rui og Joronn Veamyrane.

Veamyrane, Joronn, Fyresdal, Telemark. Sjå ovanfor.

Veamyarane, Sigrid, Veum, Fyresdal, Telemark. Berge: Syster av Gunnhild Sagahaugen Veamyrane. NFS CCXLIX,62. Jfr. Gunnhild Sagahaugen, Anne Staalesdotter, Ståle Sandbekk, Tone Sagahaugen, Knut Trondsson og Tone Olsdotter Vistadbakken.

Vegheim, Knut, Rauland, Telemark. Vegheim i Sauherad gnr 56-58.

Veredal, Ranveig, Eiken, Vest-Agder.

Verpe, Jørund, Bø, Telemark. Verpe gnr 28. Berge: 55 år i 1914.

Mori, Kjærsti Kjetilsdotter Øvland, Øv.heidi. NFS CCLXI,55 - CCLX,189. Flatin: Seljord II s.153.

Verpe, Torill, Bø/Seljord, Telemark. Verpe gnr. 28 i Bø.

Veseth, Johannes O., Haus, Hordaland. Veset gnr 49 og 50. "Formedelst Reiser og Forretninger som Gaardbruger, Lensmand og Medlem af Vos og Hardanger Fogderis Kommission har jeg kun havt liden Tid tilovers --- ."Aa høire du spake Bonnemann" (Haugebonden), afskrevet saaledes som jeg i min Barndom lærte den af min gamle Farmor". J. Veseth i brev til H.Ross. NFS M.Moe 72,5-6.

Veslestoul, Lars, Seljord, Telemark. Flatin: Veslestoul var au

upphaveleg plass. Sveinung Tolleivson sel eigedomen til Lars Larsson. Lars var son til Lars Halvorson Gravald, voks upp på Haugstoul under Dalane, Heidi, var fødd 1829 g.1856 m. Torhild Olavsdotter Haugstoul f.1812. Lars var forresti ein skruve for seg sjav (Kjetil Flatin: "Tussar og Trolldom", Oslo 1930 s.69-74). Då Moltke Moe for her på folkeminnesamling i 1891, skreiv han upp ymse visur og anna etter Lars. Um visekvedingi hans segjer Moe: "Han synger alle sine viser til en og samme melodi". Seljord II s.47-48. M.Moe: Lars Veslestoul i Sellgjord, født på Gardvikheii, lært af "Dalskaræne", nu på Manheimsstrondi op for Strond, 60 år (1891). NFS 25,196. M.Moe: "Så song'n fe meg gamle Per Haslevikji, åleis hev ikkje eg 'o, eg". "Dalskarane song desse visune, når dei va druknne, fe di brende brennevin i den tii, eg minnes dæ så väl--, då va eg ellev år å då lærde eg desse visune". NFS 25,255 og 273. Berge: Lars Veslestoul hadde sine visur fraa Anne, mori, som var dotter av Torbjørg og Gunnar Fiskøl (Fiskhyl pl. u. Gardvik). Halvsyster hans var Åse Lia. Lars var mykje ihop med Hølgje Gaange. Han sette mange historiar i Lars, han. Lars budde daa paa Haugstaul. Lars Veslestaul livde so mykje ihop med tussane. Han flaug skogane yve og leita etter tussegardar. Kasta knivar og freista. Ein gong tulla tussen for 'n. Olav Kosi var arbeidslaus og klædde seg so i tusse og sa: "Vri lako di i sving aa set 'o paa Gullbring". Gullbring var ein haug. Lars flutte husi fraa ein lagleg stad til ein fælt ulagleg. So fekk Olav arbeid --. Etter M.Moe hadde fengi av 'n, so vart Lars noko modigare. Fyrr hadde han aldri børta um deim, men no kvad han deim i lag og dans. Han sa de Egil Aaneim: "Naar 'n ikkje konna versi, so dikta 'n te aa prøva aa jamne dæ fram". NFS CCCXXXI,34 - CCCXXX,10 (6) og 47 ( ) - CCCLXXIX, 143-44. Jfr. Hølgje Gaange, Anne Fiskhyl og Per Haslevikji. Vesaas, Øystein, Vinje, Telemark. Kunsthåndverkar. Vesaas gnr 63. Veum, Gjermund Gunnarson, Fyresdal, Telemark. Veum gnr 85 og 86. Berge: f.1842. Son til Signe Hallvorsdotter Veum. Geirmund hadde tradisjonen etter mora. Visefugg skriven av Geirmund G. Veum. NFS CCXLIX,49 - CCLI,88. Veum, Signe Hallvorsdotter, Fyresdal, Telemark. Veum gnr 85 og 86. Berge: Mor til Geirmund Veum. Ho kunde fælt mykje, men

ingen var til henne. Ho var f. paa Breidvik. NFS CCXLIX, 49.  
Jfr. Gunnhild Sundsli.

Viken, Margit, Skafså, Mo, Telemark. Viken gnr 44.

Vindal, Aslaug, Seljord, Telemark. Vindal gnr 19. Flatin: Halvor Halvorson Uvdal g.m. Aslaug Gunnulvsdotter fær skøyte på eigedomen Vindal av far sin i 1841. Versonen, lensmann Targrim Mattisson Kleppen fekk skøyte på Vindal m.fl. gardar i 1899. Han var g.m. Aslaug Halvorsdotter Uvdal. Seljord II s.157. Berge: Ingebjørg Flatin, dotter av Aslaug kann visst visur etter mori ---. Bur nære prestegarden. NFS CCCXXVIII,- 64.

Vislandskosi, Ingebjørg, Skafså, Mo, Telemark. Berge: Dotter av Anne Skålen, 66 år i 1913. NFS CCCIII, 26 - CCXLVII, 83. Jfr. Anne og Jon Skålen.

Vistadbakken, Ambjørg, Mo, Telemark. Vistad gnr 42.

Vistadbakken, Kari, Vrådal, Kviteseid/Skafså, Mo, Telemark.  
Vistad gnr 42.

Vistadbakken, Tone Olsdotter, Lårdal, Skafså, Mo, Telemark. Vi-  
stad gnr 42. Røynstrand: Tone Olsdotter Vistadbakken (1786-  
1868) var av Ståleætta i Lårdal. Ho var dotter til Olav  
Stålesson f.1752 og Anne Ånundsdotter f.1757. Tone vart fødd  
på Rauækre i Lårdal, men i 1801 budde Olav Stålesson og Anne  
med Tone 15 år, Ståle 13 og Ragnhild 8 på Nordbø u. Lauvvik  
i Skafså i Mo. Tone Olsdotter gifte seg i 1808 med Ånund  
Gunnarson og vart buande på plassar u. Lauvvik i Skafså.  
Mannen, Ånund døydde i 1844. Dotter Kari f.1811 gifte seg  
med Olav Bendiksson f.1803 i Vrådal (Loupedalen. Kviteseid  
I, Bendik 7). Dei budde i 1865 på Vistadbakken og hadde hjå  
seg "Thone Olsdatter, hendes Moder, Enke, Lægdslem 80 Aar,  
født i Laardal". Lindeman hadde møtt kvedar av Ståleætta  
før, Anne Stålesdotter som tente på Solum prestegard. Sophus  
Bugge skreiv opp i 1857 etter "Konen Torny Vistadbakkjen i  
Mo, født i Skafsa. Samlarferd 1860 og 1861 s.203-04. Jfr.  
Anne Stålesdotter, Gunnhild Sagahaugen, Sigrid Veamyrane,  
Ståle Sandbekk, Tone Sagahaugen, Knut Trondsson, Hæge  
Bjønnemyr og Kari Vistadbakken.

Vistadhaugen, Ambjørg, Mo, Telemark. Vistad gnr 42. Jfr. Olav  
Syning g.m. Aasne Vistadhaugen, syster til Jorunn Bjønnemyr,  
jfr. og Gro Sjåheim.

Væting, Eldrid, Fyresdal, Telemark. Væting gnr 35.

Eptestøl, Ola, Fjotland, Vest-Agder.

Eptestøl, Tolleiv, Fjotland, Vest-Agder.

Øveland, Lavrants, Seljord, Telemark. Øverland gnr 18 og 22.

Flatin: Lavrants var fødd 10.novbr.1829. Far hans var Knut Olavson Synsttveiten, bror til Anne Godlid, bestemor til Olav Tjønnstoul - so han hadde godt å likjast på. Knut vart oppfostra hjå Lavrants Sørenson Øvland, g.m. Ragnhild Tovsdotter, komi frå Synsttveiten, morsyster hans Knut, og so fekk han sidan garden av dei. Kona hans Knut heitte Kjersti Guttormsdotter og var komi frå Nes. Lavrants Knutson fekk ikkje onnor upplæring enn ein uvand umgongskule; men likevel var 'n god til å skrive og ein upplyst mann for si tid. Han var mykje med i styr og stell i bygdi, medlem av heradstyre, takstmann o.s.br. Jørund Telnes og Lavrants var mykje ihop, dikta og rødde og gapa seg. Moltke Moe totte so gildt i visune av Lavrants. Han var til Øvland og skreiv upp fleire av diki hans. Det var då han dikta visa um Moltke Moe og Olav Strond bli bergtekne. Lavrants vart g.m. Jorunn Eivindsdotter Nes i Flatbygdi. Dei hadde ei dotter, Bergit, g.m. Steinar Jensson Øvland (Gåsdalen). Lavrants døydde 3. mai 1901. Seljord I s.463-64. M.Moe: "Haugebonden" etter en gl. kjæring fra Netten, hørt i et barsøl da Lavrans Øveland var en 13-14 år. NFS 30,69. Berge: Jørund Øverland kom til honom, daa hadde han sett tjørukrossar yvi kvar baasen i fjose. Bygdedikting frå Telemarki XX s.7. R.Berge: Bygdedikting fraa Telemarki X, Skien 1917. Jfr. Anne Golid og Ingebjørg Telnes.

Øverbø, Guro (Gaange), Seljord, Telemark. Øverbø gnr 138 i Åmotsdal. Berge: Syster til Hølje Nirison Gaange og syskenborn til Torgjus Byggland. Jfr. Hølgje Gaange og Torgjus Byggland.

Øverbø, Marit Pedersdotter, Bøverdalen, Lom, Gudbrandsdal, Oppland. Øverbø gnr 64.

Øvland, Høye Kjetilsson, Seljord, Telemark. Øverland gnr 18 og 22. Flatin: Høye høyrde til ei av dei gåverikaste ættine i Seljord. Bestefar hans var Høye Eivindson Natadal (Natadal

gnr 72) i Flatdal. Um honom skriv Wille: " - var født og opdragten medens den tykke vankundighed beherskede Tellemarken og dog besad han udstrakt Kundskab i Religionen, skrev en smuk Haand, og var ikke ueffen i simpel Poesie. At giøre Godt, understøtte de Trængende og lede de Vilfarende, var altid hans kiæreste Forretning, i hvilket med mere han viiste sig i Verden som en stor Menneskeven." Sonen hans, Kjetil Høyeson, kaupte Øvland i Seljord og budde der. Han var g.m. Ingebjørg Kristoffersdotter Gjuve i Nordbygdi. Dei hadde mange bonn og eitt av dei var Høye Kjetilson, bygdediktaren. Han var fødd 4.desbr.1782 og var som faren og bestefaren ein gåverik mann, glad i kunnskap, god til røda for seg og uvanleg flink til skrive. Høye var gift 3 vendur: 1. m. Gro Eivindsdotter Sundbø, 2. m. Margit Torsdotter Tvingeli, 3. m. Turid Olavsdotter Nordgarden i Langlem. Kjetil Øvland og Eivind Nordgarden var sønine hans etter den fysste kona, både sers vyrde mennar i bygdi. Seljord I s.449-50. Røynstrand: Høye Kjetilson var valmann for Seljord i 1814 og mange gonger sidan. Samlarferd 1851 s.59. Berge: Høgje Kjetilsson Øvland var fødd paa Øvland. Tri gongir gifte han seg, og druste lag heldt han kvar gong. Han lika de endaa so krent, daa han henta heim Margit Torsdotter Tvinglid (1824), at han møtte ei fatigkjerding. Men daa han møtte same fatigkjerding den gong han henta heim tridje kona si (1829), daa vart han heitende harm; han visste daa de var fyri feigdi hennar som de var fyri fegdi av den første. For baa konune døydde paa barnseng. Høgje var god kvedar, han hadde so rallande ein tone paa "Haugebonden". "Den mins eg best'far saang om joleftan fe kaan", fortalte eit av godborne hans. Presten Landstad skreiv upp visa og organist Lindeman tonen, so no dansar dei "Haugebonden" med Øvlandtonen til yvi heile Noreg. Høgje døydde paa Øvland 13/2-1875, 92 aar gamal. R.Berge: Øvlandsætti, Bygdedikting fraa Telemarki XX, Porsgrunn 1926, (utdrag). I ein visefugg skriven av Selgjords-bonden Høgje Kjetilsson Øvland finst dikte bland ei mengd avskriftir av kjend dikting. Norsk folkekultur 1932 s.20.

Øyuvssåsen, Gunnhild Aslaksdotter, Mo, Telemark. M.Moe: nu Søistog Feddand, født i Nesland, 58 år (1891). NFS 27,64. Jfr.

Torbjørg Ripilen.

Åheim, Åsmund, Lårdal, Telemark.

Åhus, Ole Grundeson, Bygland, Setesdal, Aust-Agder. Åhus gnr 45. Bror til Gunnstein Frøybak. Røynstrand: O.G.Aakhus f. 1835 d.1910. Han var gift først med Siri Gunnarsdotter, så med Jurid Gunnarsd. Langerak. Han gjekk noko på Holt Seminar og var lærar 1860-1875. Han kjøpte gard på Austad og vart bonde. O.G. Aakhus var ordførar 1879-1887, var lensmann ei tid, var bankkasserar og klokkar. "Det var sprett og spenn i fakter og gongelag. Dei var so, dei Åhusbrørne" (Bygland I s.84). Dei fem borna til Grunde Gunnsteinsson og Birgit Danielsdotter er grunnleggjarane av Frøybakspelen (Setesdal Spelemannslag 50 år s.62). Broren Daniel Grundeson Åhus f.1822 d.1892 hadde skysstasjon. "Han ha besøk av sprokmenn som Ross og Ivar Aasen. Ludv. M.Lindeman stoppa lang ti paa Aakhus aa fek folk i bygda te tralle, kveda aa synge gamle tonor som han sette ne paa noto, so spila han det etterpaa paa eitslags orgel han ha mæ seg". (Eivind Danielsson Aakhus (1854-1937), Ettesoge s.33). Samlarferd 1860 og 1861 s.164, 174 og 178. Skar: Gamalt or Sætesdal I s.302. Syn og Segn 1900 s.300-302.

Aaland, Sigrid Hallvordsdotter, Vinje, Telemark.

Åmot, Sigrid Hallvorsdotter, Vinje, Telemark.

Åmtveit, Talleiv, Kviteseid/Seljord, Telemark. Åmtveit gnr 81 i Kviteseid.

Aanundson, Olav, Vest-Telemark.

Aarli, Anne Gjøvdal, Åmli, Setesdal, Aust-Agder.

Armote, Hæge Olsdotter, Mo, Telemark. B.Hodne: f. 7/2-1787, konfirmert i Mo 1807. I 1818 28 år gl. g.m. enkemann Lars Peder Rydningen, 31 år. Han var av husmannsfolk. I sitt ekteskap fikk Hæge og Lars følgende barn: 1. Aslaug f.10/7-1820, døpt 23/7. Foreldrenes oppholdssted Rydningen. 2. Ole f.12/8-1823, døpt 12/10. Foreldrenes oppholdssted Rui under Lie. 3. Peder f.1/4 1826, døpt 21/4. Foreldrenes oppholdssted er fortsatt Rui under Lie. Vi vet ikke når Hæge og Lars flyttet til Armote, men vi vet at de bodde der i 1848, for da døde husmann "Lars Pedersen Aaremodt i Mo", 62 år gl. Hæge Olsdatter, husmannsenke, oppholdssted "Aarmodt i Mo",

døde 4/7-1860. Vi vet svært lite om Hæges og Lars' liv utover det som allerede er nevnt. De var av husmannsfolk, og de var selv husmannsfolk, og de var svært fattige. Det er ikke noe skifte etter dem da de døde. Og hverken Lars eller Hæge er nevnt under personer som ble i lagt den såkalte Sølvskatten fram til 1829. I oversikten for Mo i Riksarkivet er mange husmenn nevnt som skattepliktige. Norveg 21 s.155-65 (utdrag). Bugge: "Ingen af de her meddelte Viser er holdt i et saa alderdommeligt Sprog, har bevaret saa mange gamle Former og Ord, som de, jeg har hørt af en gammel Kone Hæge (Helge) Aarmote i Mo Præstegjeld. Hun havde i sin Barndom af sin gamle Fader lært en Mængde Viser, som hun mindedes forunderlig godt. GnF 1858 (NFL 106, 1971) s.XI. Jfr. Ole Omsberg, far av Hæge og brørne Mikkjel og Ole Omsberg (Profetli), syster Sigrid Floten, systerdotter Liv Årmote, Jorunn Bjønnemyr og Anne Hermodsdotter Haugen.

Årmote, Liv Hallvorsdotter, Mo, Telemark. Berge: Liv Aarmote var systerdotter til Hæge Aarmote. Bror til Hæge, Mikjal, kunde kveda heile notti og ikkje taka upp att. Syskine var: Olav, Olav, Mikjal, Torgjus, Hæge Aarmote, Torbjørg (mor til Liv Aarmote), Sigrid. Liv Aarmote var komi fraa Stakksvik paa Byrte. Ho hadde two lausbarn. Ho livde her i bygdi, dreiv med taka seg kretur um sumro. Liv d. for 31 aar sidan (1911). NFS CCXXIII, 69-70 - CC, 65.

Aartveit, Aslak, Rauland, Telemark. Berge: Aslak Aartveit var av husmannsætt, komi fraa Skaalestrond, son til Olav Aslaksson f.1751 og Anne Sveinsdotter f.1754. Aslak heldt umgangsskule uppi Haukelid og Edland. Han hadde ein visefugg stor som ein bibel. Fuggen gjekk jamleg paa laan. Vetle, son hans Aslak, drog av med fuggen til Amerika. Det var ikkje vent, men sterkt, kvedarmalet hans Aslak. Ikkje sjeldan henta dei honom til kjøkemeistar eller kjellarmann. Aslak kvad kjempevisur baade av hovudet og slike han hadde or Kjempeboki. Det var ymist med 'n Aslak, han kunde ikkje føre rettig ut visune, og so vred han det til som han kunde. Det for ein "studentar fraa Kristiania" som skreiv upp visur etter 'n Aslak. Han het Sophus Bugge. Men han var so næpen paa at det ikkje skulde vera or Hundradviseboki og vilde hava so rare visur. Aslak var trollmann, han kunde bloddemmen. Han stilte

blodet paa mange. Aslak var gift tri vendur. Han døydde 1869. Vinje og Rauland III s.651-55 (utdrag).

Aase, Kjetil, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark. Aase gnr 104.

Berge: 73 år i 1906. NFS CLXV,13.

Aase, Kristi Jørundsdotter (Maagebekk), Lårdal, Telemark.

Hannaas: "Dessa ori (tri strofer av Draumkvedet) dei kunna bestemor. O ho kunna kje mei hell. Ho heitte Kristi Maagebekk og var fraa Laardal", (etter Hæge Kilan). EFI 396,41.

Jfr. Hæge Kilan og Gunnhild Tvigyva.

Aase, Tor, Seljord, Telemark. Aase gnr 92.

Aasheim, Alet, Seljord, Telemark. Åsheimgardane gnr 47, 49 og 50.

Jfr. Tarje Aasheim.

Aasheim, Ingebjørg Lisle, Seljord, Telemark. Åsheimgardane gnr 47, 49 og 50. Flatin: Seljord II s.401.

Aasheim, Tarje Jørensson, Seljord, Telemark. Åsheimgardane gnr 47, 49 og 50. Bugge: Ingebjør Kivle og hendes Søster Aaste Haugjen i Kivlegrend, Selgjord 1874. Targjei Aasheim var deres Farbroder. Alet Aasheim, Selgjord 1874, Targjei Aasheims Sønnekone. NFS VI,151-52. Røynstrand: Tarje Jørensson f.1788 d.1864 hadde Åsheim Vestigard. Mor hans var Ingebjørg Jensdtr. Telnes, kona var Ingebjørg Halvorsdotter Geirskvam. Tarje Åsheim var som venen sin Tarje Vinsvål både kvedar og visediktar. (Tarje Vinsvål var venn av Høye Øvland, kvedar og bygdediktar.) Sonen Halvor Åsheim f.1823 d.1878, var lærar og kyrkjesongar i Flåbygd. Tone Tarjesdotter f.1829 d. 1/7-1896, fylgte den ugifte bror sin, styrde heim og klokkgard for han. Slektningen Jørund Telnes, diktaren f.1845 d.1892, kom til Flåbygd og gjekk på den litt vidare-gåande skulen som H.T. Åsheim heldt. Og der gjekk Tor Bjørge. Han har fortalt korleis Tarje sat og kvad heile natta, då han var på jolegjesting hjå borna sine i Lunde. Samlarferd 1851 s.90-91. Flatin: Seljord II s.401. Berge: Bygdedikting fraa Telemarki III s.94-95. Jfr. Ingebjørg og Tone Kivle, Gunnhild og Karl Brotten, Åste Haugen, Ingebjørg Telnes og Alet Åsheim (Legendeviser var. V s.88-89).

Åskleiv, Eiliv, Fyresdal, Telemark.

Åsland, Guro, Mo, Telemark. Åsland gnr 43.

Aasmundstad, Olav, Kvikne, Gudbrandsdal, Oppland.

## KVEDARAR.ABC

Agdestein, Anders, Stord, Hordaland.  
Allmannskosi, Maren, Seljord, Telemark.  
Andersen, Halvor, Sauherad, Telemark.  
Askedalen, Aslaug, Vrådal, Kviteseid, Telemark.  
Audversækre, Eiliv Olsson, Mo, Telemark.  
Audversækre, Eivind Talleivsson, Høydalsmo, Lårdal, Telemark.  
Aukrust, Olav, Lom, Gudbrandsdal, Oppland.  
Austad, Olav Eivindsson, Bygland, Setesdal, Aust-Agder.  
Austegard, Grundi Knutsson, Åseral, Vest-Agder.  
Austegard, Gyro Knutsdotter, Åseral, Vest-Agder.  
Austegarden, Kari, Lognevassdalen, Åseral, Vest-Agder.

Bakken, Ragnhild Knutsdotter, Gransherad, Telemark.  
Bandaksli, Sigri, Skafsdå, Mo, Telemark.  
Baugerud, Olav, Åmotsdal, Seljord, Telemark.  
Basgård, Grete, Kvinesdal, Vest-Agder.  
Basgård, Ole, Kvinesdal, Vest-Agder.  
Beiteli, Kari, Kviteseid, Telemark.  
Bergane, Guro, Skafsdå, Mo, Telemark.  
Berge, Andreas, Seljord, Telemark.  
Berge, Richard Aslaksson, Rauland, Telemark.  
Berge, Sigrid Richardsdotter, Rauland, Telemark.  
Bergestig, Kjersti, Bø, Telemark.  
Bergland, Asgjær, Skafsdå, Mo, Telemark.  
Bergland, Hæge, Kleivegren, Fyresdal, Telemark.  
Bergland, Tarjei Torgjusson, Kleivegren, Fyresdal, Telemark.  
Bergo, Ragnhild, Øvre Eksingedal, Evanger, Hordaland.  
Bilstad, Torbjørg, Skafsdå, Mo, Telemark.  
Birkjeland, Bjønn Åsmundsson, Valle, Setesdal, Aust-Agder.  
Bjøndøl, Olav, Bukkegren, Seljord, Telemark.  
Bjønnemyr, Hæge, Mo, Telemark.  
Bjønnemyr, Jorunn, Mo, Telemark.  
Bjønneskytte, Såve Ånundsen, Eidsborg, Lårdal, Telemark.  
Bjønnesta, Hege, Fyresdal, Telemark.  
Bjønnfell, Margjit, Bø, Telemark.  
Bjørnemyr, Olav Olsson, Mo, Telemark.  
Bjaaen, Hallvor Gunnarson, Vinje, Telemark.

Blekastad, Hallvor Ivarsson, Skjåk, Oppland.  
Borgjæ, Margret, Moland, Fyresdal, Telemark.  
Bratland, Brita, Vinje, Telemark.  
Brattedalen, Margit, Mo, Telemark.  
Brattedalen, Sigri, Fyresdal, Telemark.  
Bratterud, Dårdi, Bø, Telemark.  
Bratterud, Lars, Eidsborg, Lårdal, Telemark.  
Bratterud, Liv, Bø, Telemark.  
Brauti, Margret Gunnarsdotter, Vrådal, Kviteseid, Telemark.  
Brauti, Olav Geirmundsson (Hægland), Vrådal, Kviteseid, Telemark.  
Bregjilskos, Torbjørg, Skafsdå, Mo, Telemark.  
Breivi, Tjodvor, Bykle, Setesdal, Aust-Agder.  
Bringa, Jørn, Seljord, Telemark.  
Brotten, Gunnhild, Seljord, Telemark.  
Brotten, Karl, Seljord, Telemark.  
Brubakken, Olav, Seljord, Telemark.  
Bruhær, Anne Knutsdotter, Skafsdå, Mo, Telemark.  
Brække, Anne Nigard, Seljord, Telemark.  
Bråten, Margit, Seljord, Telemark.  
Byggland, Anne, Høydalsmo, Lårdal, Telemark.  
Byggland, Torgjus, Kviteseid, Telemark.  
Bøle, Hallvor, Tinn, Telemark.  
Bøle, Ingebjørg Østensdotter, Tinn, Telemark.

Christie, Gidsken Elisabeth, Hemne, Orkdal, Sør-Trøndelag.  
Christie, Johan Koren, Kristiansund, Møre og Romsdal.  
Crøger, Olea, Heddal/Seljord, Telemark.

Dahle, Isak Gundersson, Nissedal, Telemark.  
Dalastøyl, Gro Olavsdotter, Smørkleppgrend, Vinje, Telemark.  
Dalastøyl, Talleiv, Smørkleppgrend, Vinje, Telemark.  
Dale, Else, Åmotsdal, Seljord, Telemark.  
Dale, Knut, Tinn, Telemark.  
Dalen, Gunnhild B., Seljord, Telemark.  
Dalen, Hermod Larsson (Sæbersli), Mo, Telemark.  
Dalen, Hæge Olavsdotter, Øyfjell, Rauland, Telemark.  
Dalen, Olav Sveinungsson, Telemark.  
Donstad, Anne, Morgedal, Kviteseid, Telemark.

Dunderland, Ane Olivia, Dunderlandsalen, Mo, Nordland.  
Dølo, Hæge, Mo, Telemark.  
Daae, Bergitte, Jølster, Sogn og Fjordane.  
Daae, Ida, Sogn og Fjordane.  
Dårelaupe, Gunnhild Jørgensdotter/Jørundsdotter, Vrådal,  
Kviteseid, Telemark.

Edland, Knut Olavsson, Grungedal, Vinje, Telemark.  
Edland, Odd, Nigard, Grungedal, Vinje, Telemark.  
Eiki, Hæge, Fyresdal, Telemark.  
Eikland, Ingebjørg, Skafså, Mo, Telemark.  
Ekkre, Peder Jonson, Lom, Gudbrandsdal, Oppland.  
Espeli, Aaste Rikardsdotter, Eidsborg, Lårdal, Telemark.

Felland, Anne Søistog, Skafså, Mo, Telemark.  
Felland, Bendik, jfr. Sveigdalen, Bendik.  
Felland, Margit Austistog, Skafså, Mo, Telemark.  
Findreng, Hæge, jfr. Kilan, Hæge.  
Finkenhagen, Tomine, Tuddal, Hjartdal, Telemark.  
Fiskhyl, Anne, Seljord, Telemark.  
Flatastøyl, Tone, Vinje, Telemark.  
Flees, Birgit Persdotter, Mo, Telemark.  
Floten, Sigrid, Mo, Telemark.  
Folleigdalen, Birgit Torgeirsdotter, Vrådal, Kviteeid, Telemark.  
Folleigdalen, Gunnvor Targjeisdotter, Vrådal, Kviteeid, Telemark.  
Folleigdalen, Torgeir, Vrådal, Kviteeid, Telemark.  
Fossjord, Guro, Flatdal, Seljord/Kviteeid, Telemark.  
Frøyraf, Gunnstein Grundeson, Bygland, Setesdal, Aust-Agder.  
Fürst, Aase Kaasi, Brunkeberg, Kviteeid, Telemark.

Garnås, Agnes Buen, Tuddal, Telemark.  
Gibøen, Steinar Knutsson, Møsstrond, Rauland, Telemark.  
Gjordet, Gunnulv, Lårdal, Telemark.  
Gjuve, Gunnhild, Seljord/Lårdal/Kviteeid, Telemark.  
Glosimot, Olav Olavsson, Seljord, Telemark.  
Golid, Anne Olsdotter, Seljord, Telemark.  
Gotenborg, Leiuf Hallvardsson, Seljord, Telemark.  
Graff, Anders Olsen, Løyten, Hedmark.

Grasberg, Olav Olavsson, Kviteseid, Telemark.  
Grinderud, Knut, Lunde, Telemark.  
Groven, Kjærsti Kj., Seljord, Telemark.  
Groven, Margit, Haukeli, Vinje, Telemark.  
Groven, Marte Andresdotter, Brunkeberg, Kviteseid, Telemark.  
Gugarden, Hallvord Vetleson, Vinje, Telemark.  
Gunvaldjord, Margit, Vinje, Telemark.  
Guvorskaasa, Kari Olsdotter, Bø, Telemark.  
Gvåle, Torstein Reiarsson, Tuddal, Hjartdal, Telemark.  
